

Din veg

Av Olav H. Hauge



Ingen har varda den vegen
du skal gå
ut i det ukjende,
ut i det blå.

Dette er din veg.
Berre du
skal gå han. Og det er
uråd å snu.

Og ikkje vardar du vegen,
du hell.
Og vinden stryk ut ditt far
i aude fjell.

"Soria Moria", av Theodor Kittelsen.

Med meir um desse sakene:

Forfedre-triangelen i Ytre Nordfjord

Nyskapande nasjonalisme

Boksing og nevekamp i norskdømsjøborg

Postmoderne litteratur

I dette nummeret:

Megan Leo	Hornelen, Vingen, Hamnen: Forfedre-triangelen i Nordfjord	s. 2
Lars Bjarne Marøy	Vinstresida og Handke-ordskiftet	s. 3
Sondre Marhaug	Ordsmeden frå Hardanger	s. 4
Eivind Øyre	Nynorn, eit skriftmål vert til	s. 6
Lars Bjarne Marøy	Frå beinveges umsetjing til norsk	s. 7
Nils Tore Leivdal	Karl Straume, kunstnaren ved Hovdevatnet	s. 8
Megan Leo	Skaparevna	s. 9
Olav Torheim	Intervju med Dee Ex	s. 10
Stig Andresen	Of Runes & Men-festival i Leipzig	s. 12
Stephan Krämer	Fuglane i hagen	s. 13
Sylvain Timsit	Dei ti manipulasjonsstrategiane	s. 14
Jens Richter	Delstatsval i tri tyske delstatar	s. 15
Stephan Krämer	Og me gjev etter...	s. 16
Olav Torheim	Primo de Rivera - nyskapande nasjonalisme	s. 18
Olav Torheim	Boksing - idrotten som vekkjer krigaren	s. 20
Olav Torheim	Fensal frå leikarring til boksering	s. 21
Lars Bjarne Marøy	Postmoderne litteratur	s. 22
Bjørn Tobiassen Heieren	Rene Descartes og det moderne prosjektet	s. 26
Ådne Øsleby	The Wicker-Man	s. 27
Lars Bjarne Marøy	Murakimi: Frå 1Q84 til fargeløysa	s. 28
Christian Veland	Michel Houellebecq	s. 31

Hornelen, Vingen, Hamnen: Forfedre-triangelet i Ytre Nordfjord

Av Megan Leo

Det er mange mystiske stader kringum i verdi - då tenkjer eg både på stader som det knyter seg mytar og segner til og stader som berre i seg sjølve vekkjer kjenslor og indre kraft. I Bremanger i Ytre Nordfjord finn me ein stad som hev alt dette på ein gong.

Heksefjellet Bloksberg i Tyskland er nok kjent millom dei fleste, men dette er berre eitt av mange magiske og myteumspunne fjell. Til dømes hev me i Austerrike fjellet Untersberg som vert sagt å vera heimen åt keisar Friedrich Barbarossa - som sov so lenge ramnane kann fljuga. Det vert sagt at han kjem til å vakna når folket atter treng honom som mest. Eit anna mystisk fjell i Austerrike er Grossglockner. Dette fjellet er den høgaste toppen i regionen, men det mest hugtakande er at fjellet ligg på det som skal vera ei kraftfull Ley-lina. Her samlar det energi som det strålar ut i universet.

Noreg hev sine eigne mytiske og mektige fjell. Me hev til dømes høyrte um Lyderhorn i Bjørgvin - eitt av dei sju fjelli i byen, der den gamle folketrui fortel at heksene dansar ved vintersolvindingi - i lag med trugande demonar. Slik skulde dei forheksa dei stakkars kristne som budde i nærleiken.

Heksefjellet Hornelen

Eit mindre kjent heksefjell finn ein i Nordfjord. Det er Hornelen, som er best kjent for å vera den høgste sjøklippa i Nord-Europa - med 860 meter frå toppen og rett ned i havet. Fjellet er i seg sjølv eit mektig og majestetisk syn. Her med fortel folkediktingi um hekser som møttest på jolaftan og jonsokaftan for å dansa og halda fest saman med Styggen sjølv. Um hekser på Hornelen heiter det at at dei kom flygande til fjellet på sopelime - eller flygande på ryggen åt ein saudebukk. På Hornelen åt dei både lutefisk og løfse og andre godsaker - og Styggen skreiv dei inni boki si med blodet deira.

I ei av segnene vert det fortalt um ei trollkjerring som hadde tenkt ut eit lurt triks for å hindra at mannen hennar skulde finna ut kva ho dreiv på med um natti: Ho henta ei kvit geit i fjøsen og lagde geiti i sengi fyre ho sjølv flaug til Hornelen...

Det finst elles ei rad segner som knyter både Olav Trygvason og Olav den heilage til dette fjellet. Hornelen er helder ikkje so langt frå Berle, der den mektige Kveldulv - bestefar åt Egil Skallagrimson - hadde setet sitt. I vikingtidi vart toppen på fjellet kalla for Smalsarhorn (Saudehornet), medan den nedste parten på fjellet framleis den dag i dag vert kalla for Helen. Jacob Aaland skriv i den gamle bygdeboki for Davik Herad at namnet som ein nyttar i dag, Hornelen, kann vera ei samanstilling av desse tvo opphavlege namni.



Hornelen, sedd yver Frøysjøen frå Vingen.

Altso Horn-helen.

Kultiske bergbilæte i Vingen

Um me ser på dei arkeologiske funni i regionen, so er det verdt å merkja seg at ein rett i nærleiken - beint yver Frøysjøen - finn det største helleristningsfeltet i Nord-Europa, Vingen-feltet. Det hev um lag 2200 figurar. Dei eldste bergbilæti er so gamle som 6000 år.

Endå um folk på denne tidi hadde mykje meir fritid enn det folk hev i dag, so vart ikkje desse bergbilæti laga berre for moro skuld. Snarare tvert imot, arkeologane meiner at bergbilæti i Vingen tente rituelle og kultiske fyremål. Og på same måten som det mykje seinare skulde verta med med runane, so var det einast nokre fåe personane som vart tiltrudde kunsten å laga bergbilæte.

Um ein ser på kartet, so ser ein at Vingen er ein stad som er vandsleg å koma åt til fots. Trulegt hev folk kome til Vingen med båt ved serskilde høve, som ved heidenske festdagar. Her hev dei freista å koma i kontakt med gudane - som ein kann sjå på som abstraksjonar av krefter i naturen og menneskesinnet.

Tidlegare hev ein trudd at helleristningane i Vingen var knytte til jakt, men denne teorien hev arkeologane gjenne burt frå. Det er mange bilæte av hjort i Vingen, likevel er det ingen bilæte som skildrar jaktscenar. Dessutan so veit ein frå keltisk folketrui at hjorten er eit dyr som rømer etter måten mange mytiske funksjonar. Elles so finn ein bergbilæte av menneske der hovudet hev opna seg, og dette er trulegt bilæte av menneske som hev nådd eit sjamanisk ekstasetilstand.

Steinalderbuplassane kring Skatestraumen

For nokre tiår sidan vart det vedteke at Bremangerlandet skulde knytast til fastlandet med bruer og undersjøisk tunnel, og i samband det det byrja ein å gjera utgraving langs det planlagde vegstrekket. Kring Skatestraumen kom ein då yver meir enn 150 forhistoriske buplassar. Ingen andre stader i Sud-Noreg finn ein so mange buplassar med so tjukke busetnadslag.

Skatestraumen lyt soleides ha vore eit slags

senter for steinalderkulturen på Vestlandet. Her budde trulegt menneski som valfarta til Vingen med båt. Og um ein ser på kartet, so danar det seg heilt naturleg eit triangel millom buplassane på Hamnen i Skatestraumen, kultplassen i Vingen og det myteumspunne heksefjellet Hornelen. Denne geometrien hev vore ein part av den heimstadbundne spiritualiteten åt steinaldermenneski i Nordfjord, tenkjer forskarane i dag.

Um ein gjeng so langt attende i tid som 6000 år, so var det eit heilt anna samfund enn i dag. Folketalet var sers lite, og det var soleides nok å eta for alle. Folk laut nytta langt mindre tid på å arbeida enn det ein lyt gjera i dag, og tidi var soleides ledig til å driva med andre slags syslar. Ein må hugsa på at dette var i tidi fyre jordbruket hadde vorte utvikla. Etter denne tidi auka folketalet sterkt, og arbeidet med jordi tok det meste av kreftene åt folk. I hinduismen er denne nye tidi kalla for Kali Yuga, ein endetidspolk der folk misser den direkte kontakten med det heilage med di dei vert bundne upp i det materielle.

Fotavtrykk frå forfedrane

I heile Europa finn me slike fragment frå fortidi. Dei er ikkje so lette å få auga på, men dei er der. Det er ovringar som kann vekkja den åndelege sanseevna vår og kveikja oss til refleksjon yver vårt eige opphav. På same måten som ymse slags urfolk i dag so hadde jamvel våre eigne forfedrar tilgang til ein heimstadbunden, sjamanisk religion. Denne innfødde religionen gav dei høve til å koma i kontakt med dei kraftfulle, livgjevande - og jamvel øydeleggjande - kreftene i naturi og i universet. Jamvel um nokre av desse brotstykki hev yverlevt upp til i dag - med segner um hekser, trollmenn og demonar - so er desse segnene tufta på røynelege og heilage åndelege skikkar.

Um me vågar å sjå nærare på naturovringane ikring oss, so finn me fleire og fleire stader som er fulle av kraft. Dei er ei kjelda til undring, dei knyter oss til forfedrane våre og vekkjer attende interessa for den fyrrikstelege, nordiske soga vår.

Vinstresida og Handke-ordskiftet

Av Lars Bjarne Marøy

Vinstresida er merkt av at det er viktig å tenkja rett um ulike slags tema. Sanningi vert fyrst viktig for vinstresida etter at dei hev funne ut kva som er rett. Slik sett er ikkje ytterkantane i politikken so ulike frå alle oss andre. For dei fleste av oss hev visseleget gjort oss upp meiningar um kva me meiner er rett i ulike slags høve. Skilnaden er at me er viljuge til å revidera desse oppfatningane frå tid til anna, når me ser at det me tenkte ikkje stemmer med det me sidan hev sett, høyr og upplivd. Er ein open for at det finst alternative løysingar og andre måtar å tenkja på, so lyt ein samstundes vera viljug til å endra meining um kva som er rett og gale.

Slik sett sluttar det aldri å undra oss at venstresida stødt let til å ha fasitsvaret på alle spursmål som dei greider å politisera. Nokre gonger er folk som driv med kultur på eit so høgt og abstrakt nivå at vinstresida ikkje let høyra frå seg. Eller so hev dei kome til at det er ymse tema som ein ikkje kann ordskiftast eller ytra seg um. Han skal ha god rygg, han som dreg fram slike saker og spursmål for vinstreaktivistane, for då er ein verkeleg ein mann som ikkje hev fatta at slikt skal ein ikkje snakka um – det er reaksjonært – må vita.

Men no er det kulturpolitikk som hev vorte fronta av avisa Klassekampen. Forfattaren Peter Handke hev fenge Ibsen-prisen, og Øyvind Berg rykkte sterkt ut 9. og 10. september i haust. Me lyt koma attende til ordskiftet um litteraturen til Handke, men i det innlegget som starta ordskiftet um Handke legg Øyvind Berg fram nokre tankar um politikk som det kann vera verd å gå nærare inn på – sidan dette er eit ordskifte som vinstresida sjølv tek upp.

Øyvind Berg meiner at den politiske ekstremismen er veksande, og det kann vera at han hev rett i det. Men veksande kann vera so mangt. Kommunismen var vel ekstremisme, han med, og etter 1989 hev han tapt seg. For dei som hugsar 1970-talet med sin maoisme – og for den del stalinismen um ein gjeng endå lenger attyver – so er det vanskeleg å segja kva som er veksande og kva som gjeng attende. Og for vinstresida sin part kunde ein leggja til mykje. Høgresida er helder ikkje uskuldrein når det kjem til brot på menneskerettane, korkje i Latin-Amerika eller andre stader i den store verdi. Jamvel i eitt av verdsens mest folkerike land, Indonesia, slakta det høgoreorienterte Suharto-regimet ned hundratusundtals menneske frå vinstreopposisjonen. Dette er det ikkje so altfor mange tiår sidan. Um ekstremismen her heime er mindre eller større? Tja, hadde han vore veksande, hadde vel verdi sett endå verre ut enn det ho gjer i dag.

Ekstremisme innanfor islam kann visseleget dragast inn, det med. Dagferske døme hev me både frå Syria, Irak, Mali og Nigeria. Men me skynar snøgt at det er høgerekstremisme som er det som er meint, og her er det

ikkje so mykje som skal til når ein ser det frå vinstresida. For det er Europa som er mælestaven for Berg, ikkje resten av verdi. Og då skal ein ikkje lengre enn til Sverige, der forfattaren og journalisten Henrik Arnstad for ei tid sidan umtala Frp som eit fascistisk parti – eit påstand som nylegt vart sett fram att i Aftonbladet på leidarplass! Ja, i so fall er det nok av fascistar kringum i verdi. Når slike parti som Frp og andre som stend lengre til høgrevinn fram, so hev vinstresida ein lang historikk for å laga allegoriar til 1930-talet. Dei um det.

Det er snart 20 år sidan Bosnia-krigen tok slutt og um lag 15 år sidan Kosovo-krigen var yver. Dersom ein skal lesa Berg rett fram og byggja på det han segjer, so let det til å vera ein ekstremisme yveralt i politikken i Europa, men Serbia er verst. Han skriv: “Over hele Europa vokser ekstremismen på begge sider av det politiske spekteret, og ingen av disse bevegelsene har større utbredelse i sitt befolkningsgrunnlag enn de serbiske ultranasjonalistene.” Det er ikkje til å stikka under ein stol at det er mange krigsbrotsmenner, og mange som hev vore i krig i Serbia, kannhenda er jamvel dei fleste og dei mest ekstreme frå Serbia. Men derifrå til å segja at det er det einaste ein skal ha lov å meina um krigen på Balkan? Det er neppe rett, jamvel for dei mest ytterleggående kreftene som finst her i landet. Berg segjer helder ikkje noko um bosniske muslimar eller um kroatiske krigsbrotsmenner. Finst dei ikkje i hans verd?

Motlegg hev meldt seg. Kaj Skagen rykkjer ut i eit bladstykke i Dag og Tid 17. oktober. Han peikar på at Handke ser det slik at Vesten må bera ein stor part av andsvaret for at Balkan-krigen braut ut. Vesten var tidleg med å godkjenna Slovenia og Kroatia som sjølvstendige statar. Det er utgangspunktet for Handke då han byrja å interessera seg for stoda på Balkan.

Handke skriv skildringar frå reisoene sine på Balkan i ei minimalistisk form og vert skulda for at han ikkje viser medkjensla med krigsofferi. Det hev vorte hevda at han neittar for masseavrettingar som den i Srebrenica. Men i ei lang etterskrift i den eine boki si gjeng forteljaren langs elva Drina, ikkje langt frå Srebrenica, og her snåvar han i ein barnesandal som stikk upp frå sanden og minnar um redslone i krigen. Då skriv han (umsetjing frå Skagen 17.10.2014):

«Du vil vel ikkje òg stilla spørsmål ved om Srebrenica-massakren skjedde?» spurde S. meg då eg var komen heim. ‘Nei’, sa eg. ‘Men eg vil spørja etter forklaringa på korleis ein slik massakre kunne verta utford føre augo til verdsålmenta, som ein seier, og dessutan over tre år etter at, som det vert hevda, alle partane i krigen, jamvel krigshundane, var vortne trøytt av drepinga, og dessutan vil eg vita korleis dette kunne ha skjedd, som det vert sagt,

Målmannen

Utgjevar:
Samorganet Målmannen

Tilskrift:
Målmannen
Postboks 599 Sentrum
5806 Bergen

Bladstyrar:
Olav Torheim
Epost: olaveth@gmail.com
Tlf: 99156428
Skype: fivrel25

Netstad:
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten!

so me ei organisert, systematisk, langt i forvegen planlagd avretting.’ Kvifor denne nedslaktinga av tusenvis? Kva sette det i rørsle? Kva var meininga? Og kvifor får vi berre tilbode over disk dei nakne, lystne, marknadsorienterte fakta og skinfakta? Kvifor ikkje ei utforsking av årsakene utover det utilstrekkelege snakket om ‘psykopatar’?»

Desse synspunkti meiner me det er grunn til å tenkja yver. Målmannen hev ikkje gjort seg upp nokor endeleg oppfatning korkje um Handke eller dei som diskuterar meiningane hans. Me vil derimot vita meir um både det eine og hitt. Det er difor me skriv og gjev ut blad.

Hugs å melda frå um ny tilskrift dersom du hev flutt sidan sist!

Hugsa bladpengane for 2015!

Giro er stifta inn i bladet.

Me er ikkje so mange enno, men me er ihuga og me er i jamn og trygg framgang. Alt arbeid med Målmannen vert gjort på dugnad, og me prentar bladet på billegaste måten. Vil du ha mest moglegt målsak att for pengane, so styd Målmannen!

Ordsmeden frå Hardanger

Av Sondre Marhaug

«Eit ord kan gjera jøtulverk, / og lever endå mannen fell», skreiv Olav H. Hauge i Song til stormen (frå Glør i oska, 1946). Det hev gjenge tjuge år sidan dikteren døydde (23. mai 1994), men ordi og dikti hans hev gjenge yver i saga og fenge plass i mangt eitt norsk hjarta.

Ljå og penn

Olav Håkonsson Hauge vart fødd i 1908 i Ulvik i Hardanger. Han gjekk på hagebruksskule på heimbygdi og gjekk fire år i gartnarlære. Frå dagen han vart ferdug med opplæringi levde han av fruktdyrking på kårbruket han åtte i Ulvik og gartnararbeid i hagar ikring i bygdi.


Tenkjer ein på kjende diktarar, ser ein straks fyre seg udøyelege legendar som Baudelaire, Byron eller Bukowski: Geniale og angstfulle sjeler som levde korte og lidenskapelege liv og døydde tidleg (meir eller mindre). Olav Hauge var ikkje den typen mann, ikkje ein «sex, drugs & rock'n'roll»-kar i det heile, for å segja det slik. Ein smålåten, blyg harding som budde heile livet på heimbygdi si og dreiv med hagebruk. So greidt er det å portrettera «honom Olav».

Attåt hagebruk var det noko anna den unge Olav Hauge interesserte seg veldig mykje for: litteratur, serlegt dikt. Då han var tenåring, fekk han ei veksande interessa for diktarar og verki deira, og under læreperioden byrja han skriva egne stykke. Han kunde visst ikkje ana det på den tida, men det skulde verta nett den uvanlege tidtrøyta hans som gjorde gartnaren til «skalden frå Hardanger».

Hauge var interessert i språk òg: På mil-lomskulen lærde han engelsk og tysk, og på eigi hand lærde han seg fransk. Han odla dei tri framandspråki og utvikla særns god kunnskap i dei gjennom lesing, omsetjing og attdikting av framande dikt.

Hauge hadde stundum psykiske problem frå ungdomstidi til upp i femtiårsalderen, og han var difor innlagd på sjukehus etter måten mange gonger. Dessutan var han korkje sjølvtrygg eller serlegt utetervend då han var ung. Alt dette gjorde at han tok til i utkantane av den litterære institusjonen; frå 1927 til 1946 fekk han prenta ei god mengd egne og umsette dikt, men berre i lokale avisor.

Endå han byrja å skriva sers tidlegt, debuterte han ikkje med bok fyre 1946, då han alt var 38 år gamal: Glør i oska heiter Hauge sin fyrste diktsamling, utgjevi på Noregs Boklag. Dikti i boki er heilt tradisjonelle når det gjeld form og stil. Der er



Olav H. Hauge på kjende trakter.

strofer, det er enderim og heller fast metrum, dikti er lange og det er òg mange tydelege religiøse og episke tilvisingar (endåtil komplisert biletspråk til liks med norrøne kjenningar og tung, mest bibelsk språkbruk) - boti form i all si prakt. Emnet til samlingi kjem beint or den romantiske tradisjonen. Mannen og naturen er hovudpersonar i dei fleste dikti og temaet er mest alltid knytt til «det sublime», og menneskja sitt endelause og uløselege hat/kjærleikstilhøve til livet og verdi. Pessimisme og blytungt verdigt huglag er lykjelord i Glør i oska-perioden.

*Eg er berre ein gneiste
av den store eld.
Og som eg kveikest i myrkret,
Skal eg slokna ein kveld.*

*Eg er den bylgja som brusar
i denne stund,
med nye fødest og fyllest
og gamle sig i blund.*

Slik lyder dei tvo fyrste strofene av I dag og i morgon, fyrste dikt i samlinga, og eit av Hauge sine mest kjende stykke.

Frå romantikken til Dinggedicht og modernisme

Etter debuten kom det nye bøker med egne dikt kvart femte år upp til 1971. I 1951 kom Under bergfallet og i 1956 Seint rodnar skog i djuvet. Med desse verka byrja dikteren å prøva seg på det frie verset.

For i dagboki hans, som han skreiv frå han var 15 år gamal og upp til dauden, gav

Hauge uttrykk for tvil mot tradisjonelle former. På den tidi byrja han å tykkja at bundi form ikkje var det mest høvelege valet for diktingi hans - sidan ho ofte gjekk på kostnad av det poetiske. Det er karakteristisk nok at utanum sonettar, som finst i heile produksjonen, gav han i alle høve ikkje upp korkje strofa eller rimet som retoriske middel, men valde stødt greidare og mindre faste strofer. Han gav dikt med enderim ei smal ytre form, ofte med di han kløyvde tradisjonelle metriske liner upp i tvo eller fleire stuttlinor. Det gjev ei kjensla av at det vert lengre millom rimi, og rimsetjingi fær ein meir irregulær, sermerkt og individuell verknad.

Eit typisk sermerke frå Hauge si dikting på 1950-talet er det å stå nær folkediktingi, men samstundes gjera vegen stuttare og stuttare til fri verseform. Han bruka gjerne sokalla aksentvers, der talet på trykkunge stavingar i lina er fast, medan talet på trykklette kann ymsa. Dette er viselegt ei kav tradisjonell form, men lét samstundes meir fridom til dikteren. Ved å eksperimentera med denne svingande balansen mellom tradisjon og fornying, gleid Hauge meir og meir yver til det siste, og enderimet vart ofte eit uttrykksmiddel i fri verseform. Det er viktugt å skyna at det ikkje er som um han miste styringi på stilen og diktingi si: Han skifte frå den eine formi til hi på ein dørgande medviten måte, han var vel ikkje amatør lenger!

Når det gjeld emnet, syner dikti hans Hauge ein slags dubbel bakgrunn alt frå fyrste stund. I egne dikt hev bilætspråket heilt klårt utgangspunkt i bygdelivet og

naturi, men samstundes kjem det fram ei svært utfemnande interessa for litteratur. Dette syner seg i omsetjingsfreistnader både av mindre kjende engelskspråklege forfattarar og av store namn i engelsk tradisjon som William Shakespeare og Robert Browning. Endå han ikkje hadde formell utdanning innanfor litteratur eller litteraturhistorie, var han tolleg godt orientert i både eldre og nyare europeisk lyrikk, takk vere lesing, sjølvstudium og original umarbeiding av kjende tema frå før i tida.

Ansen og vyrnaden for andre lyrikarar finst både ope og meir umveges med dialog og samvære med eldre og sumtid samtidig poesi og annan litteratur og kunst, til dømes i diktet Til Shelley (1951).

Dialogen med litteraturverdi og forenkling av forma gjennom fritt vers og lettare språkbruk er dei to hovudprinsippi Hauge bar fram i samlingi På Ørnetuva i 1961. Her finn me dikt som Til eit Astrup-bilete (dialog med kunst), Eg dreg ifrå glaset (naturi, men ikkje idealisert som i byrjingi) og Til Li Po (lovord til kinesisk poesi). Hauge vart smått om senn serskilt uppteken av klassiske kinesiske dikt, han såg serskilt opp til den einfelde stilen og den soleklære språkbruken. Inngjevnaden frå kinesisk dikting er noko Hauge dyrka og synte fram i egne stykkje frå 1961 og opp til si siste samling.

På Ørnetuva gjorde at Hauge endelegt fekk koma fram i det litterære ljuset i Noreg: Han vann Norsk Litteraturkritikerlags pris og boki kom i nytt opplag vetteren 1962 med etterord av kritikaren Ragnvald Skrede. Boki vekte serskild åtgauv hjå mange av dei unge forfatarane som steig fram kring studenttidsskriftet Profil i slutten av 1960-åra (millom anna Jan Erik Vold og Dag Solstad). Det frie verset var ytringsformi diktaren helst vilde nytta seg av, og dette såg resten av litterærscenen i Noreg på som eit fornyande og positivt trekk. Det vart òg lagt stor vinn på at bilætspråket var endeframt og sansenært, og at ein ikkje tolka bilæti som symbol eller allegoriar av di dei alt fungerte poetisk. Hauge fokuserte rett og slett berre på tingi sjølve og ikkje på tydingi deira, for han meinte at det siste kom til å syna seg naturleg um det fyrste var godt nok skildra.

Denne eksistensialistiske modernismen vert gjennomført endå meir i Dropar i Austavind, utgjeve i 1966. Her finn me stutte, jordnære og ofte kyniske (men ikkje vonbrotne) tankar, som funkar poetisk i seg sjølve, mest utan nokon innsats frå lesaren. Hauge held fram med dialogen med lyrikarar og forfatarar i dikt som t.d. Leiv Eiriksson og Bertold Brecht. Attåt dette fær me lesa ekte metapoetiske dikt, altså dikt

som dreiar seg om sjølve diktet eller måten å dikta på. I denne samlingi hevjar Hauge si leiting etter den «rette» språkbruken seg til eit høgare nivå. Diktaren er i samtale med andre, eller berre tenkjer, og diskuterer diktingi si, endå um forbettringsprosessen ikkje er ferdug enno.

*Eg har tri dikt,
sa han.*

Seg telja dikti.

Emily kasta dei

i ei kiste, eg

kan ikkje tru ho talde dei,

ho sprette berre ein tepakke

og skreiv eit nytt.

Det var rett. Eit godt dikt

skal lukta av te.

Eller rå mold og nykløyv ved.

Slik ser diktaren Emily Dickinson fyre seg, det var ikkje æresjuka som gjorde at ho skreiv nye dikt. Både ho og Hauge fær inngjevnad og emne frå kvardagen: Ein lyt ikkje skapa det poetiske ved å gøyma bilæti attum gruvla tankar, alt kann verta poesi so sant ein kan dikta. Dette huglaget til dikting er det Jan Erik Vold kallar for tingdikt, etter det tyske uttrykket Dinggedicht (brukt for å skildra dikti hans Rainer Maria Rilke, ein av dei aller fyrste modernistane i Europa).

Desse tingdikti eller «nyenkle» dikti som dei også hev vorte kalla var visselegt ein reaksjon mot symbolsk dikting, men meir enn anna var målet å endelegt få ei røyngleg dikting, og det som stimulerte diktaren å leita etter det poetiske i kvardagen. Ein vilde skriva om dei småe og einfelde tingi - det verkelege - og hava ein direkte samanheng millom uttrykk og innhald. I diktet Vers ytrar Hauge seg akkurat om målet til modernistisk dikting – og slengjer òg nokre vittige spitorde mot bror hans Oddmund, som var snikkar og visst ikkje oppmuntra Olav til å dikta:

Kan du gjera eit vers

som ein bonde tykkjer mun i,

skal du vera fornøgd.

Ein smed vert du aldri klok på.

Verst å gjera til lags er ein snikkar.

I 1971 kom Spør vinden ut, Hauge si siste «ekte» diktsamling (Janglestrå vart gjeve ut i 1980 som ein del av Dikt i samling). Her er ikkje store umskifte i stil og form jamført med Dropar i Austavind og På Ørnetuva, men det er likt til at leitingi etter den lette og klåre uttrykksmåten er komi til ei nokolunde fullnøygjande stoda. Slik skriv Hauge i diktet Eg ser du har lært:

Eg likar

at du

brukar

få ord,

få ord og

stutte setningar

som driv

i ei skurbye

nedetter sida

med ljøs og luft

imillom.

Eg ser du har lært

å rigla upp

eit vedlad i skogen,

godt å leggja det

i høgdi

so det turkar;

legg ein det lågt og langt,

ligg veden og røytest.

Metadikt heile vegen her: Visuelt kann diktet sjåast som eit vedlag med uppskrift på korleis ein skal bruka orda. Attåt dette fylgjer diktet dei same reglane det gjer framlegg um å bruka (fåe ord / ogstutte setningar / som driv / i ei skurbye / nedetter sida). Tema er kvardag og einfelt handarbeid, språkbruken er lett og openljøs, det poetiske ligg i sjølve diktet, ikkje i tolking, og det heile er vent og velklingande. Dette diktet oppsummerer godt heile poetikken hjå Hauge, tykkjer eg.

Audmjukt flogvit

Olav H. Hauge døydde i 1994, men alt frå 1980 av var han slutta å gjeva ut egne dikt. Han gav likevel ut 6 samlingar med originale omsetjingar og attdiktingar av framande dikt og nokre einstaka ymse prosjekt, som biletboki ABC, utarbeidd saman med kona Bodil Cappelen, med eit rim til kvar bokstav i alfabetet.

23. februar 1981 intervjuar Bergens Tidende diktaren um Janglestrå og planane hans for framtid. Då Hauge vart spurd um korleis det var med engasjementet hans i det sosiale og intellektuelle miljøet, so svarte han:

«Kva eg hev vilja med dikti mine torer eg ikkje svara på. Skam å segja det so hev eg aldri trutt at eg kunde reformera verdi, men eg kjenner vyrnaden for dei som trur dei kann det. Det er berre det at sume er fødde pessimistar, og eg er absolutt pessimist. Tryggaste det.»

**Sank ein tingar til
høgnorskbladet
Målmannen!**

Nynorn: Eit skriftmål vert til

Av Eivind Øyre

Folki på Hjalmland og Orknøyane vernar den gamle arven sin med mykje byrgskap. No vil sume av deim jamvel vinna det gamle målet sitt attende or gløymsla. Nynornprosjektet vert leidd av ein mann som kallar seg <<Hnolt>> Han ynskjer fyrbils ikkje å få namnet sitt på prent.

Prosjektet vart skipa i januar 2006, men det var fyrst i februar 2007 at arbeidet byrja for fullt. Då eg spurde honom kven som er med på prosjektet, svara han at det er vanskeleg å segja. For det er eit hobbyprosjekt det dei som ynskjer det kan koma med sitt tilskot når dei hev tid.

Etter opplysningane eg hev fengi, er det fire eller fem kjernemedlemer i gruppa. Då eg spurde honom Hnolt, um det er mange på Hjalmland som ynskjer å byggja målet sitt oppatt, svara han;

“Nei eg trur ikkje folki her på Hjalmland(deira namn på Hjalmland) og Orknøyane krev nokor atterreising av norn, av di folk flest ikkje hugsar noko slag av det. Endå um nokre fåe ord og uttrykk hev yverlivt og framleides er mykje nytta. Dei som hev hug til språkviitenskap er meir upptekne av å taka vare på den lokale skotsk-engelske dialekti... Det dei trur dei veit, er at norn er tapt og ikkje lenger moglegt å henta fram att.”

Etter at Hjalmland og Orknøyane kom under skotsk herredøme på 1400- og 1500.talet, fekk norn litt um litt minkande vyrd. I buarane på øyane, som i storparten kom frå vestkysten av Norig, tala ein lokal variant av norrønt mål (difor NORrøN).

Då skottehandelen var på sitt idugaste på 1600-talet, gjekk mange båtar (sokalla hjeltebåtar) att og fram millom Hjalmland og Sunnhordaland. Nordmänner og Hjaltlendingar skyna kvarandre godt (dette kan ein lesa um i lokalhistoriebøkar frå Sunnhordaland).

Då reformasjonen kom til øyane på 1560-talet, vart skotsk nytta i skulane. Og då den engelske versjonen av bibelen kom i 1740, vart norn ikkje lenger nytta på storparten av øyane.

Sakte men sikkert vart skotsk lokalmålet.

Det var berre nokre fåe ibuarar i fjerntliggjande bygder og grender som heldt fram med å tala målet. Det var ikkje fyrr tidlegst på attanhundratalet at dei fyrste skriftene på norn vart skrivne, og målet døydde snart ut. Eldre vilde ikkje læra burt "den gamle skiten" til barneborni sine.

Nynorn, atterreisingsfyretaket, er enno på fosterstadiet. Men utviklarane er heilt klåre på det at dei freistar skapa eit livande mål, både i tala og skrift, bygt på det som stend att av norn. Nynorn skal verta slik dei trur norn hadde vorti um det hadde yverlivt til i dag.

Dei nyttar dei fåe kjeldone dei hev som best dei kann, men må sume tider ty til hjelp frå dei hine nordiske språki for å tette att høli. Dei ynskjer å gjera meir stoff um norn tilgjengelegst på veven au.

Visst laut eg spyrra honom Hnolt um han ser på Ivar Aasen som ei inspirasjon-skjelde. Han svara:

“Ivar Aasen var ikkje hovudinspirasjonen min, men eg hadde arbeidet hans i hovudet då eg skipa prosjektet, måvita... Hovudinspirasjonen min var sjølve interessa mi for norn...”

Han dreg dessutan fram kor viktugt arbeidet åt den færøyske språkforskaren Jákup Jákupson(1868-1918) både var og framleides er for honom og prosjektet, sidan so godt som alt arbeidet byggjer på Jákupson si forskning. Prosjektet hadde vore umoglegt utan honom, fortel han.

Det vetle som vart skrivi um norn (t.d. av Jákup Jákupson) tyder på at målet med tidi hadde tileigna seg etter måten mange austnordiske drag (t.d. at harde konsonantar vart mjuke), endå um målet historisk sett var vestnordisk. Og det var det nok opphavlegt au, for på dei mest avsides øyane fann ein klåre vestnordiske drag (millom anna på øyen Foula, som hev namnet sitt frå det norrøne Fuglaey).

Tonefallet i dei ymse dialektane er svært likt det på Vestlandet, og er eit av dei tydeligaste teikni på den norske avstammingi deira. Dobbel l [ll] vert til [dl] i dei vestlegaste dialektane (som på Foula), medan han vert palatalisert [lj] i innlandet.

Det same gjeld dobbel n [nn] som vert til [dn] og [nj]. Desse ljodane finn me att millom anna i Sogn og Fjordane og Trøndelag her i Norig.

Målet var historisk tett knytt til færøysk, noko som er naturlegst av di øyane er so nære kvarandre. Det er ikkje godt å segja kva som gjer at det i sume dialektar er samanfall med austnordisk og andre stader med vestnordisk. Kann hande skriv det seg frå nært samband med andre stader i Norden, kann henda er det frittstandande utvikling. Det at målet hadde likskapar med svenskt er endå ei gåte, sidan me ikkje veit

um noko nemneverdugt samband millom Sverige og øyane i vest. Blandingi millom dei aust- og vestnordiske trekki, gjev målet eit heilt eigi framtoning. Noko som berre er bra. Det skal då verta deira eigi mål, ikkje ei blanding millom islendskt og danskt.

Mållæra er rimelegt vanskeleg jamført med den norske, men ikkje like gali som den islendiske. Nynorn hev t.d. eit mykje meir umfemnande kasussystem enn moderne norskt (t.d. nemnefall eintal: hest. Sidefall fleirtal: heston). Det er ei rad likskapar millom nynorn og nynorsk, serskilt i namnordsbøyggingi.

Formverket til nynorn er enno ikkje sett, og so lengi det held fram slik, kjem det til å vera vanskelegst å spreida målet. Prosjektet hev sitt eige ordifteforum på verdsveven. Dette forumet dreg til seg språkhugne frå heile Europa, og so godt som alle hev innspél. Men det er fåe som tek seg bryet med å faktisk læra seg språket.

Om ein hev hug til det, kan ein gå inn på forumet og ordskiptast um målvoksteren der. Inspél er sers velkomne. Det er eit einestående høve til å vera med på å dyrka fram eit heit nytt nordisk mål!

NOKRE FAKTA UM HJALTLAND, ORKNØYANE OG NORN

- Hjalmland(Shetland) og Orknøyane(sume tider kalla Vesterøyane) ligg rett nord for Skottland, og mange nordmenn slog seg med der i Vikingtidi. I dag høyrer øyane til Storbritannia.
- Norn; den norrøne dialekti som vart tala på Hjalmland og Orknøyane frå vikingtidi fram til slutten av 1800-talet.
- Nynorn er eit friviljugt prosjekt der ein freistar å atterreisa norn til ein ny målform som kan verta nytta på øyane i dag.

Døme på norn frå Foula(Hjalmland) Fadervår, 1774:

Fy vor or er i Chimeri. Halaght vara nam dit.

La Konungdum din cumma. La vill din vera guerde

i vrildin sindaeri chimeri.

Gav vus dagh u dagloght brau.

Forgive sindorwara

sin vi forgiva gem ao sinda gainst wus.

Lia wus ikè o vera tempa, but delivra wus fro adlu idlu.

For do i ir Kongungdum, u puri, u glori, Amen.

Frå beinveges umsetjing til norsk

Av Lars Bjarne Marøy

Bladmenner treng kjeldor når dei skal skriva, og det er ikkje alltid like lett å få tak i kjeldor når ein ikkje kann fara ikring. Kor som er, i dag ligg verdsveven der med uante høve til å skaffa seg kunnskap um det meste. Då er det ikkje rart um mang ein bladmann vert sitjande med tekster på engelsk som dei freistar få yver til norsk målbunad. På vegen kann det skje mangt og mykje med språket.

Ein kann vel tenkja seg at yverskrifti um at ein «Britisk minister trekker seg over Gaza-konflikten» heng saman med ei slik låk umskrivning. Folk «diskuterar yver» og «trekkjer seg yver» ting på engelsk, men på norsk kling det ikkje godt å ordleggja seg slik. Me vil vel segja at einkvan dreg seg attende grunna Gaza-konflikten eller at ein ordskiptast um eitkvart eller hev diskusjonar kring eit spursmål.

Med internettet kom anglonorsken for fullt

Klisjeen um at ein stend opp mot noko, han kjem seg vel av det engelske uttrykket «stand up against». Uttrykket hev vorte teke uppatt mange gonger i engelske filmar og vert nytta regelfast på engelsk, men på norsk lyder det ikkje heilt godt å segja at «ein må stå opp mot». På norsk dansk bruka dei å tala um å imøtekomme og imøtegå, iallfall i gamle dagar. På hittmålet kunde ein also seg at «en må imøtegå».

På norsk kunde ein kann henda segja at ein gjekk imot eller at ein mælte imot, eller kannhenda at ein tok til motmæle mot. Dei gamle ordi som hadde hevd frå norsk dansk bokheim er åt å falla ut. Dei nye ordi som kjem inn, er slike ord som nynorsken i grunn ikkje hev havt noko imot. Det hev aldri vore nokor fære for at nynorsken skulde drukna i engelske klisjeuttrykk, men i dag kjem det ei flodbylgja av engelsk yver det norske målet. Ho tok til med internett i 1996 og hev halde fram like til i dag. Då kjem me i ei heilt onnor stoda enn fyrr. 20 år med verdsveven hev pint og plåga norskdomen i språket, ikkje slik som fyrr då det var tysk og uppstylda dansk som var motmannen til nynorskfolk. Nei, no er det engelsken som kjem til å tyna ned språket, um me ikkje vaktar oss vel.

Når ein umset beinveges frå engelsk til norsk, må ein merka seg at eit ord hev ei rad tydingar i engelsk som ikkje alltid høver i norsk. Det same gjeld frå norsk til engelsk. Me hugsar statsministaren som sa «good day» der engelskspråklege segjer «good afternoon». På norsk segjer me på slutten av dagen og meiner at det hev vorte



Moos 09

*Anglonorsken er lett å triva til
for oss nordbuarar...*

kveld. På engelsk kann ein nytta «in the end of the day» um slutten på noko midt på dagen - umlag slik som me brukar «enden på visa», utan at me knyter det til å syngja, men til å avslutta noko.

Um ein skal råka med umsetjingar frå engelsk til norsk, so må ein tenkja yver slike ovringar. Då nyttar det ikkje berre å kunna ord, men ein må kunna tyda og nytta litterære bilæte og vera kunnig i tropar og figurar frå retorikken. Upplæringi i litterære bilete og retoriske verkemiddel hev ikkje alltid vore like god i skulen. Retorikken hev fyrst vorte ein part av skulefaget norsk etter kunnskapslyftet, difor er det mange som slit når dei skal nytta det norske språket og uttrykkja seg i det heile. Det er leidt, men det i seg sjølv fær vera eit tema for eit anna bladstykke.

Det gjeld å kunna nytta avbrigerikdomen i vårt eige mål

Lat oss heller sjå på nokre ord som veltar inn med anglobylgja.

Punkt og poeng er ord som skapar flokor når dei skal yverførast frå engelsk til norsk. Point på engelsk kann tyda både punkt og poeng. Ordet punkt kann ha ei rad tydingsumkverve på norsk. Det kann vera knytt til stad utan utstrekning i ord som skjeringpunkt eller tyngdepunkt. Det kann vera knytt til ein viss stad i ord som utsynspunkt og vekstpunkt. Ordet punkt kann òg vera knytt til eit steg eller ein grad i ord som endepunkt, frysepunkt eller nullpunkt. Og ordet kann vera knytt til ein del, eit avsnitt av noko eller ei sida av ei sak. Døme på det siste kann ein finna i uttrykk som punkt for punkt eller eit framlegg i tre punkt.

På engelsk hev punkt minst 34 ulike bruksmåtar um ein skal halda seg til det ein

finn i ei ordbok. Der brukar dei ofte ordet utan samansetjing. Til dømes i «the point of no return» og «the main point». Når det er tala um det tidspunktet noko trulegt kjem til å henda, segjer dei t.d «on the point of starting» eller «at the point of death». I slike samanhengar kann ein ikkje umsetja slike uttrykk beintfram. Beinveges umsetjingar som til dømes «punktet for å venda attende», «punktet for når ein startar» eller «punktet då ein døyr» kling ikkje serlegt godt. Ein må vurderer ord som vendepunkt, dødstidspunktet eller starttidspunktet. Eller andre måtar å segja det på.

So det vert rangt når ein les i ein presentasjon av ein film at : «En reporter blir målet for en ond svertetekampanje som driver ham nært punktet til selvmord etter at han eksponerer CIAs væpnede rolle mot Contra-opprørerne i Nicaragua.» Men kva er det som er rangt?

Dersom me slær upp i ei ordbok, kann me finna desse umsetjingane av ordet point:

punkt, prikk, auga på terning, poeng, god eigenskap, odd, ende, tipp, kvass reiskap, kompasstrek; poeng, kjerne, hovudsak; føremål, endemål; punkt, side, stykke, måte; tidspunkt m.m. Me veit ikkje kva som var grunnteksti til forfattaren, men me kann tenkja oss at han hadde ei engelsk tekst som lydde noko slikt som «this drives him close to the point of». Det lettaste er nok å kutta ut heile ordet point i umsetjingi. Me kann freista å umsetja nokso beinveges: Ein bladmann vert sverta i ein kampanje som mest driv han til å taka livet av seg. Men ei slik beinveges umsetjing verkar ikkje god på norsk, og med den siste lekken um opprørarane i Nicaragua so vert ho ikkje lettare.

Knoting er ikkje tøft

Dersom eg skulde segja det stutt og brutalt på norsk, vilde eg freista med: Ein bladmann nækjer at CIA syter for våpen til Contra-upprørarane i Nicaragua, då vert han sverta i ein kampanje og mest driven til sjølv mord. So kann ein freista å skriva um nesten driven til sjølv mord til engelsk. Dersom ein skriv «closely driven to selfmurder», so trur eg det høyrer like låkt ut som «nært punktet til selvmord på norsk». So det gjeld å tenkja praktisk og ikkje minst norsk. Elles burde det vera meir pinsamt å knota på norsk enn på engelsk. Endå so gode me skulde vera i engelsk, so er det norsk som er heimemålet vårt.

Karl Straume. kunstnaren ved Hovdevatnet

Av Nils Tore Leivdal

I 1965 laga eg dette intervjuet med kunstmålaren Karl Straume for lærarskuleavisa "Peikestokken." I Volda. Det vart prenta under titelen "Minne frå lærarskuletida". Straume var elev av Christian Krohg og H.Strøm. Straume var fødd i 1877 og døydd 1968. Her fortel han frå eit spanande og verksamt liv.

Etter at eg var ferdug med den sokalla millomskulen, so byrja eg i året 1895 på Henrik Kårstad sin nystarta lærarskule i Volda. H. Kårstad og Aage Stabell var styrarar. Det elevkullet eg hørde til var det fyrste som vart uteksaminert frå Volda lærarskule.

Skulestova var den sokalla "Gongen" i det som no er det gamle gymnasbygget. Det var eit tungsam klasserom å vera i. Såg me ut glaset, møtte augo berre eit grått WC og eit vedskott.



Heimen åt salmediktar Bernt Støylen, måla av Karl Straume.

Ikkje lærebøker

Det verste var at vi ikkje hadde bøker, og soleis laut me ha ei lærebok dei nytta på Universitetet i dogmetikk. Om nettene satt Henrik Kårstad uppe og sette um bøker frå framande mål, so dikterte han lærebøker til oss i timane, medan me skreiv leksjonane ned.

-Korleis var praksisopplæringa i di skuletid?

Klassa var ikkje kløyvd inn i praksisparti slik som no. Øvingsskule var eit ukjent umgrip for oss. Ein time for veka kom 10-12 elevar frå barneskulen upp i klasseromet vårt, og der skulde praktikanden dosera medan heile klassa hørde på. Dei tok ikkje mykje omsyn til ner- var i dei dagane.

-Var det mange elevar i den fyrste lærarskuleklassa i Volda?

Me var 24 seminaristar, men berre 11 av oss greidde eksamen. Årsaka til det var eksamensoppgåvone og den strenge sensuren. Utanum tvo stilar i norsk, so laut me skriva ein fagstil med oppgåva frå realfagi og ei oppgåva frå dei humane fagi. Alt medrekna so hadde me 19 fag som oppgåvone kunde verta tekne frå. Det var eit drepende stort pensum, og dei som ikkje hadde ei jarnhelsa kunde få ein knekk for livet. Soleis fekk den einaste jenta i klassa hjartefeil, og under hardaste eksamenslesinga fekk ein gut blodstyrting.

-Minnest du ordlyden på dei oppgåvone du fekk?

Uppgåva klassa mi fekk i realfaga, ho var henta frå fysikkpensumet, og heitte "Dampmaskinen og dens anvendelse".

Den andre fagoppgåva var teki frå sogebøkene og lydde soleis: "Napoleons historie efter toget til Russland."

No til dags fær ein velja millom 3-4 oppgåvor. I mi tid vart det gjeve berre ei og dimed basta! Verst var det at sensuren var så

hoggande hard. I oppgåva om Napoleon, var det nokre som hadde forveksla årstala 1801 og 1809, og det førde beint i ulukka. Og noko kontinuering var det ikkje tala om. Hadde ein først stroke i eit fag, måtte ein fint ganga upp att eit år til og taka ny prøva i alle fagi.

Kvelden me skulde få høyra resultat minnest eg godt. - Det var ei lagnadstung stund som sette merke etter seg i hug og hjarta. Klokka 20 i skymingi um kvelden møtte me upp. Ingen av lærarane makta ganga upp i klasseromet og lesa upp domen. Då det leid på, kom likevel Stabell inn døra. Han var god idrottsmann og til vanleg lett og kjapp av seg, men no var han tung og bleik som eit laken. "Eg skal lesa upp dette telegrammet", byrja han med eit sorgtungt mæle, som vitna om det som skulde koma. Og medan me låg og hikstegret framover pultane, las han upp dei som hadde stroke.

Ein frå Dalsfjorden, som heitte Jon Strand, hadde ikkje møtt opp, av di han var viss på at han strauk. Men han stod stakkaren, og eg ut på leiting. Eg liksom kjende på meg at han var ute i hasselrunnane på Vikeneset. Men det var ingen Strand å sjå. "Strand," ropte eg. Du stend! Du stend!" Då spratt han upp som troll or øskje. "Er det sant? Og me på kne for å takka Vår Herre.

Lærarane var framifrå gilde og hjartevarme menneske. Det var folk som hadde skyn og som aldri sparde seg for å få sopass inn i skolten vår at me greidde oss. Korleis styraren Henrik Kårstad makta å ordna med alt, det er meg framleis ei stor gåte. Ikkje minst korleis han greidde det økonomiske. Skulen fekk ingi pengehjelp frå staten. Skulepengane var 10 kr. månaden, men det var få av oss elevane som hadde noko å leggja ut med, men Kårstad og Stabell var viljesterke idealistar som aldri gav

upp.

Skulemeisterliv

For å få fast post, laut ein vera 21 år gamal, men eg var berre 20 då eg var ferdug med eksamen. Soleis vart eg huslærer på Åheim hjå prost Gundersen og Ravnfamilien det fyrste året. Sidan fungerte eg som ein slags styrar ved Vinstra millomskule i to år. Deretter for eg til Vossvangen.

Lærer på Voss

Der var eg folkeskulelærer frå 1900 til 1902. Det var ikkje so reint liketil å vera lærar den gongen. Eg hadde frå 38 til 44 born i klassa, men borni var lydige so eg greidde å halda disiplin. Skuleromi var altfor småe, so lufti var kjøvande og usunn.

-Korleis var det med husværet ditt på Voss? Eg hadde eit lite rom i sjølve skulebygget. Eg hugsar godt kor mysene heldt gjestebod i smørøskja mi om netene. Sette eg ut feller, kunne eg ta livet av ti-tolv på ei einaste natt, men det var vondt å drepa dei fine små dyri. Elles so tykte eg det var dyrt å bu på Voss. Til dømes kosta mjølki og veden dubbelt so mykje der som her heime. Du ser der byrja verta litt innflytjing og turistferdsle, og slikt skrua prisane upp. Så for å livberga meg, laut eg taka ymse ekstra arbeid attåt.

Klokkar i Vangskyrkja

Millom anna gjorde eg tenesta som klokkar i gamle Vangskyrkja. Fyre eg skulde ha fyrste sundagen, fann eg eit prenta Fadervår, ikkje større enn ein kvadratsentimeter. Det limte eg inn i handi, slik at eg kunde sjå det, medan eg såg ned, - du veit eg måtte vera lik tollaren i tempelet, - og på den måten las eg det ut or handi, prikkfritt!

Gløymssam gamleprest

Presten på Voss var gamal og gløymssk vorten, og eg laut ha både auga og øyra med meg. Han kunde gløyma både preikebok og tekst. Ein søndag vart det litt akkedas framfor altaret. Eg skulde ha på honom kvitekragen og messehakelen. Eg hadde havt alt saman rett på kan du vita, men so morska han seg og vilde ha korset framme. Nei, sa eg, det er rett slik som det er. Nei, korset skal vera framme høyrer du, heldt han fram. Nei, svara eg, pass du evangeliet så skal eg passa korset! – Han svinga på seg og var liksom ute or lune, då han rugga upp i preikestolen den søndagen.

Måldyrkaren

Lars Eskeland var komen til Voss, og han, eg og nokre andre skipa Voss Mållag. Ei av dei fyrste oppgåvene våre, vart å få ført inn Blix sine salmar i kyrkjetenesta. Vi heldt diskusjonsmøte i sjølv kyrkja, og mange møtte upp som elles sjeldan vanka i det huset.

Det vart ein hard debatt, - sume tala for og sume tala imot. Den som skapte litt muntrasjon i alt kjeklet, var gamleklokkaren som nett hadde gjenge av. Han reiste seg upp med sin kvite håрманke, og sa um lag slik:

”Ja, inkje skjønar eg kva detta nye maulet ska tena til. Me hev då so gode salma og so bra eit maul som både me og ætte her nytta. Me forstend inkje detta maulet, som de vil føra inn. Gud i himmelen forstend da inkje heldo!” Slik lått hev det nok aldri korkje før eller sidan vore i Vossekyrkja.

Kunstmålaren

Etter dei to åra på Voss, drog Karl Straume til

Sandefjord der han var lærar i fire år. Her kom han i lag med målaren Wilhelm Wettesen, eit samvære som førte til at Straume braut alle bruere. No ville han realisera seg sjølv, og soleis byrja den mest spanande epoken i denne merkelege mannen si mangslugne livssoge.

Kunstnarliv

-Var du gamal fyrste gongen du visste med deg sjølv at det var målar du vilde verta?

Teikning og måling var det einaste eg tenkte på, alt frå dei tidlegaste gutedagar. Men å liva av slikt var reint utenkjande den gongen. Vanskeleg var det å få tak i teiknesaker og måling.

Eg minnest so vel ein dag grannen vår baud meg og bror min kvar vår blyant og tvo store papirark i løn, dersom me vilde plukka stein frå eit halvt mål åker han hadde. Me var berre 5 år gamle den gongen, og arbeidet tok oss samfulle fjorten dagar – men so lukkelege som me var på løningsdagen, hev me vel aldri vori sidan. Me kjende oss som reine prinser.

Ein sumar seinare kom onkelen min, Anders Hovden, heim frå Oslo i lag med målaren Eilert Mehl som skulde måla farsgarden til Hovden. Då vart det reint gale. Eg hekk yver honom heile dagane medan han arbeidde. Og etter at han reiste, gjekk eg berre å grunda på korleis eg skulde få skaffa meg penslar og måling.

Fyrst i 1906 vart det meir fart i sakene. Då slutta eg med lærararbeidet og før til Oslo for å studera teikning ved Den kongelige tegneskole. Det var ei vond og vanskeleg tid å vere ukjend kunstnar i Oslo for femti år sidan. Sjeldan var det ein fekk selt noko. Ofte svalt me og leid vondt. Ein middag kunde kosta kr.1,50. Edvard Munch, som den tidi vart spotta og kri-

tisert for bilda sine, selde målarstykket ”Syk Pike” til kelnaren på Grand for førti middagar. I dag (1965) heng målarstykket i Nasjonalgalleriet og er verdsett til 300 000!

Karl Straume hadde fyrste målarstykkjettstillingi i 1910, og i 1913 hadde han eigi separatutstilling i Oslo og Bergen. Vinteren 1920 var han elev ved Academie Moderne i Paris, og han hev sidan gjort ei rad studieferdar til Nederland, Belgia, Frankrike, Sverige og Danmark.

Straume fortel at han likar best å måla portrett, av di det er spanande og krevjande. Han hev dessutan drive med treskjæring og rosemåling. Det var noko han lærde på Bygdøy folkemuseum og av andre kunstnarar, millom andre Lars Kinsarvik.

Folkeminnestillaren

Men det er ikkje berre innan målarkunsten Straume hev skapt meisterverk. - Kjemp ein inn på Sunnmøre museum so ansar ein snøgt på Ørstatunet, - ein heil Sunnmørsgard med trettan hus for folk og fe. Alle husi med det innbuet som høyrer til, det hev Straume gjennom 20 år fenge samla og restaurert, eit storarbeid som han i 1961 fekk Kongens forteneestemedalje i gull for. Han hev ogso sytt for at Årflotgarden vart restaurert og freda, og likeins Ivar Aasentunet i Hovdebygda.

På ferdene sine kringum på Sunnmøre hev han kulturregistrert yver 50 gamle gardar. Ein vitenskapleg forskarinnatts, som hev fenge dei beste lovord av etnologar ved Universitetet i Bergen.

Til ungdomen hev Karl Straume ein bodskap: Kjemp for alt som de meiner er rett og gjev aldri upp!

Skaparevna

Av Megan Leo

Skapande krefter bryt seg gjennom all stagnasjon, dei riv honom i fillor. Dei endrar perspektivet åt skaparen, og dei endrar perspektivet åt alle som ser eller høyrer: Åt alle som tek til seg det skapte. Å skapa noko er ein måte å styra energien sin på, kvervla honom upp og gjera honom til noko anna.

Sjølv skapingsprosessen er alkymi for hugen, for anden - som nyttar fysiske verkemiddel for å få fram dei nye kjennemerki. Songen er i hjarta åt komponisten, og det er med hendene at han slær tonane på instrumentet. Målarstykkjet er i hjarta åt kunstmålaren, og det er teknikken hans som gjer det tilgjengelegt for andre. Han lyt bruka både hendene og hovudet.

Sann skaparevna logar upp hugane, det bryt ned bæge som fanst berre sekund fyreåt. Ho verkar som ein katalysator. Ho kann kveikja andre til å skapa noko sjølv. Ho gjev høve til å utfalda seg fritt. Det er slikt som gjer livet verdt



å liva - at ikkje alt berre vert til ein vane.

Me hev alle oppgåvor, målsetnader og hugsmål i livet. Sume ynskjer berre å klara seg frå dag til dag, andre søkjer etter eit større perspektiv yver kvardagen. Det som skil desse tvo gruppone frå einannan er dei er nett den ska-

pande åndi - eller skorten på denne. Jamvel keidsame kvardagsoppgåvor kann verta til noko meir - so sant ein veit å setja dei skapande kreftene i sving.

Skaparevna er den fullkomne kvardagsalkymien.

Intervju med Dee Ex

Av Olav Torheim

Nasjonalsinna rap og hiphop er i vinden ute i Europa. Målmannen hev lagt alle fordomar mot denne subkulturen til sides og teke ein prat med rapparinna Mia Herm, eller Dee Ex som ho kallar seg når ho lagar tyskvenleg rap-musikk.

-Kor lenge hev du drive på med musikk? Korleis kom du på ideen um å laga tjodlynd musikk, og kvifor valde du hiphop som uttrykksform?

Til lukka so skriv eg ikkje berre "hiphop", snarare prøvar eg meg fram med både rockemusikk og balladar. Eg freistar nytta dei mest mangslungne musikkslagi for å nå fram til folk, og det er ikkje berre ungdommen som eg freistar å opna augo, øyro og hjarto på. Den eldste tilhengjaren min er 97 år gamal.

Den fyrste songen min hadde eg offentleggjort i januar 2008. Eg hadde i grunnen aldri nokon plan um å laga nasjonal musikk. Eg var einast låtskrivar og hadde ingen som kunde eller vilde synge songane mine. Låtskrivarar finst det mange av, men modige songarar og songarinnor som vil ganga mot straumen, dei ser ein lite til. Difor bygde eg upp mitt eige studio heime og sette sjølv tonar til tankane mine. Det som siden fylgde frå denne einfelde ideen, det er lagnaden min, og det gler eg meg yver.

Den gongen sveiv det seg einast um mi eigi meining um ei tyskfiendsleg pornorapparinne. Den nemnde rapparinna hevda i songane sine at alle "tyske svin er taparar" og "Tyskland kann ryka og reisa". Det heiter, ho måla fram eit fiendebilæte av Tyskland og tyskarane. Sidan ho sjølv er muslim, vart ho umtykt millom unge tyrkarar som meir enn gjerne nytta dei tyskfiendslege songtekstene hennar som argument mot vanlege, tyske ungdomar. Forståelegt nok valde mange tyskarar å forsvara seg, men diverre på det same låget nivået...

Det viktugaste poenget i det musikalske svaret mitt til denne dama var dette: "Um Tyskland er so dårlegt som du vil ha det til, so reis heim att! Ingen kjem til å sakna deg!" Både innfødde tyskarar og muslimar med vanlegt vit og forstand sa seg samde med meg etter at eg hadde offentleggjort songen min. Etter ei tid hørde me ikkje serlegt meir frå den nemnde uokråka. Heilt til dess at tyske massemedia ein dag melde at rapparinna var hamna på ein psykiatrisk institusjon. For meg var saki avslutta.

-Korleis vil du skildra musikken din?



Kvar er det du hentar inspirasjon til tekstene dine frå?

Musikken min er menneskeleg. I songane mine fortel eg um korleis verdi og Tyskland er vorte, sett med mine augo, og um kva eg sjølv gjer for å gjera livet her lettare å halda ut. Dei som finn at tekstene mine hev freista trengja meg på defensiven. Men sidan eg ikkje hører heime i noko serskilt politisk hyrne, so fær dei stødt svar på ukvemsordi sine. Eg skriv songar og bladstykkje der eg gjer greida for kva eg stend for. Det blinde hatet som eg er vorti møtt med, alle lygnene og trugsmåli som eg hev fenge berre av di eg segjer sanningi, alt dette hev gjeve meg endelaust mykje inspirasjon.

"Kritikarane" mine umtala meg heilt frå byrjingi av som "nazi", endå dei ikkje hadde noko slags grunnlag for ei soveri skuldning. Songane mine vert stødt sensurerte og profilen min i sosiale media vert jamnlegt sperra – utan grunngeving. Det heng trulegt i hop med det at eg segjer frå um det eg tenker og kjenner på meg. Det er visst eit problem for sume. Dei likar ikkje å høyra at dei tek i miss. Sidan eg aldri hev havt noko ynske um å skada nokon, so hev eg aldri tenkt noko nærare yver kva det er ein hev lov til å segja og ikkje. I den tyske grunnlovi heiter det at me hev meiningssfridom, og lenge trudde eg det var slik.

Med ærleg og nonkonform musikk er det likevel onnorleis. Han som finn at mistilhøve i samfundet og som kritiserar det forfalne systemet, han vert rekna som "samfundtsfiende". Um ein jamvel fær folk til å tenkja sjølve i staden for å berre tru på alt det som rikspressa fortel, ja, då vert ein systematisk motarbeidd og knebla etter alle kunstens reglar. Det gjeld um å hindra at folk vaknar upp og ser kor lite politiskarar og media hev å fara med.

-Kva er den viktugaste bodskapen som du ynskjer å formidla med musikken din?

Eg kann tenkja, difor er eg fri..

-Kva for andre musikarar hev påverka deg?

I ungdomstidi mi hev eg høyrte mykje på Metallica, Böhse Onkelz, Nirvana, RHP og klassisk musikk. Dei påverka meg til å våga tenkja sjølvstendig og alltid vera ærleg med kva eg hadde på hjarta. Musikk er for meg eit lækjemiddel som eg kann nytta til å røkta sjeli mi. At det er slik med andre menneske med, det visste eg i byrjingi av den musikalske "karrieren" min ikkje noko um. Men det er fint at eg i dag kann vera ei slags "røyst for folket" og kunna tala ut um det so mange tenkjer.

Alle dei positive attemeldingane som folk gjev meg, alle nedlastingane og delingane i sosiale media, alt dette gjev meg kraft til å halda fram. No veit eg kven det er eg reiser bust for: Ikkje berre meg sjølv, men so mange andre som kjenner seg att i songtekstene mine.

-Hev du vore med på andre musikalske prosjekt?

Ja, det hev eg. Projekt X og Kategorie C hev spurt meg um det var i orden at eg lånte dei røysti mi til nokre tekster som skulde spelast inn på CD. Eg hev havt høve til å gjera meg upp mi eigi meining um desse nonkonforme artistane, og det var soleides ei æra for meg å få arbeida saman med desse karane. Det er fyremunnen som frie menneske hev: Dei kann synge um kva dei vil og med kven dei vil. Dei treng ikkje å gjera det som plateselskapet fortel dei at dei skal gjera.

Attåt dette styd eg upp um andre musikarar som kann henda er litt mindre kjende eller umtykte. For meg er det avgjerande at musikken gjeng meg til hjarta. Sumtid lagar eg mine eigne tolkingar av andre sine tekster. Det finst songar frå kunstnarar som det berre gjeld um å formidla vidare og gjeva deim ny aktualitet. Eg tenkjer då til dømes på "Zeit zum Besinnen" av RHP (frå 90-talet) eller stødt aktuelle "Frei Geboren" (Fødd fri) av Lunikoff. I Tyskland freistar "Antifa" og massemedia å framstella Luni som ein slags demon. Kor som er: Um han ikkje hadde vore eit menneske, so hadde han aldri vore i stand til å laga ei so gripande visa. Det stemmer at han hev kome med andre og langt drjugare tekster. Men han som ikkje er viljug til å sjå attum fasaden på eit fiendebilæte, han hev ingen rett til å fella domar yver andre menneske som han ikkje kjenner.

-Når ein vil etablere seg som kunstnar, so møter ein ofte utbjodingar og vandemål.

Kva slags vandemål hev du havt og korleis hev du yvervunne dei?

Heile livet mitt er ei utbjoding. Det som var vandslegt, det var å godtaka at det faktisk var slik livet mitt skulde kome til å verta. Når eg var komi so langt, so var eg reidug til å taka resten derifrå. Sjølv hadde eg opphavlegt ingi lyst til å etablera meg som musikar. Det berre vart slik, og sumtid kjenner det seg som ein draum som eg ikkje er i stand til å vakna upp frå. Eg fær brev frå tilhengjarar frå ulike land. Kampfelagane mine er ikkje berre musikarar, men jamvel heile familjar. Born, kvinnor og menner frå alle slags samfundslag. Millom stydspelarane mine tel eg ikkje berre skuleelevar, studen- tar, bygningsmenner og husfruer – men jamvel forfattarar, professorar, pastorar, lækjarar, politifolk, soldatar, generalar og mange fleire...

Det gjeng alltid frametter, endå um eg sumtid lyt kjempa hardt med meg sjølv, menneskesky som eg i røyndi stødt hev vore. Løni for strevet er takksemd i frå tilhengjarane mine. Det kjenner seg godt å vita at eg hev kunna hjelpa andre med å finna saman, til å utvekslar tankar og idear og søkja etter løysingar som svarar til desse. Stødt fleire menneske vaknar upp, finn likesinna og kjenner at dei er saman um noko stort. Dette er ei kjensla som mange hev lengta lenge etter.

-Du fortel i songen "Skandal" at berre det å syngja at ein er glad i landet sitt er grunn nok til å verta uthengd som "nazi" i media og verta forfylgd av aggressive vin- streekstremistar. Eg hev sjølv merkt meg at ein i Tyskland anten lyt vera 100% poli- tisk korrekt eller risikera å verta stempla som "nazist". Kvifor er det vorte slik?

Av di frittengkjande menneske med egne meiningar – meiningar som ikkje er politisk korrekte – vert rekna som plågsame for dei som hev makti. Men å vera tysk er ikkje noko brotsverk, endå um dei tyskfjendslege gjerne ynskjer å fram- stella det slik. Heimstaden min er grunnlaget for identiteten min, og slik er det for andre folk med. Me høyrer med i den europeiske saga. Fedrelandi våre hev vokse fram gjennom hundraddtals år og hev gjort oss til dei menneski me er i dag. Ein kann ikkje minka den tyske saga ned til det som hende i dei 12 åri millom 1933 og 1945, og endå mindre kann ein nytta det som nokor slags rettferdiggingering for å sletta heimstaden min frå kartet.

Eg let meg ikkje tvinga til tagnad, og eg godtek ikkje at me tyskarane skal verta underlagde nokon slags skuldkultur som fylgja av saga vår. Eg er ikkje andsvarleg for andre gjerningar enn mine egne, og



Mia Herm er betre kjend som Dee Ex ("Die Ex", eks-kjærasten)

forresten so var det aldri nokon av beste- foreldri mine som tok livet av uskuldige menneske. Same kva som ein gong hende her i Tyskland: Eg var ikkje til stades. Eg liver i dag, her og no i eit land med men- neske som hev det same kravet på respekt som alle andre. Me patriotiske tyskarar er fredelege folk, me stend for fridom for alle folkeslag. Politikarane våre skynar likevel lite av dette. Ofte tenkjer eg at desse berre er upptekne av næringsinteressor og ikkje av fred eller rettferd, korkje her eller i verdi elles.

-Du hev tolka ein song som heiter "Europa der Vaterländer". Noreg stend som du veit utanfor den europeiske unio- nen, medan Tyskland er ein av dei dominerande medlemsstatane. Kva meiner du um den europeiske unionen og kva slags tankar gjer du deg um eventuelle samarbeidsalternativ til denne? Kva slags utbjodingar og trugsmål ser du for Europa i dag?

Ja, eg vil ha eit Europa av frie fedreland. Noko EU vil eg derimot ikkje ha, der er det ingen fedreland og ingen frie folk meir. For meg er menneski viktugare enn interessone til den europeiske sentral- banken.

Fyrst og fremst vil eg taka vare på dei einskilde europeiske folki kvar for seg – dei ulike kulturane, språki og tradisjonane, alt dette lyt me halda uppe. Det er nett det mangfeldet som gjer Europa til noko stort og verdfullt. Dei som ynskjer å skapa ein slags europeisk superstat, dei vil avskipa nasjonane og flata ut kulturane. Slikt er å riva ned og ikkje å byggja upp. Dei europeiske folki vert ikkje ein gong spurde um dei ynskjer dette, og EU ser soleides burt frå heile folkesuverenitetsprinsippet

og tek avgjerdene yver hovudet på folk. Menneski er til sjuande og sist lite eller inkje verdt for dei pengesterke makt- menneski som driv fram den sokalla "europeiske integrasjonen".

-Trur du at ungdomar som høyrer songane dine kjem til å vakna upp og taka bodskapen din til seg?

Problemet er at ættleden min i grunnen er den siste som framleis kann endra noko til det betre. Dei unge i dag hev mykje dår- legare fyresetnader til å byrja tenkja sjølve enn det me hadde. I skulen vert dei lærde upp til å godtaka det dei vert fortalde. Til liks med datamaskinar skal dei "program- merast" til eit "liv" styrt av andre.

Heime fær dei ingi skikkeleg uppsed- ing, for båe foreldri lyt arbeida ute og hev ikkje lenger tid til å gå inn i dei problem i som borni rårar ut for. Berre nokre fåe familiar set seg ned kring bordet og talar ope og ærlegt um stoda i verdi. Det er for mykje anna som avleider merksemd i, som rusmidlar, alkohol og subkulturalar – og alt dette vert nytta til å halda problem i på frå- stand.

Kor som er, eg vil ikkje skapa mismod, snarare tvert imot: Me er framleis mange nok frå alle aldersgrupper som ynskjer å gjera ein skilnad og sjølve skapa oss ei framtid. Mange av oss hev born og borni våre kjem ein gong til å få born, dei med. Me er alle glade i ærleg kunst, musikk og litteratur.

-Takk so mykje for interessante og utfyllande svar. Kva tid kjem du eventuelt til Noreg for å halda konsert?

So snart eg hev ei retteleg musikkgruppa og ikkje lenger lyt stå åleine som midtpunkt. Eg gler meg til å verta betre kjend med dykk!

Of Runes & Men-festival i Leipzig

Av Stig Andresen

I fjor las me ei hugvekkjande festivalmelding i Dagbladet, førd i pennen av den norske forfattaren og musikaren Cornelius Jakhelln. Konsertmeldingi var frå den årvisse nyfolk-festivalen "Of runes & men", skipa til i Leipzig (sume år i Dresden). Meldingi åt Jakhelln kveikte Målmannen til å senda sin eigen medarbeidar til festivalen no i haust.

Nyfolken er ein sers mangslungen musikkjanger, der det vert eksperimentert mykje både med melodi og tekster. Han femner um grupper som ofte hev lite med einannan å gjera, i alle fall reint musikalsk. Det dei derimot hev sams er at dei nyttar tekster og andre estetiske verkemiddel til å taka fyre seg emne som knyter seg til europeisk identitet, andelege emne og alleuropeisk saga. Store grupper innanfor sjangeren er dei tri britiske gruppone Sol Invictus, Death in June og Current 93. Andre grupper som kunde vore nemnde er tyske Forseti og Darkwood eller danske Of the Wand and the Moon. Målmannen hev alt prenta konsertmeldingar frå etter måten mange av dei nemnde gruppone.

Det var på Theaterfabrik Leipzig at festivalen "Of Runes and Men" gjekk av stabelen, 17.-18. oktober 2014. Dei fleste framømte var frå Tyskland, men fritt for utanlandske gjester var det slett ikkje. Det var ei herleg skoda å sjå det store mangfeldet millom publikum - like mangslunge som nyfolkmusikken sjølv. Det var folk av bae kyn, i alle aldrar, med alle slags klesplagg og med mang ein merkeleg hårklypp.

Fredagskvelden: Ritual Havoc, Jännerwein, Fire + Ice og Spiritual Front

Det var heile seks grupper som skulde spela den fyrste kvelden. Eg kjende snaudt til helvten av dei, so eg hadde litt blanda kjenslor medan eg stod og venta. Kor som er so skulde "fordomane" mine verta gjorde grundig til skamme. For maken til musikalsk kveld hev eg aldri innan vore med på!

Fyrst ut var den tyske gruppa Ritual Havoc. Dei byrja friskt med låti «Children of the Black Sun», og eg tenkte som so at dette kjem til å verta litt pinsamt - sidan nyfolksjangeren hev nokre grupper som må segjast å vera rimelegt grunne både med tekst og melodi. Det skulde likevel syna seg å vera ei retteleg grom-gruppa der songane kom som perlor på ei snor. Kyndige musikarar var dei visselegt, men røysti til songaren var i serklasse. Diverre finn ein mest inkje um desse på netet, so det vert den einaste låti eg kann tilråda av desse. Me kjem nok til å høyra meir



frå desse i framtid!

Neste gruppa ut var Jännerwein frå Austerrike. Dette vart eit draumeliknande minne for underskrivne. Seks unge menn frå Austerrike i folkedrakt og dress med ei rad ulike tradisjonelle instrument. Dei trakterte trekkspel, fela, gitarar og trommor, og songaren hadde ei røyst utan like. Ei låt som «Blühen Und Vergehn» gav meg gåsehud. Denne og låti «Durch Jede Stunde» merkte seg serskilt ut, endå um alt det dei spela var framifrå.

So var det tid for britiske While Angels Watch. Dei kom med ein litt hardare musikk enn det dei hine gruppone hadde gjort, soleides var det ei velkome avbrekk. Ein slags drøymande metallmusikk iblanda tradisjonell folkemusikk og ymse andre eksperimentelle innslag.

Stemmingi byrja stiga i taket, og lokalet hadde fylt seg upp med mange hundrattals gjester. Eg vil tru me var upp mot 500 personar i lokalet når ein av veteranane innanfor sjangeren, Fire + Ice, gjekk på scena. Den aldrande vokalisten deira, Ian Read, er ei kjempa innanfor nyfolk-kringværet. Det synte seg at britiske Read er stødig i tysk, so det var løgje å lyda til. Til vemodig jubel frå folkemengdi sanna han at "Andreas lebt!". Andreas var mannen attum den framifrå tyske nyfolk-gruppa Forseti. Han er diverre ikkje produktiv lenger, etter at han for nokre år sidan vart skadd i heilen.

Høgdepunktet for kvelden var italienske Spiritual Front. Dei gav eit fyrverkeri av ein

konsert. Songaren var ein sers likandes kar som dansa ikring på scena med myrk dress, frisk frisyra og høg gitarføring. Musikken deira er for ei myrk og god utgåva av norske Kaizers Orchestra å rekna. Ljodupptaki deira på Spotify er diverre av det helder låke slaget, men i livande live var songar som "I walk the (dead)line" og "Jesus died in Las Vegas" heilt fjetrande.

Laurdag: Jordan Reyne, Roma Amor, OWLS, Die Weisse Rose og Rome

Laurdagen heldt festivalen fram, med soloartisten Jordan Reyne som fyrstemann ut. Ho hadde nokre tekniske vandemål med ljoeden, men det vart kjarpt teke hand um. Reyne var åleine på scena, og ho spela ei høgst personleg form for musikk som ikkje er so lett å setja ord på.

Nestemann ut var Roma Amor. Som namnet segjer so hev dei røtene sine i Romania. Det var ein slags folkemusikk som kanskje var litt keidsam. Det vart i alle fall ikkje noko høgdepunkt for min part.

Det vart det helder ikkje då britiske OWLS med veteranen Tony Wakefield gjekk på scena. Wakefield vart nær sagt berre standande og tala ut songane sine, utan å leggja korkje kraft eller sjel i det. Nei, helder ikkje det var noko serlegt å skriva heim um. Då nytta eg helder høvet til å taka ei Hasselröderpilsner i baren med dei nye tyske venene som eg var vorten kjend med kvelden fyreat.

Derimot var Die Weisse Rose ei gruppa som visste kva som laut til for å lyfta

stemningi. Staute myrkkledde mennar med trommor fell tydeleg nok i smak i Tyskland, og underskrivne var i den sjuande himmelen då dei spela «As the last of the petals are shattered». Det var ei skikkeleg intens uppliving, med det som etter mitt syn er den klårt beste låti deira.

So var tidi komi for endå eitt av dei store namni: Of the Wand and the Moon frå Danmark. Den sympatiske vokalisten Kim Larsen er heilen attum gruppa, og eg kann ikkje anna enn å taka av meg hatten for honom. Det var ein myrk og monumental konsert, der gamle videoupptak frå farne dagar var med på å skapa den rette stemningi. Låtar som «Watch the skyline catch fire» og «We are dust» er vel verde å røkta.

Siste gruppa ut for kvelden var Rome frå Luxemburg. Dette er sær s kyndige musikarar, og ei av dei mest populære gruppone innanfor sjangeren. Dei spela ein god del nye låtar frå det seinaste konseptalbumet deira. Dette albumet tek fyre seg Rhodesia sitt fall. Dette landet var ein tilsynelatande velfungerande britisk sjølvstendig koloni, men det vart skift ut med katastrofelandet Zimbabwe som er styrt av diktatoren Robert Mugabe. Gruppa Roma er utan tvil ein av mine yndlingar, og det var ein minneverdig konsert dei heldt med



Austerrikske Jännerwein var millom høgdepunkti på festivalen.

fullt band. Låtar som «Hate us and see if we mind», «Secret sons of Europe» og «One fire» er gode smakebitar frå den sereigne musikken deira.

For min møde lekam var kvelden yver so snart Rome gjekk av scena, men mange andre heldt fram festen fram mot morgondagens gry.

Det er synd at at denne festivalen ikkje er betre kjend enn det han er, for dette hadde nok tusundtals nordbuarar sett pris på. Ein ting er i alle fall visst: Eg kjem att neste år! Det er greidt å koma seg til og frå, folki er kjempehyggelege og musikken er ikkje anna enn storarta. Ver med i 2015 då, vel!

Fuglane i hagen

Av Stephan Krämer

Medan eg sit her og drikk kaffien min og ser ut i hagen, so gler eg meg yver det gode vèret og den fine hausten som me hev havt dette året. I hagen flyg alle slags songfuglar ikring. Det er ein slags naturens barnehage med alle slags småe songarar. Her finn dei alle nok å eta. Ei meis, ei kjøtmeis, kann henda ser eg ei raudstrupa med. Sumtid jamvel duvor og spetter. Sysvorti (svarttrasten) er i det seinaste vorten meir og meir sjeldsynt.

I år er det kome etter måten mange lauvsongarar i hagen. Lauvsongaren er ein liten songfugl, litt større enn den heimlege meisi. Han er yvervintra i Nord-Afrika. Det er underlegt at ein so liten fugl er i stand til å gjeva seg ut på ei so lang ferd. Det slær meg at det kvart år vert fleire og fleire av dei. I hagen min er det nøgdi med mat, sidan me plar leggja ut mat til fuglane. Og me syter for at det er meir enn nok til alle. Dei fleste fuglane ser ut til å ha skynta det.

Alle utanum lauvsongarane. So snart dei kjem, so kjem dei som ein grashoppesvern og et som um dei fekk mat for aller siste gongen. Medan dei gjer

dette, so hakkar dei laus på kvarandre, slik at dei hine fuglane ikkje fær tak i ein einaste smule. Dei mykje større duvone og spettene vert verande der dei er, alle dei hine småe songfuglane dreg seg til sides. So sit dei i trei og kann ikkje anna enn å venta til dess dei småe trekkfuglane etter mange timar hev ete seg stappmette. Jamvel når dei er ferduge, so lyt dei hine fuglane sitja og venta, medan trekkfuglane held fram med å leika med den maten som skulde vera att. Maten deira. Maten som var tenkt til alle.

Ein fær tokken av at dei hine fuglane

stødt ventar på at trekkfuglane endelegt skal fara sin veg. For når dei er burte, hev alle ro og fred att for ei liti stund. Då kann alle eta. Duva plågor ikkje spurven, svarttrasten badar, medan meisi hentar seg smular. Når lauvsongarane er der, stend alt i ro. Eg spyrr meg i millomtidi um dei verkelegt kjem til å fara. Kann henda fer dei slettes ikkje meir attende til Afrika, no som dei hev funne seg ein ny heim her. Det er so fint når ein kann vera den sterkaste, alltid god og mett. Og for lengst vorten for tjukk til å flyga. Dei hine kjem alltid til å gjeva ein nok plass.



Dei ti manipulasjonsstrategiane

Av Sylvain Timsit

I 2002 lagde franskmannen Sylvain Timsit fram ei tipunktlista yver grunnleggjande manipulasjonsstrategiar som politikarar og media etter hans syn nyttar seg av. Ho er vorti umsett til dei fleste andre europeiske språk, men ei norsk umsetjing hev til dessar late venta på seg. Kor mange slike teknikkar hev du upplivd å råka ut for?

1. Avleidingsstragien

Avleidingsstrategien er heilt grunnleggjande for å halda på den sosiale kontrollen i ålmenta. Han gjeng ut på å leida merksemd i burt frå viktuge spursmål og avgjerder tekne av dei politiske og økonomiske elitane – takk vere ein vedvarande straum med distraksjonar og uviktug informasjon.

Avleidingsstrategien er på same måten heilt naudsynt for å hindra folk flest frå å interessera seg for grunnleggjande spursmål innanfor emne som naturvitenskap, økonomi, psykologi, nevrobiologi og kybernetikk.

“Halda ålmenta i si eigi verd, langt burte frå røynelege sosiale problem, upptekne med emne som i røyndi ikkje spelar nokor rolla. Halda ålmenta hefta, hefta, utan nokor tid til å tenkja; attende på garden med dei hine dyri” (Utdrag frå “Armes silencieuses pour guerres tranquilles”).

2. Skapa eit problem, og dinæst tilby løysing

Denne metoden er sumtid kalla for “problem-reaksjon-løysing”. Ein skaper fyrst eit problem, ei “stoda” som er laga til for å framkalla ein serskild reaksjon frå ålmenta – og det slik at folket sjølve skal krevja dei åtgjerdene som ein ynskjer å få dei til å godtaka. Til dømes: Ein let valdskriminaliteten få veksa fram i forstadene – eller ein set blodige attentat i scena – med det fyremålet at folk flest skal krevja strengare lovgjeving som gjev dei mindre fridom. Eller endå ein gong: Ein skaper ei økonomisk krise som fær folk til å tenkja at færre sosiale rettar og dårlegare offentlege tenestor er vorte eit naudsynlegt vonde.

3. Den stegvise strategien

For å få folk til å gå med på åtgjerder som dei normalt ikkje vilde ha godteke, so held det å innføra deim litt etter litt, steg for steg yver ei ti års tid. Det er på denne måten at nye sosiale og økonomiske vilkår er vortne

påtrykte folk i 1980- og 1990-åri. Massearbeidsløysa, uvissa, delokalisasjonar, løner so låge at ein ikkje lenger kann liva eit vanleg liv – alt dette er endringar som hadde framkalla ein uppreist dersom alt hadde kome på ein gong.

4. Den forseinka strategien

Ein annan måte å få folk til å godtaka ei lite umtykt avgjerd på, det er å presentera henne som “smertefull, men naudsynt”, og få folk med på at ho lyt gjennomførast ein gong seinare – i framtidi. Det er alltid lettare å få folk med på å ofra noko i morgon enn å ofra noko i dag. Dessutan hev folk flest stødt ein tendens til å tenkja at “det gjeng seg til” og at “alt vert betre i morgon”, og at ein kanskje likevel kjem til å sleppa å gjera det ein hev vorte spurdt um. Endelegt so gjev dette folk tid til å venja seg til tanken på den varsla endringi, og når ho til slutt kjem so godtek dei henne med resignasjon.

Eit nylegt døme: Yvergangen til Euro og tapet av monetær og økonomisk suverenitet hev vorte godteke av dei europeiske landi i 1994-1995 og vorte gjennomført i 2001. Eit anna døme: Dei multilaterale avtalone til FTAA som USA i 2001 tvinga på dei hine landi på det amerikanske kontinentet, men som fyrst vart sette i verk i 2005.

5. Tala til ålmenta på same måten som ein gjer til småe born

I dei fleste meldingane som gjeng ut til den store ålmenta, so nyttar ein seg av ein talemåte, av personlegdomar, av ei argumentføring og av ein tone som er sers barnslig, ofte nær det åndssvake – som ein mottakaren var ein liten unge eller ein mentalt attendeståande. Eit typisk døme er den franske TV-kampanjen for å føra inn euroen (“eurodagane”). Di meir ein freistar å føra mottakaren attum ljoset, di meir nyttar ein seg av barnslig språkføring. Kvifor?

“Um ein vender seg til ein person som um han var 12 år gamal, so kjem han trulegt til å svara på same måten som ein 12-åring, med den same skortande kritiske sansen. Folk er sers mottakelege for å verta suggererte” (Frå “Armes silencieuses pour guerres tranquilles”).

6. Appellera til kjenslor i staden for refleksjon

Å kalla fram kjenslone er ein klassisk teknikk for å kortslutta den rasjonelle

analysen, og soleides den kritiske sansen åt individi. Bruken av emosjonelle register gjev dimeir høve til å opna inngangsporten til undermedvitet åt folk, og her kann ein planta inn idear, lystar, redslor, impulsar og måtar å te seg på.

7. Halda folk uvitande og dumme

Å syta for at ålmenta er ute or stand til å skyna dei teknologiane og metodane som vert nytta for å halda dei under kontroll.

“Kvaliteten på den utdanningi som ein gjev dei lågaste klassane lyt vera av det ringaste slaget. Ho lyt vera slik at kunnskapsgapet millom dei lågaste og dei høgaste klassane vert verande djupt og breidt, og at dei aldri vert i stand til å skyna kvifor det er slik” (Frå “Armes silencieuses pour guerres tranquilles”).

8. Uppmoda ålmenta til å gle seg yver det middelmåtige

Ein gjer det til noko “kuult” å vera kunnskapslaus, vulgær og ukultivert.

9. Skifta ut opprørstrong med skuld-kjensla

Ein fær individi til å tenkja at dei åleine er andsvarlege for ulukka si, anten som fylgja av for låg intelligens, dugløysa eller for liten innsats. Slik oppnår ein at folk – i staden for å gjera uppreist mot systemet – byrjar å sjå ned på seg sjølve og gå ikring med skuldkjensla. Dette gjer folk nedtrykte, og ein av verknadene åt dette er at folk ikkje lenger er i stand til å handla. Og utan handling, ingi endring...

10. Kjenna einskildmenneski betre enn dei kjenner seg sjølve

Dei seinaste femti åri hev det vore ein ovsttor framgang på vitskapsfronten. Dette hev skapt eit ovende stort gap millom den kunnskapen som finst millom folk flest og den som dei styrande elitane sit på og nyttar seg av. Takk vere biologien, nevrobiologien og den praktisk nytta psykologien, so hev “systemet” nådd fram til ein avansert kjennskap um korleis mennesket verkar, både kroppslegt og i kjenslelivet.

Systemet er i våre dagar kome so langt at det kjenner individet betre enn individet skulde kjenna seg sjølv. Det heiter at i dei fleste sakene so hev systemet ein sterkare kontroll og ei større makt yver individi enn det individi hev yver seg sjølve.

Parlamentsval i tri tyske delstatar

Nasjonaldemokratar i høgrepopulistisk motvind

Av Jens Richter

Den 31. august og den 14. september i haust vart det halde val i dei tri tyske delstatane Sachsen, Brandenburg og Thüringen. Frå tjoðlynd sida sett, so knytte spaningi seg serskilt til utfallet i Sachsen, der det tyske nasjonaldemokratiske partiet, NPD, alt hadde site i parlamentet i tvo periodar på rad.


Sachsen var i 2004 den fyrste delstaten der NPD makta å gjera spranget inn i eit delstatsparlament, med mest ti prosent av røystene. Mecklenburg-Vorpommern vart tvo år seinare endå eit døme på at tjoðlynde er i stand til å taka parlamentarisk andsvar.

Ti år med parlamentarisk arbeid fylgde i Sachsen, der NPD berre delvis lukkast med å byggja opp varande strukturar. Berre på nokre fåe stader lukkast det til dømes å få tak i eigedomar og integrera desse i partiverksemd, som til dømes med det tjoðlynde ungdomshuset "Haus Montag" i Saksiske Sveits. Elles so lukkast ein godt med å byggja opp krinsstruktur i partiet - sume nyskipa og andre vekte til live att. Grasrotaktivistar arbeidde trottugt, og i dei etterfylgjande kommunalvali sikra dei seg mange nye plassar i krinsstyre, byråd og heradsstyre - og desse plassane sit dei på enno.

NPD ute med knappast mogleg margin

Alt dette førde til at NPD, etter det valforskarar fortel, skulde ha fenge eit stamveljarpotensial på kring 5 prosent. Det trottuge grasrotarbeidet bar frukter, endå so mykje motgang partiet fekk i dagspressa. Kor som er, ti år etter den store framgangen i Dresden, so rauk NPD den 31. august ut or det saksiske delstatsparlamentet. Snaude 808 røyster skorta det på. Med 4,98 prosent av røystene so var dei so nært opp under sperregrensa som det var råd å koma.

Både meiningsmølingar og valdagsmølingar tydde på at partiet skulde vera sikra attval, og partiet hev tradisjonelt gjort det betre i sjølve valet enn på meiningsmølingane fyreåt. Under uppteljningi um kvelden var NPD inne



Utkoma av valet i Sachsen: NPD og FDP hamna under sperregrensa på fem prosent, medan nykomaren AfD flaug opp i mest ti prosent.

heilt fram til midnatt - då oppslutnaden brått datt ned frå meir enn 5,5 prosent til under 5 prosent på under ein halvtime. Kritiske røyster hev stelt spursmål ved um alt gjekk rett fyre seg under uppteljningi, men handfaste prov på valfusk hev so langt ikkje late seg grava fram.

Det er etter måten mange grunnar til at partiet mislukkast med å verta attvalt. Den viktugaste grunnen heiter kor som er "Alternative für Deutschland" (AfD), eit euro-kritisk protestparti som minnar um det austerriske FPÖ. AfD mislukkast ved siste val med å koma inn i forbundsdagen, men dei greidde med god margin å få fotfeste i Europaparlamentet i Brüssel. Mange veljarar i Sachsen valde AfD i staden for NPD. Ein reknar med at um lag 16.000 veljarar skifte frå NPD til AfD. AfD kom inn i den saksiske landdagen med heile 9,7 prosent av røystene i ryggen. Endå betre resultat fekk dei ved delstatsvali i Thüringen og Brandenburg der 14. september, der dei fekk 10,6% og 12,2% av røystene. I baa desse tvo delstatane låg NPD godt under sperregrensa på 5%.

Med tapet i Sachsen-parlamentet, so miste den nasjonaldemokratiske rørsle ein viktug struktur i Tyskland. Inntoget i i 2004 var ein milestein i partisoga. Visst hev NPD framleis ei sterk kommunal forankring, men tilknytingi til delstatsparlamentet gav innsyner i grunnleggjande sidor ved politikken å styresmak-

tene. Utan denne tilknytingi vert det kommunale arbeidet vandslegare, det med.

AfD: Ei medieskapt protestovring

Medan NPD systematisk er vorte tagt ned i media, hev AfD det seinaste året stødt fenge meir merksemd i dagspressa. AfD er framfor alt eit parti som appellerar til misnøgde gjennomsnittsborgarar. Folk flest er luta leide av EU-tilmåting, ukontrollert innvandring og usosiale nedskjeringar i velferdssektoren. Soleides vil dei gjerne ha noko "nytt" og "alternativt", men samstundes skal det helst vera noko som kjenner seg trygt og systemkonformt - med ein bodskap som kleiar tollegt godt i øyra. Det er nett her at nye parti som AfD kjem inn i bilætet. Dette er den same utviklingi som ein ser i andre land i Vest-Europa, til dømes i Storbritannia der UK Independence Party vart drege fram og gjeve masse mediemerksed nett på det tidspunktet då British National Party stod framfor eit gjenombrot. Sams for alle desse "nye" høgrepopulistiske partii er at dei ikkje steller spursmål ved sjølve det politiske systemet. Dei krev reformer på einskildumkverve, men er korkje viljuge eller i stand til å skapa nokor grunnleggjande endring til bate for det store fleirtalet - korkje i Sachsen, Tyskland eller Europa.

Spredid høgnorsk lesnad!

Og me gjev etter...

Av Stephan Krämer

Det er sundagskveld. Eg sit på balkongen med ei veninda, og me drikk kvar vår kalde øl på slutten av ein solfylt vårdag. På radio kjem det atter ei melding um ufreden i Syria. Atter er det døde, atter er folk opprårde, atter ingen ende i sikte. I årevis hev det vore borgarkrig i eit land som ein gong var ei perla i Orienten. Ei nyhendemelding fortel at ei gruppa islamistiske ekstremistar hev øydelagt eldgamle statuer. Det var avgudsbilæte, meinte dei. Her i Vesten vilde ein ha sagt at det er uvurderlege kulturskattar frå dei fyrste sivilisasjonane.

“Eg undrast korleis det er moglegt, at den arabiske verdi i dei seinaste femti åri hev gjenge hundrads år attende, og det både når det gjeld moralske normar og verde og når det kjem til korleides samfundet skal styrast...” Ho såg på meg og svara: “Den arabiske verdi?” “Ja, den arabiske verdi”. “Det er ikkje den arabiske verdi, det er nokre fåe ekstremistar, ein liten minoritet som skaper mykje støy, og som terroriserar den normale folkesetnaden!”

Eg kann ikkje segja henne imot. På mange måtar var ho alltid nøgnare enn eg. Politisk stend me langt frå einannan, men når det kjem til heilt grunnleggjande emne, emne knytte til sjølve menneskenaturen, so er me for det meste på den same lina.

“Frå mi sida sett so hadde eit diktatur vore betre. Helder ein sterk mann i spissen av riksstyret enn at tusundtals menneske lyt flykta eller døy. Det som hender i dag er det globale pengekrefter som hev provosert fram. Tidlegare var folk i stand til å liva saman - no meiar tidlegare grannar kvarandre ned. Berre for skuld ein religion, berre av di einkvan kjeltringen hev gjeve pengar til andre kjeltringar som hevdar å målbera ymse slags verd-såskodingar.” Ho hev inkje å segja til dette.

Mange dagar seinare so tenkjer eg framleides på det ho sa: “Det er nokre fåe ekstremistar, ein liten minoritet som skaper mykje støy, og som terroriserar den normale folkesetnaden!” Ute på marknadsplassen vert det skipa til ein demonstrasjon. Som so ofte er det ein demonstrasjon mot nazistar. Eg steller meg spursmålet um kven det er dei framleis siktartil. “Nazistar” hev me ikkje havt på 70 år no, framandfiendskap finst det derimot yveralt. I forstaden der eg bur



”Det er ikkje den arabiske verdi, det er nokre fåe ekstremistar, ein liten minoritet som skaper mykje støy, og som terroriserar den normale folkesetnaden!”

er det vorte eit fleirtal av muslimar. Eg hadde kor som er aldri fyrestelt meg at den religiøse ekstremismen og rasehatet som sumtid kjem til uttrykk der kunde verta umtala som “nazisme”. Eg er glad i landet mitt, eg veit kor ille det stend til, eg uppliver det dag etter dag. Eg er nok eit potensielt fiendebilæte for dei menneski som er ute på marknadsplassen og demonstrerar. For kven demonstrerar dei? Eller demonstrerar dei berre imot meg, av di eg no ein gong er den eg er?

Alle deltakarane på den nemnde demonstrasjonen er utan undantak tyskarar, endå meir tyske enn det eg er. Dei held uppe plakatar som syner fram bilæte av utbomba tyske byar. Dei hæder dei døde, døde menneske som dei aldri hadde noko med å gjera, menneske dei aldri vart kjende med. “Still loving Volkstod”, heiter det på ein transparent. Eg ser ikkje ein einaste “utlending” i rekkjone av demonstrantar, det er likt til at dei ikkje interesserar seg stort for slike. Eg ser berre desse demonstrantane, so eg gjeng vidare. Eg segjer til meg sjølv at dette er einast nokre fåe ekstremistar, ein liten minoritet som skaper mykje støy, og som terroriserar den normale folkesetnaden - i minsto freistar dei å gjera det.

Er det ikkje slik? Me hev ingen borgarkrig i dette landet. I røyndi gjeng det oss sers godt her i Tyskland. I minsto enno. Når eg gjeng burtetter gata, so ser eg bøygde hovud. Annankvar person som eg gjeng forbi heng med hovudet, eit par halvsterke personar talar i telefon og

slenstrar breidskuldra burtetter gata, nokre fåe talar med einannan her og der, ein uteliggjar samlar flaskor og fær kommentarar slengde etter seg. Normalt nok. Men i grunnen er det ei trykkjande stemning yver det heile.

Trykkjande, det er ordet ein kann nytta. Slik er det vorte i kvar ein by i det seinaste. Grannane lit ikkje lenger på kvarandre, nett som i Syria, berre utan at det vert løyst skot av det. Mange som er her hev ikkje ein gong lært seg å tala språket i dette landet flytande. Og kvifor skulde dei? Dei er komne til eit land som ikkje lenger ynskjer å vera det. Ein rotande konstruksjon, ribba for innhald, ein stat i namnet meir enn i gagnet.

Det er den feige andsvarsløysa som landet vårt dag etter dag lyt uppliva. Ikkje berre andsynes dei som er fødte her og som ikkje hev nokon annan stad å reisa til, i alle fall ikkje heilt utan vidare. Det er like mykje andsynes dei som kjem her til landet vårt. Tyskland, det er ein burt-skjemd og dårlegt uppseda unge (både innfødde tyskarar og innvandrarakar) putta saman med ein stykson eller ei stykdotter som ingen bryr seg um (nokre fåe tyskarar - og utlendingar som sjølve hev integrert seg og som på mange måtar er vortne tyskare enn dei innfødde tyskarane sjølve).

Integrasjon vert det meiningslaust å tala um. Han som ikkje sjølv integrerar seg, vert ikkje integrert. For å få til det so treng ein både flaks og viljestyrke, og ikkje velja minste motstands veg. Det er

ikkje so lett i dette landet. Frå vinstresida sett so toler ein det meste. Jamvel rettleegt krasse saker: Hæding av valdtektsoffer (“Still loving Volkstod”), krigsoffer, valdsoffer, jamvel ungdomar som i dette samfundet er vortne slegne i hel. “Frikjend”, slo domaren fast. Eller “formildande umstende”, grunna den kulturelle bakgrunnen. “Han kjende ikkje til noko anna. Han stamma frå ein huslyd der vart problem løyste med valdsbruk. For slike er terapi betre enn fengsel”.

Skal tru um ikkje denne domen er ei større forbanning for gjerningsmannen enn det ei fengselsstraff hadde vore? Kva med huslyden åt offeri, kva med smertene åt dei som seda upp borni sine til å løysa problemi utan å ty til vald, og som difor aldri hadde lært deim korleis dei skulde forsvara seg?

Frå vinstrehald høyrer ein at “folk som opplever slikt hev bede um det sjølve”. Men det er ikkje sant, og det veit me godt. Jamvel på vinstresida veit dei det. Difor kastar dei steinar.

Kvifor er desse folki “dårleggt integrerte”? Av di “me” hatar oss sjølve. Korleis kann ein venta seg at andre skal tykkja um oss når me ikkje tykkjer um oss sjølve? Tyskland er den sjuke, vesale emoen i hjarta av Europa, halden i sjakk av masochistiske, raude stormtroppar. Dei sistnemnde fær klapp på skuldri frå styresmaktene som gjer resten av jobben. Røystene våre skal verta knebla under desse som kvar dag gjev oss fiendslege blikk, som um me var vortne framande i eige land. Blikk som segjer: “Det kjem til å vera upp til oss korleis det gjeng med

deg og etterkomarane dine”. Blikk som ofte vert til meir enn berre blikk.

Forfedrane mine var ikkje komne til dette landet av di eg evig skal gjera avlat for brotsverk som eg aldri hev gjort. Forfedrane mine kom her av di det var eit godt land, med ein stor kultur og med eit verdfullt lynne. Eit land med ei soga som ikkje kann minkast ned til tvo dystre epokar, framfor alt ikkje idag. Eg hev aldri gjenge i krigen, og ikkje er eg tenkt å gjera det helder. Likevel ser eg korleis ufreden sakte, men sikkert, når fram til gatone våre. Eg krev retten til å tykkja vel um mitt eige land. Eg vil vera byrg, byrg yver å kunna liva her, tala dette tungemålet, få vera meg sjølv. “Og korleis kann du vera byrg yver noko som du ikkje kann hjelpa noko for?” -Du, det klarar seg no!


Ein annan dag er komen. Eg sit med eit par tyrkiske arbeidsfelagar. Me er samla kring bordet og spelar kort under eit seminar. Me hev nyss vitja ein moske, det hørde med til programmet på seminaret. Temaet var “verdsreligionar”. Endå so krampaktig venlegt me vart tekne imot, so kjende det seg som um fiendskapen låg i lufti, og felagane mine skjemde seg yver trudomsbrørne sine. Dei segjer det ikkje ende fram, det skynar eg, og dei freistar taka gastgjevaren i forsvar. Alle er rolege. Eg kjem til temaet som me alt var innum i moskeen, det sveiv seg um kvinnerettar. “Kva vilde du ha sagt, um eg gifte meg med ei tyrkisk kvinna, ei muslimsk kvinna altso, endå um eg sjølv er kristeleg?” - Meir skal det ikkje til fyre ordskiftet vert heitt: “Kva i

alle dagar vil du med ei muslimsk kvinna?” “Tja, når de kann gifta dykk med kristne kvinnor, då kann vel eg finna meg ei muslimsk ei, eller kva?” Dei finn ingen god grunn for kvifor eg ikkje skulde kunna gjera det, det er berre religionen som forbyd dei det. Likevel øsar dei seg upp. Etter ei stund roar det seg att. “På meg verkar det ulogisk, beint fram løgje,” svarar eg. “Um eg skulde ha funne meg ei muslimsk kona, so er ikkje det noko verre enn um de finn dykk tyske konor...” “Ja, du kunde kanskje få det til. Men til vanlegt hev tyskarane ingi æra. Dei ærar korkje huslyden sin eller landet der dei ein gong vert gravlagde”.

Eg undrast um dei ikkje hev råka spikaren på hovudet. Er det ikkje der 68-ættleden hev ført oss, på flukt inn i ein slags apati der me dyrkar idyllen og privatlivet? Det er i alle fall råkande nok når det kjem til den sokalla integrasjonsproblematikken. Kven er det vel som vil ha ein veik og sjølvutslettande verbror i huset, ein som stødt bed um orsaking for at han er til? Ein som dreg seg attende og tykkjer synd i seg sjølv, i staden for å svara på tiltala?

Eg trur eg kann skyna dei, i alle fall eit stykkje på veg. Kann henda tenkjer dei med at det sjuke hjarta i Europa ein dag lyt koma til sans og samling att. At gastgjevaren endelegt hugsar at det er han sjølv som skulde ha site i høgsetet og skoda mot gjestene sine. Venlegt, måvita, men utan at nokon skulde vera i tvil um kven som er herren i huset. Kann henda styggest dei tyrkiske felagane mine like mykje yver stoda i dag som det eg gjer. Men likevel vert dei verande her...

Eg drikk ei ny øl med den nemnde veninda på balkongen. Det er vorte stilt framfor bustadblokki. For tvo dagar sidan hev ein ung mann freista valdtaka ei dama på opi gata. Ordet “innvandrarbakgrunn” kann ein ikkje lenger nytta, men alle her veit kven det atter var. Jamvel dei verste psykopatane finn i dette landet eit system som vernar dei. Dei finn forståing, takk vere eit “progressivt” verdsbilæte som ikkje er anna enn rasis-tisk. “Dei framande kann ikkje noko for det, dei kjem frå ein vanskeleg kulturbakgrunn...” Ja, altso kann dei valdtaka, myrda, stela. Dei dreg på denne måten alle landsmennene sine med ned i skiten. Nokre fåe ekstremistar, heiter det. Og Tyskland gjev etter...



”Dei held uppe plakatar som syner fram bilæte av utbomba tyske byar. Dei hæder dei døde, døde menneske som dei aldri hadde noko med å gjera, menneske dei aldri vart kjende med.”

Primo de Rivera - nyskapande nasjonalisme

Av Olav Torheim

I dette stykket skal me sjå nærare på tankane til den spanske advokaten, adelsmannen, politikaren og grunnleggjaren av den spanske falangen, best kjend som Primo de Rivera (1903 - 1936). Hans fulle namn og titel var Don José Antonio Primo de Rivera y Sáenz de Heredia, fyrste hertug av Primo de Rivera, tredje markgreve av Estella, Grandee av Spania..

Jose Antonio var son åt militærdiktatoren Miguel Primo de Rivera, som styrde Spania frå 1923 til 1930. Men so lenge far hans styrde landet, so vilde han ikkje ha noko politisk umbod, han ynskte ikkje å verta politisk aktiv. Fyrst etter at styret til faren hadde falle, då han sjølv ikkje lenger hadde noko å henta hjå styresmaktene, då vart han aktivist. Til å byrja med var det einast for å verna um ettermålet åt far sin, og sidan for å vera med og føra landet sitt i ei ny stemneleid.

30 år gamal var han då han stod fram politisk. 33 år var han då han vart drepen. I tri år var han skribent, aktivist og organisator. Kor som er, han fekk gjort meir på desse 3 åri enn mange andre i eit heilt liv.

Det er skrivne hopetals med bøker um yvergrep og massakrar som skal ha vorte gjorde på bae sidor under den spanske borgarkrigen. Primo de Rivera døydde kor som er utan noko spansk blod på hendene. Han vart kasta i fengsel og myrda av styresmaktene i dagane som leidde fram til borgarkrigen.

Kvifor er Jose Antonio Primo de Rivera framleis aktuell? Av di han var ein av dei som våga tenkja store tankar. Ein visjonar, vilde nok mange ha sagt. Han grunnla den spanske falangen og var med på å gjeva liv til ein ny tjodlynd tankebygnad, nasjonal-syndikalismen.

Den fyrste store tanken: Folkehopehavet

Det vert ofte sagt at folk hev ikkje greida på politikk, men det hev ikkje politikarane helder. I vårt eige Noreg vert tusundtals nye lover og reglar frå EU vedtekte utan at politikarane nokon gong hev lese dei. Vøre det ikkje betre at dei som hadde greida på eit tema, dei som arbeidde med emnet og til daglegt var involverte i det, var dei som tok avgjerdene knytte til dette emnet med? Primo de Rivera var ein av dei som tykte det.

Det liberale demokratiet hev til fyresetnad at menneske vert minka ned til individ, til det som gjer dei like alle andre. Men menneske er meir enn individ, menneske er personar. Det som gjer eit menneske til ein person er det same som gjer det ulikt frå andre menneske. Plassen og rolla me hev i samfundet, i samspel



med andre menneske.

Jose Antonio Primo de Rivera meinte at det er noko grunnleggjande gale med det liberale demokratiet. Det er ein slags konfliktmodell der gruppor i samfundet skal kjempa mot einannan, og der utfallet av denne kampen ikkje er noko anna enn at fleirtalet skal avgjera. Med denne modellen lagd til grunn, so skal ikkje staten vera noko anna enn eit instrument for den gruppa som til kvar tid er i fleirtal: Staten sine tenestemenn skal til kvar tid retta seg etter fleirtalet og ikkje sjølve ha nokon røyning vilje til å styra landet. Kwart fjerde år skal folket putta ein røysetel i ei urna, og utfallet av desse røystingane skal staten vera fullstendig likesæl til.

Ut anum denne eine dagen, kvart fjerde år, so skal ikkje folket styra, men styrast. Her med ligg det ei grunnleggjande sjølvmotsegjing.

Grunnlaget for heile denne modellen er etter Primo de Rivera sitt syn fullstendig kunstig, og soleides tener det helder ikkje til anna enn å kløyva folk upp etter skiljeliner som er kunstige. Det er ingen menneske er fødde inn i eit parti eller fødde til å målbera nokon særskild politisk ideologi. Folk flest reknar seg ikkje som sosialistar eller som borgarlege, ikkje den gongen og slett ikkje i dag.

Derimot høyrer me alle inn i ein samanheng. Me er alle fødde inn i ein familie. Me bur alle i eit lokalsamfund. Me fær oss alle fyrr eller seinare eit arbeid som me held på med til daglegt og som me kjenner oss ut med. Det er ut frå denne samanhengen at me kann handla og påverka samfundet ikring oss.

Den andre store tanken: Syndikatet

Tanken til Primo de Rivera var at dei som i det daglege var involverte på eit umkverve, var dei som hadde fyresetnadene for å taka avgjerder på dette umkvervet. I staden for fagforeiningar og arbeidsgjevarorganisasjonar, som stod for kvar sine motstridande særinteressor, skulde alle som var involverte i ei næring verta samla i syndikat, og syndikatet skulde

tena interessone åt samfundet i sin heilskap.

Dette er litt av den same modellen som ein hadde i millomaldere, der småborgarskapen var samla i laug (handverkarar) og gilde (kjøpmenner). Den gongen var det framleis slik at dei som laga produkti var dei som åtte dei. Men i våre dagar er produksjonen vorten automatisert og gjord so umfemmande og effektivt at småproduzentane hev kvorve burt.

Det vert sagt at kommunismen skulde avskipa privateigedomen, men langt på veg hev globalkapitalismen gjort det same: Det er store, anonyme aksjeselskap som eig det aller meste i våre dagar. Handverkaren som eig og sel sine egne produkt, direktøren som eig og styrer si eigi industriverksemd, alt dette er vorte meir og meir sjeldsynt. Likeins er det i våre dagar vorte so populært å "eiga" sin eigen bustad, framfor å leiga, men kann ein segja at ein eig noko når ein er nedsynta i skuld heilt til dess ein nærmar seg pensjonsalderen?

På same måten ser me i våre dagar, i vårt eige Noreg, korleis viktige avgjerder skule vert tekne yver hovudet på borgarane, av regionale byråkratar og av politikarar på riksnivå. Vøre det ikkje betre um dei som var involverte i helsestellet og som kjende dette best, anten det var helsesyster eller lækjarar, var dei som styrde og organiserte det heile? Slik vilde i alle fall Primo de Rivera ha tenkt.

Dei politiske partii er kunstige, dei treng konstant rekruttering og tilførsel av statsmidlar for å yverliva. Dei som hev mest ressursar, som pengar og kontroll med massemedia, er dei som vinn fleirtalet når folk flest vert tvinga til å taka avgjerder i saker som dei ikkje hev greida på, also dei fleste sakene utanum dei som dei sjølve er involverte i.

Primo de Rivera såg fyre seg at syndikatet skulde verta verktøyet som folket og nasjonen kunde nytta til å taka lagnaden attende i egne hender.

Den tredje store tanken: Imperiet

Den tredje store tanken hjå Primo de Rivera som eg vil draga fram er tanken um imperiet. Dette er ein annan og større tanke enn dei tankane, eller snarare kjenslone, som dreg oss alle mot heimstaden vår, mot heimbyen, mot gata der me voks upp...

Me hev alle - i alle fall dei fleste av oss - ein spontan dragnad mot det nære og heimlege, ein slags lokalpatriotisme ("Byen e' Bergen og laget e' Brann"). Men den røyninge patriotismen - slik Primo de Rivera ser det - sviv seg um noko høgare enn det (her kann me for vår eigen part sjå fyre oss ei liknande jam-

føring millom dialektane og høgnorsken).

Spania hev framigjenom havt problem med separatistrørslor. Ute i regionane ser folk seg spontant som baskarar, katalonarar, andalusarar, aragonesarar eller asturianarar. Primo de Rivero átvara mot å freista tyna dei lokale identitetane. Desse identitetane er røynelege, og noko folk spontant kjenner på. Og det kjem neppe noko godt av å freista setja ei verkeleg kjensla upp mot ei onnor. Den lokale samkjensla er naturleg, men ikkje nok. Den store tanken er å sjå at spanjolane hev eit sams lagnadshopehav.

Det som gjer eit menneske til ein person er det som gjer det ulikt andre menneske. Altso det som gjer det einskilde mennesket til noko eineståande, til noko meir enn berre eit personnummer i statistikken. Slik er det med nasjonar med. Det som gjer eit folk til ein nasjon er det som gjer dette folket til noko historisk eineståande i høve til andre folkeslag. Spania hev vore ein nasjon med ei stor og ærerik fortid, det hev sett sitt fotavtrykk på heile verdi. Det vøre ei fallitfråsegn å segja at denne tidi no er forbi og at landet berre skal løysa seg upp i småe, lokale regionar som skal styra og stella kvar for seg - slik dei mange separatistrørslone både tok og tek til ords for.

Ein nasjon er ikkje eit sams språk, eit sams territorium eller ein sams etnisk bakgrunn. Alt dette kann dana underlaget for ein nasjon, men det er ikkje det som gjer det til ein nasjon, hevda Primo de Rivera. Nasjonen er eit historisk lagnadshopehav. Eit folk er einast ein nasjon når det hev ein lagnad, ei historisk oppgåva, som skil seg frå den til andre folk. Dei lokale kjenslone kjem frå hjarta, men den nasjonale tanken er noko høgare som er rømd i intellektet, meinte Primo de Rivera.

Koplingar til andre land

I Tyskland ser me til dømes korleis det i våre dagar framleis er fullt ut akseptert å vera lokalpatriot, å vera hesse eller bayer eller schwäbe. Denne lokalpatriotismen er so sterkt forankra at ingen kunde tenkja seg slå ned på honom. Det som derimot er vorte gjort til noko suspekt, det er å hevja seg eit nivå yver dette og verta uppteken av det tyske, for ikkje å tala um noko slikt som det germanske. Å segja at ein er tyskar og at ein er byrg yver det, det er det i våre dagar einast stovereint å segja når det er verdsmeisterskap i fotball...

Kva so med Noreg? I den norske mål-rørsla er den baskiske og katalonske separatismen tidt og ofte dregen fram som døme til etterfylgjing. Alle slags småe språk- og lausrivingsrørslor er noko mål-rørsla og serskilt mål-lungdomen nær sagt hev havt plikt til å sty-dja upp um. På same måten hev mål-rørsla vorte til ei dialekt-rørsla meir enn ei norsk mål-

rørsla. Å læra akademikarar og innvandrarar upp i normaltalemål er ein imot, men å driva med visesong og rap på dialekt er ein for.

Det er elles symptomatisk for den nye 2011-rettskrivingi åt nynorsken at det er vorte lovlegt å skriva "dokker" i staden for dykk. Ei form som aldri hev havt hevd i skriftmålet, men som kanskje er ei slags tilmåting til SMS-språket? Nynorsken skal liggja so nær upp mot talemålet som råd er, med "dokker" og "anbeheitelse", altso alt som kjenner seg nært, naturlegt og spontant. Den store tanken til Ivar Aasen, tanken um å reisa eit norskt kultur-mål som samla målføri - i staden for å kløyva dei - den tanken er gøymd burt. Me skal vera nynorske og naturlege i dei nære tingi - her skal det vera talemålsnær nynorsk eller aller helst rein dialekt - og so skal me nytta bokmål og anglonorsk til alt som er tungt og seriøst.

Imperietanken åt Primo de Rivera er heilt klårt noko målfolk hadde mykje å læra av, er det nok mange som vilde ha sagt.

I Libanon er det kristne Kateab-partiet vortne etterfylgjarar etter den spanske falangen. Det libanesiske falangistpartiet hadde litt av den same imperietanken som Primo de Rivera : Libanon er sett i hop av mange ulike etniske grupper, men nett denne samansetnaden gjer landet til noko unikt i Midtausten, og dei kristne i landet hev ei serskild rolla med å halda landet i hop. Det er ikkje so godt kjent, men faktisk var det europeiske friviljuge med og kjempa saman med det libanesiske falangistpartiet under borgarkrigen på 70- og 80-talet (Sjå til dømes Francis Bergeron sin artikkel "1976, des volontaires nationalistes français aux côtés des phalangistes libanais, une histoire méconnue", prenta i tidskriftet Synthèse Nationale, nummer 35, april 2014).

Arven etter de Rivera

I Spania vann som kjent den nasjonale sida den blodige borgarkrigen etter tri år med krigføring. Det var ein siger som Primo de Rivera sjølv aldri kom til å uppliva. Men um han hadde gjort det, so hadde han nok vorte vonbroten. Den grunnleggjande samfundsumveltingi han hadde vona på, ho kom aldri.

Primo de Rivera gjorde ein analyse av militærstyret til faren som på mange måtar råka like godt det styret som Franco seinare skulde byggja upp. Primo de Rivera såg at regimet til faren truleg stod og fall med far hans som person. Korkje Miguel Primo de Rivera eller Franco makta å byggja upp nokon sterk ideologi eller nokor rørsla som kunde føra prosjekti deira vidare. Tvert imot so meir eller mindre likviderte Franco den spanske falangen, med di rørsla vart tvangssamanslegi med ymse andre politiske rørslor og gjorde

um til Franco sitt statsberande parti.

De Rivera slo fast at um det skulde visa seg at den nasjonale uppreisten ikkje var noko anna enn ein konservativ uppreist for å halda på gamle privilegium, so kom han til å verta kasta i fengsel under det nye regimet med. So langt kom det likevel aldri. Primo de Rivera vart gjort til eit ikon i det Franco-styrde Spania, men hadde han yverlevd borgarkrigen so hadde det trulegt kome til ein konfrontasjon millom dei tvo.

Franco var ingen radikal tjodlynd. Tvert imot, han var ein reaksjonær. Han hadde makbasen sin i militæret og i den katolske kyrkja, han bygde på det som var framfor å skapa noko nytt. Han gav all makti til kong Juan Carlos då han døydde, men kongen var meir interessert i å liva eit luksusliv enn å taka på seg andsvaret for å styra landet, og han valde å innføra liberalt demokrati so snart Franco var burte. I dag hevdar mange tungor at jamvel det spanske monarkiet stend for fall, i alle fall um ein ser på dei mange demonstrasjonane mot dette - og den minkande mengdi støttespelarar for monarkiet som vågar gå imot desse.

I det gamle standssamfundet var det slik at eigedom og makt var privilegium som det fylgde eit andsvar med. Ein kunde ikkje gjera nett som ein vilde, med eigedom fylgde både rett og plikt. I Noreg er framleis odels- og åseteretten eit livande døme på dette, endå so uthola han er vorten i vore dagar. Kor som er, det er onnorleides med den moderne borgarskapen: Det som dei eig, det hev dei tent sjølve, og med det gjer dei nett som dei sjølve vil. Her ligg kimen til heile den rotlause forbrukarmentaliteten som i våre dagar øydelegg for både menneske og miljø...

Ein må aldri tenkja at framtidi er tryggja berre landet hev dei rette lovene, um berre styresettet på papiret ser ut til å vera det rette. Eit politisk system er aldri betre enn menneski som skal varveitsla dette systemet. Det nytta ikkje å gjeva makti attende til kyrkja og adelen dersom desse i millomtidi hadde fengje den same innstillingi som borgarskapen. Slik vilde nok Primo de Rivera ha konkludert, hadde han yverlevt borgarkrigen.

Når nasjonalsinna arbeider for nye vindar i Noreg, so kann det ikkje vera for å venda attende til noko som ein gong var og som aldri kann koma attende. Det kann ikkje vera for å leggja all makt i hendene til kronprins Haakon Magnus og hans merkelegt utvalde gemal. Det kann helder ikkje vera for å føra inn att ei allmektig statskyrkja under leiding av dei liberale prestane til Gunnar Stålsett. Ein lyt våga å tenkja større tankar enn som so, og her kunde Primo de Rivera sine tankar og skrifter vera eit interessant innspel i ordskiftet.

Boksing - idrotten som vekker krigaren

Av Olav Torheim

Med dette innlegget vil eg slå eit slag for boksportsporten. Sume kritikarar meiner at det ikkje burde ha vore for ein sport å rekna i det heile, medan andre meiner at det er den originale, primale og einaste rettelege mannfolkidrotten - frå dei romerske gladiatorane til markien av Queensbeery sin gentlemanssport - med kamp på turre nevene.

Kva er det som er so hugtakande med boksing? Eg vil byrja med å gjeva dykk fem punkt:

1. Ein kann byrja frå kva nivå ein enn er på. Det er mest som sjakk, det er i prinsippet berre nokre fåe grunnleggjande reglar og teknikkar å tileigna seg, men derifrå er det endelaust mange kombinasjonar og raffinerte metodar å ganga vidare med. Alle kann byrja, men ingen vert utlærd.

2. Ein trenar heile kroppen - alle viktige muskelgrupper, både hender, føter og magemuskular. Ein boksar treng å vera i toppform. Det gjeld både styrke, kondisjon og ikkje minst disiplin. Ein må vera i stand til å gje alt og tola alt. Å vera i ringen er den fullkomne manndomsprøven.

3. Ein treng ikkje mykje utstyr for å koma i gang. Bandasjar, boksehandskar og munnvern er i prinsippet alt ein treng. Eventuelt hoppetau til uthaldstrening. Mange andre idrottar, som kliving og sykling, hev til fyresetnad at ein stødt samlar seg meir og meir dyrt utstyr. Tradisjonelt hev boksing vore ein billeg sport å driva med, og det er noko av grunnen til at han serskilt hev vore umtykt millom arbeidarklasseungdom - og jamvel hjå studentar i universitetsmiljø.

4. Det er ein realistisk kampsport. I eit slagsmål er det framfor alt to ting som gjeld: Slå fyrst og slå hardt. Det er det som må til for å vinna basketaket, og med boksing lærer du nett dette. Det er ein sport som er rett på sak, og der dei mest einfelde teknikkane ofte er dei beste. Ein boksar hadde lett vunne mot ein karateutøvar eller mot ein kickboksar for den saks skuld (det er i alle fall mitt påstand).

5. I sjakk er det slik at til kvart trekk finst det eit mottrekk, og slik er det i boksing med. I prinsippet skal ein ikkje trenga å verta råka av eit einaste slag, det er når ein gjer mistak at motparten greider å få inn eit skikkelegt treff. Tvo trente boksarar fær



ikkje so mange skikkelege slag under ein kamp. Det er soleides ein sport som kann vera mindre brutal enn det ser ut til.

Det er ikkje med rå kraft at ein vinn ein boksekamp, det er snarare med taktikk og teft. Ein lyt freista analysa motstandaren. lesa kroppsspråket hans, sjå kva slags mistak han gjer og finna ut korleis ein kann få honom til å gjera mistak. Korleis er det motstandaren gjeng fram, kva slags slagkombinasjonar nyttar han og korleis svarar han på dine slag? Kva tid opnar han seg for eit velretta slag? Er det råd å lura honom inn i eit hyrne? Det gjeld å nytta hovudet og ikkje minst gjeld det å vera i stand til å psyka ut motstandaren: Ikkje lat honom skyna at du er sliten og ikkje syn at eit hardt slag gjorde låkt. Sume boksarar hev denne evna i kroppen. Dei trenar ikkje so altfor mykje, men dei hev forståing for sjølve spelet - som er å råka hardt og avskrekka. Døme på dette kunde vera den tidlegare norske proffboksaren Roar Petajamaa eller den vidgjetne amerikanske trenaren Emmanuel Steward.

Å klara seg i bokseringen er 90 prosent ei mental øving. Men desse 90 prosentti hev til fyresetnad at ein alt er på topp fysisk. Dei fysiske 10 prosentti må vera på plass. Ein må ha god kondisjon og ein må klara slappa av og halda seg med den rette pusteteknikken - elles er ein blå på lippone alt etter fyrste runden, og slegen ut i dei neste. Å gå ein boksekamp kann soleides jamførast med ein fjelltur. Det er ikkje noko

ein kann gje seg ut på utan fyrebuing.

Endå um trenaren hjelper so godt han kann med råd og rettleiding, so er ein er åleine i ringen. Det einaste ein hev å hjelpa seg med er knyttnevene sine. Ein kann ikkje halda motstandaren fast eller leggja honom i bakken. Ein lyt slå eller verta slegen so lenge kampen stend på.

Årsaki til at boksing er so effektivt, sett i ein historisk kontekst, er at ein lærer grunnleggjande teknikkar som finting og motåtak. Og til skilnad frå bryting og kickboksing, so kann boksarar utstyrt med knivar, steinar eller slåsthandskar. På denne måten hev boksarar synt seg å vera sers effektive, både i ville vesten, i skyttargravstumultane i Verdun og for romerske legionærar som pressa fiendane saman millom skjelpaddeformasjonar.

Men er ikkje boksing er færlig sport? Javisst er det det. Ein knockout er utan tvil ein heileskade, og proffboksing hev med rette vorte umtala som ein av verdsens færligaste idrottar. Amatørboksing er derimot underlagt ei rad ulike åtgjerder som skal gjera idrotten tryggare. Den viktugaste skilnaden er kor som er at ein med amatør-boksing gjeng færre og stuttare rundar. Kampene vert avgjorde av kven som hev fenge flest treff og ikkje av kven som etter eit titals rundar ikkje lenger er i stand til å reisa seg. Statistikken syner vidare at jamført med annan idrott er amatør-boksing langt nede på lista når det gjeld skadar, til dømes er fotball ein langt færligare sport. Kor som er: Ein risiko for å verta skadd er

det visselegt med all fysisk aktivitet.

Sume hev teke til ords for å endra reglane slik at ein einast skal ha lov til å nytta slag mot kroppen, og ikkje mot hovudet. Slik fær ein færre hovudskader. Problemet her er at det då ikkje er nokon realistisk kampsport lenger.

Um ein vil driva med boksing, so gjeld det soleides um å sleppa å få so altfor mange slag i hovudet. Dette inneber at ein treng å ha eit godt forsvar, ein må kunna blokkera og dukka kjarpt, ein må vera kjapp og sterk og ein må ha god kondisjon. Utan dette grunnlaget so vilde eg ikkje ha tilrådd nokon som helst å gå i boksering.

Til sjuande og sist er boksing til liks med all annan kampsport eit spørsmål um å ha det rette huglaget. Ein lyt vera til stades her og no, og ein lyt ha kontroll yver både pust, redsla og sinne. Ein lyt tola å verta pressa til det ytste. Det er ein idrott som vekkjer krigaren i deg.



Fensal frå leikarring til boksering

Av Olav Torheim

Fyrste helgi i oktober var det for fjerde gongen duka for "Fight-Festival" i Fensal i Bergen. Det er ein festival der unge atletar frå kampsportmiljøet fær bryna seg mot kvarandre. Adrenalin-nivået var høgt og stemningi god når slåstjempor frå Noreg og England braka saman.

Det var ei tid då målfolk stod saman i kampen for det norske målet. Stridane og sigrane var mange. Seinare vart dei mest upptekne av å kjempa mot kvarandre, framfor alt um kva slags rettskriving som skulde nyttast. Gode, gamle Fensal var åstad for mange av desse kampane. Kor som er, alt dette er lenge sidan no. Bondeungdomslaget i Bergen hev slege seg saman med Ervingen og flutt yver i Gimle, og norsksdomshøgborgi på Fensal er vorte til Bergen Internasjonale Kultursenter.

Fredag 4. oktober gjekk det endå ein gong på nevane laus i den gamle norsksdomshøgborgi, men denne gongen i litt meir kontrollerte former enn det gjorde utanfor Gimle under årsmøtet i Bladmannelaget for ti år sidan.

Festivalen hadde ei ymserikt kampoppsett, med både boksing, kickboksing og MMA-fribryting. Ei gruppa kampsportutøvarar frå England hadde teke turen til Bergen i samband med festivalen, og kampane var organiserte slik at det heile tidi var ein norsk og ein engelsk

utøvar som gjekk mot kvarandre.

Motstandarane helsa fyrst vyrdsamt på einannan. Dinæst gjekk dei laus på kvarandre med både slag og spark – og til slutt tok dei einannan atter i hendene og var vener og forlikte. I kampens hete gjeld det um å gjeva alt, men til sjuande og sist sviv det seg meir um å gjera ein god kamp enn å vinna.

Det var ei frygd for auga å sjå det høge nivået som kampane vart førde på.

Både boksing og fribryting er harde kontaktsportar som krev det maksimale av utøvaren, både fysisk (styrke, kondisjon) og mentalt (disiplin). Hadde målfolket framleis havt litt av den kampviljen som me såg i Fensal denne helgi, so hadde bokmålsveldet vore nede for teljing for lenge sidan.

Til slutt ein takk til etphotography som lånte oss bilæti...



Postmoderne litteratur

Av Lars Bjarne Marøy

Me hev skrive um postmodernisme i Målmannen tidlegare, men eg hev ikkje granska det ein kann rekna for postmodernistisk litteratur på nært hald. Det vil eg gjera i denne artikkelen.

Postmodernismen er ei motstridande retning. På den eine sida let det til å vera slutt på postmodernismen i dag, iallfall er det slutt på den tidi då ein tala høgt um postmodernisme og forfattarar som var typiske postmodernistar. Mange forfattarar skriv som dei alltid hev gjort utan å vera serskilt upptekne av å vera knytte til ei fast farleid. Å snakka um postmodernisme er difor i seg sjølv noko som forfattarane kann setja seg i mot og som litteraturgranskarar kann velja å gjera eller å ikkje gjera.

Kor som er, hev vel mange trong for å kunna snakka um litteratur på ein måte som gjer at ein kann finna likskapar og samanhengar. Elles vert det vanskeleg å finna meining i litteraturen. Då er postmodernisme ein merkelapp som ein kann bruka um ein del litteratur frå dei siste fem eller seks tiåri. Me skal sjå på tvo britiske forfattarar og ein svensk forfattar og til slutt tenkja yver kva som skil deim, men fyrst må me segja noko um postmodernismen og postmodernistisk litteratur radt ålment. Den tidi me liver i hev vorte umtala som postmoderne. Det hev til dømes vore sagt at me liver i ei postmoderne verd eller i eit postmoderne tilstand. Postmodernismen kann vel knytast til at den andre heimskrigen skaka upp ei heil verd og at folk miste trui på absolutte sanningar og samanhengar.

Postmodernismen trur ikkje utan vidare på dei store samhengane og heilskapane. Slike samanhengar og heilskapar kunde ein tenkja seg tidlegare. Ein slik samheng var knytt til dei store forteljingane. Dei store forteljingane er eit umgrep som vert nytta millom litteraturgranskarar, og nokre gonger vert det knytt til litteraturhistoria. Slike forteljingar kann vera: Den klassiske antikke forteljingi, den kristne forteljingi, den kapitalistiske forteljingi, den marxistiske forteljingi, den nasjonale forteljingi, forteljingi um opphavet til ætti, mytologiske forteljingar og liknande. Desse forteljingane skal skapa meining både for den einkilde lesaren og for samfunnet som heilskap.

Men postmodernismen set alle forteljingane på prøve. Det er so mange måtar å setja desse forteljingane saman på at forteljarane steller spursmål ved um forteljingane kann vera gyldige. Kann dei forklara og gjeva meining til menneske i vår tid? Dette kann i



John Fowles (1926-2005)

seg sjølv verta eit tema i noko av litteraturen, medan andre delar av litteraturen berre avviser deim heilt og fullt.

Postmodernistiske forfattarar og menneske radt ålment set seg sjølv i scene. Dette er ikkje noko nytt. Det kom inn alt i renessansen, då alt menneskeleg skulde studerast for si eigi skuld, men i dag er det ikkje so viktig korleis ting er, men korleis ein kann prøva å plassera det i ein samheng. Dersom ein er misnøgd med ein samheng so kann ein forkasta bolkar av historia eller starta frå grunnen att. Paul Auster skriv um ein forfattar som skriv på ei bok, men skriv seg heilt burt og forteljingi i den boki han skriv på stoppar upp, forteljingi um forfattaren i «den røynelege verdi» held derimot fram.

Slike iscenesetjingar av slumpesame forteljingar som ein kann halda fast på eller sleppa er noko som maktstel mange i samtidi. Det kom vel inn i samfundet med 1980-talet, der ein skulde realisera seg sjølv. Litteraturen hadde vore innum samansette menneske og blandingar av forteljingar både fyre og etter 1980-talet.

Med kvart hev tankane frå litteratur smitta yver på samfundet og umvendt. Slik sett vil alle vera forfattarar i dag. Me vil helst setja oss sjølv inn i ein offentleg samheng. No seinast gjennom Facebook og andre millommenneskelege møtestader på verdsveven. Folk hev eit leike og ope tilhøve til alt. Serhått og gruppetilhøyrsla kann skapast gjennom motar, musikksmak, filmsmak, piercing, tatovering med meir eller gjennom løynde

identitetar på eit netttforum. Nøytrale, godmodige eller velmeinande parodiar eller pastisj vert nytta mange stader. Sjangervekslingar og sjangerbrot eller reine sjangersamanblandingar er vanlege. Både daglegspråket og litteraturspråket kann vera svært skifterikt i vår postmodernistiske tid.

Media hev eit skiftande og oppbrote språk, og det syner seg millom anna i reklame og popvideoar. Den oppbrotne dåmen vert eit ideal for postmodernistane som blandar ulike stilelement. Leiken med språk, farge og form vert like viktugt som innhaldet.

Postmodernisme er ofte ei nemning ein nyttar um både litteraturen og kunststilen i tidi frå kring 1965 av og frametter. I skjønnerlitteraturen hadde postmodernismen ei glanstid på 1980-tallet, med forfattarar som Paul Auster og Umberto Eco. Jorge Luis Borges skreiv forteljingar med klåre postmodernistiske kjennemerke alt på 1940-tallet. Vladimir Nabokov og Samuel Beckett vert ofte nemnde som tidlege døme. Salman Rushdie, John Fowles, David Foster Wallace, Thomas Pynchon og Julian Barnes er forfattarar frå vår tid som vert assosierte med umgrepet. Gabriel Garcia Marquez gav seg til kjenne med sin magiske realisme med Hundre års ensomhet, og ei bok som Kjærlighet i koleraens tid boblar yver av forteljargleda. Mykje av kriminallitteraturen må kunna segjast å ha klåre postmodernistiske drag.

Noreg heng etter og postmodernismen kjem vel fyrst til Noreg når han stend på høgdi i USA og i resten av verdi på 1980-talet. Jan Kjørstad og Kjartan Fløgstad er millom dei norske forfattarane som innleider ein postmodernistisk litteratur i Noreg.

I filmsjangeren kann ein gjerne knyta filmskaparar som David Lynch og Quentin Tarantino til umgrepet postmodernisme. David Lynch er mest kjend for fjernsynsserien Twin peaks. Tarantino er kjend for ei rad filmar som Pulp fiction, Kill Bill, Natural born killers m.fl.

Forfattarane John Fowles, A.S. Byatt, Anna Karin Palm høyrer vel kannhenda ikkje til dei aller mest sentrale forfattarane innanfor ein postmodernistisk tradisjon, men dei viser noko av mangfeldet i denne tradisjonen. Fowles slo igjenom på 1960-talet. Det same gjorde Byatt. Palm er ein nyare forfattar frå Sverige.

John Fowles og "The collector"

Ein av forfattarane som det kann vera verd å sjå nærare på er John Fowles. Han hev skrive

minst tri bøker som er filmatiserte. The collector er ei bok som vart filmatisert på 1960-talet. Ho handlar um ein seriemordar som kjøper seg eit hus på landet og kidnappar ein kvinneleg kunststudent. Det viser seg at han kjem frå same landsby som henne, men han var ein grå kontorist som fæ la merke til - til dess at han vann ein stor slump pengar i eit lutspele. Då vart han millom anna i stand til å kjøpa det store huset på landsbygdi.

Målet med kidnappingi let til å vera at han skal få den kvinnelege kunststudenten til å lika honom, men dei greider ikkje å nå fram til kvarandre. Ho freistar å retta seg etter kravi hans, men maktar det ikkje. Dei hev lite sams og maktar ikkje å oppnå ein ekte kommunikasjon.

Det absurde i stoda syner seg etter måten mange gonger, serlegt når dama trur ho skal sleppast fri. Dei var upphavlegt samde um at ho skulde vera innesperra ei tilmælt tid, men då ho trur ho skal sleppast fri, so vert ho berre sperra inne på nyo. Det heile verkar vonlaust. Då ho skal freista å gjera honom til lags med å ha samlægje med henne, so meiner han at ho ikkje ter seg ekte og meiner ho likso godt kunde ha vore prostituert. Han avviser difor det lekamlege samkvemet fyre det vert noko ut av det.

Når kvinna døyr under fangenskapen, fær me sjå at han er på jakt etter ein sjukepleiar. Me skynar at han kjem til å halda fram i same stil som med den fyrste kvinna. Jamvel um me fær innsyn i psyken til både mannen og kvinna, kjem me ikkje langt når me skal forstå kvifor den mannlege hovudpersonen gjer som han gjer. Dei ulike brotstykki me fær innsyn i er nok til at det opnar seg mange alternative svar på kva som gjer at han hev valt denne kunstnaren. Det kann vera hans egne ambisjonar. Det kann vera at han vil freista å finna ut kven han er, med di han vil møta ei dame som kjem frå hans eigen heimstad. Det kann vel òg vera at han rett og slett vil ha merksemd. Kor som er, ein kann lett kle av heile forteljingi og segja at ho ikkje gjev meining, men ho gjer det likevel. Seriemordarar finst og dei tenkjer ikkje slik som oss, so me vil gjerne freista å skyna deim, jamvel um me ikkje gjer det.

“Den franske løytnatens kvinne”

Fowles er nok langt meir kjend for filmen “Den franske løytnantens kvinne”. Den mannlege hovudpersonen i forteljingi skal gifta seg. Han er sjølv vitkapsmann, geolog, men finn seg ei borgarskapskvinna. Han og faren til kvinna er forlikte um at dei skal gifta seg, men vitkapsmannen vert maktstolen av ei onnor kvinna som han vert kjend med. Ho skal ha vore saman med ein fransk løytnant

som seinare reiste frå henne og attende til Frankrike. Etter dette tilhøvet hev ho vorte uglesett i området.

Den mannlege hovudpersonen bryt trulovingi med borgarskapskvinna. Det kostar honom dyrt, for ho og faren gjeng til rettsak mot honom, og han lyt millom anna skriva under på at han ikkje kann reknast for å vera ein gentleman etter å ha brote trulovingi. Ikkje nok med det, etter at han hev vorte fri frå festarmøyi, oppdagar han at den franske løytnantens kvinne er burte. Han vert nøydd til å skaffa seg egne etterforskarar som skal leita henne oppatt. Det tek mange år.

Til slutt syner det seg at kvinna hev vorte guvernante for ein huslyd, der ho kann dyrka den fremste interessa si som er å måla. Ho hadde trong til å finna seg sjølv, segjer ho, då han finn henne.

Forteljingi kann segjast å vera merkt av ei viktoriansk kjærleikshistorie millom ein naturvitskapsmann og ei gåtefull guvernante. Guvernante-motiv finst det forresten langt attyver i britisk litteratur, til dømes um ein ser på Moll Flanders, so langt attende som til 1700-talet. Ei guvernante var fulla ei yrkesrolle som kvinner kunde gå inn i. Det var fæ andre slike rollor for kvinner som ikkje gifte seg eller på andre måtar var ein del av ein huslyd. So den frie kunstnaren og den frie guvernanta heng i hop.

Forteljingi vert laga um til ein pastisj – ein stilistisk kopi eller ei etterlikning, som vert laga i den same stilarten som den som var vanleg i ein annan litterær tidbolk, men ho vert skrivi i vår tidsalder. Fowles brukar pastisjen som eit verkemiddel til å få fram nye vinklingar på litteraturen. Pastisjen vert ein slags snild parodi når kjærleiksforteljingi vert broti upp av notidsinnsyn i sosiologi og psykologi. Lesaren vert orientert um at dette er ei forteljing som ein kann studera utanfrå med vår tids innsyner. Han slepp å tenkja seg inn i verknadssoga til eit eldre verk, men kann derimot få merknader frå ein samtidsforfattar som tilliks med lesaren ser på hendingane som noko som hende i fornheimen.

På 1970-talet vart britisk litteratur merkt av at forfattarane var genremedvitne og nokre av deim fornøya 1800-talsromanen på underfundige og vurdlause måtar. Forfattarane dyrka ein slags ironisk pastisj. Det kunde vera eit uttrykk for eit sjølvuppgjevande og postmodernistisk huglag, der ein berre flytjer ikring på mynster frå nedslitne genrar som barnebøker, kiosklitteratur, populærlitteratur, radio- og fjernsyns genrar. Blandingar av slike genrar fører til at ein bryt ned konvensjonelle bilæte av både finkulturen og populærlitteraturen.

“Ebony tower”

Ebony tower er ei filmatisering som byggjer på litterære tekster av Fowles. Her er det ein mann som både er målar og kritikar - og som kjem på tur til ein eldre velrennomert målar. Den gamle målaren hev teke til seg tvo kunststudentar som bur hjå honom. Kritikaren freistar fyrst å samla stoff til eit intervju, men han endar upp med å verta forviten etter den eine kunstnaren som syner honom målarstykkje av høg kvalitet. Han meiner at dei tvo kvinnone vert fanga av den gamle målaren som dei ser upp til og ikkje vil forlata av di han treng folk ikring seg. Den gamle målaren sjølv, segjer at dei unge damone er frie til å fara ifrå honom når dei vil.

Det endar med at kritikaren tilbyd seg å hjelpa den talentfulle kunstardama på fleire måtar, og til slutt hev han lyst til å møta henne i ein landsby eit stykkje frå kunstnarbustaden. Ho kjem ikkje. Kunstkritikaren reiser for å møta kona si. Då han møter kona, kokar det heile ned til at han er attende i kvardagslivet og filmen sluttar. Dramatikken kring å få den kvinnelege kunstnaren burt frå kunstnarbustaden kokar heilt ut og vert til ingenting. Alle personane let til å vera upptekne av å gjera minst moglegt oppbrot frå det livet dei hev vant seg til, samstundes som at kritikaren og damone gjer seg sine tankar og hev hugmål som gjeng vidare.

Filmatiseringi tek vel upp ei rad tema knytte til moderne kunst og klassisk kunst: Um det let seg gjera å læra kunst på ein kunstskeule eller um ein lærer betre av ein røynd kunstnar, um korleis eit godt intervju kann verta til, um ein gamal mann kann utnytta unge kvinner og hindra dei i å koma vidare i livet, um ein gift mann kann bryta upp og starta på nytt med ei yngre kvinne - og liknande.

Bodskapen let til å vera merkt av postmodernisme på den måten at forteljingi ikkje gjev noko klårt svar og let ulike synspunkt på samliv og målekunst få stå side um side. Det endar med at alle gjeng attende til der dei var då handlingi byrja, men det let til å vera det rette at ting vert som dei er. Det er det normale. Det heiter at det normale er at ein millom anna tenkjer på korleis ein kann bryta ut or det vanlege kvardagslivet og finna ei ny meining og ei ny stemneleid i kvardagslivet, men at det endar med at ein ikkje gjer noko. Handlingi vekslar millom at kritikaren og målaren talar i lag og at dei tvo kvinnone anten kvar for seg eller saman snakkar med kritikaren. Nokre gonger er alle fire samla. Eit høgdepunkt er ein middag der den gamle kunstnaren drikk seg full. Her kjem det ein samanstøyt kring den moderne kunsten. Kritikaren stend fram som den liberale, men han

vert utboden på um han i røyndi er so innsynsfull.

Ei onnor scena som er viktug er knytt til at kritikaren fær sjå på kunsten til kunststudenten og talar med henne um ho ikkje bør koma seg attende til kunststudiet. Veninda hennar er den som vil pressa på for å få henne i gong att, men sjølv let ho ikkje til å ha so store mål. Ho seger at ho bur i kunstnarbustaden for skuld den talentfulle kunststudenten, men me gjer oss tankar um ho gjer det av makelegskap og ikkje noko anna.

Målingi let like fullt til å vera det viktugaste for kunststudenten, ho likar å måla saman med den gamle kunstnaren. Då hev dei det fint saman, og det er det dei gjer då kritikaren ringjer til kunstnarbustaden for siste gongen. Det er kort og godt ingen grunn til å bryta upp, for det er eit harmonisk og godt liv kring målingi i kunstnarbustaden.

Kva kann me so læra um postmodernismen utfrå John Fowles tekster? Alle tekstene hans let til å handla um kunstnarar som treng fridom og um korleis det kjem i motsetnad til samfundet ikring dei. Anten det er ein kon- torist som ikkje greider å få kontakt med ein kunstnar, ein kunstkritikar som ikkje ser meiningi med at ein ung kvinneleg kunstnar slår seg ned saman med ein gamal mannleg kunstnar eller ein vitskapsmann som ikkje kann forstå seg på den dama han elsker, fordi ho må finna seg sjølv gjennom å vera sjølvstendig guvernante og måla bilete og ikkje berre kann gå rett inn i eit ekteskap med honom.

Det ser ut til å vera eit mynster i desse forteljningane til Fowles, der mannlege forståsegpåarar ynskjer å nå fram til kvinnelege kunstnarar utan at dei mannlege hovudpersonane let til å ha det heilt store hellet. Rett nok er det likt til at den mannlege hovudpersonen fær dama si i Den franske løyntan- tens kvinne, men i råmeforteljngi i filmen endar det med at den kvinnelege skode- spelaren ikkje vil ha den mannlege, endå dei hev havt ein utanumekteskapeleg affære. Umveges vert det eit signal um at alt ikkje berre er velstand og at ein hev ein slag paradoksal mangel på parallellitet i forteljngi frå det røyndige livet i dag, råmeforteljngi og forteljngi frå 1800-talet.

Heile vegen stongar me inn i eit postmoderne tilstand i den tydingi at vanskar som kjem upp i forteljngane let til å vera uløyslege eller utan meining i den store samanhengen. Det er ikkje viktugt korleis det heile utviklar seg, me må sjølve finna fram til meiningane utfrå dei meiningsfragmenti som kjem fram i dei ulike forteljngane. Me kjem djupt inn i personane, men greider ikkje å fanga kva som skal til for at dei skal lukkast

eller mislukkast. Me vert ståande att med ulike posisjonar som me kann orientera oss etter, men ikkje nokor god og lettfaatta oppsummering.

A.S. Byatt og “Besettelse”

A.S. Byatt er ein britisk forfattar som hev skriva bøker av ymist slag. Boki Besettelse handlar um den amerikanske litteraturforskararen Roland Mitchell og den britiske literaturforskararen Maud Bailey. Dei kjem på sporet av nye opplysningar um den oppdikta forfattaren Randolph Henry Ash. Ash var poet og rekna for å ha vore ein solid familie- mann utan sidesprang eller serskilde avvik frå eit normalt og stødugt liv. Ein tenkte seg at den konservative Ash var ein motstandar av den lesbiske Christabel LaMotte, men med kvart som nækjingane kjem fram i forteljngi, viser det seg at dei tvo var løynlege elskarar. Her kjem det òg inn ein viss parallellitet mellom dei tvo forskarane og Ash og LaMotte. Forskarane Mitchell og Bailey finn einannan, samstundes med at dei avdekkjer historia til Ash og LaMotte. Men attende til Ash. Han gjer LaMotte med barn, LaMotte stikk av til Frankrike, den lesbiske elskarinna og sam- buaren hennar tek livet av seg. Forteljngi nækjer at Ash møtte barnet sitt, endå han ikkje fekk kontakt med mori som flutte for seg sjølv og heldt seg undan. Ash døyddes som ein velvyrd familiefar som alle trudde var ein trufast og konservativ ektemann.

Besettelse hev innslag av detektivroman, men forteljngi rømer meir enn berre ein vanleg detektivroman. Tvo akademikarar som søkjer etter kunnskap um ein forfattar og som ynskjer å skapa saga gjennom å formidla forskning. Korleis påverkar forsking forskingsinstitusjonar? Og kva verdiar ligg det i å oppdaga noko nytt um litteraturhistoria? Det let til å vera pengar i å endra historia. Ikkje berre kann ein tena pengar på å gjera nye funn og publisera deim, men sjølve etterlevningane etter Ash og LaMotte kjem inn som studieobjekt, samlarobjekt og tilfang som kann gjerast um til pengar på ein marknad. Slik er det på den eine sida, medan Mitchell og Bailey derimot gjeng gjennom ein personleg vokster, Bailey er i slekt med Ash og for henne fær dei nye funni personlege fylgjer. Midt uppe i det heile lever Mitchell og Bailey både som tvo etterforskarar, som tvo forelska i ei kjærleiksforteljng og som tvo forskarar med mål um å få publisert artiklar. Men dette er ikkje berre seksualitet og ein lukkeleg slutt. Det er òg ei åskoding kring kor mykje ein kann lita på tradisjonelle framstillingar i biografiar. Kor mykje vert sagt, kor mykje er kjent og kor mykje er totalt ukjent? Korleis kann nokre fåe brev få folk til å endra ei heil

oppfatning av eit menneskeliv? Nokre fåe brikkor kann få ein til å tenkja fullstendig nytt um eit menneskeliv. Eit par puslespelbitar kann føra til at heile puslepelet må leggjast på nytt.

Slik sett er Byatts forteljng um den oppdikta forfattaren Ash ei forteljng som høver inn i den postmoderne forteljngskul- turen, der ein person kann minkast med til ein flik av den store røyndomen. Ingenting er vik- tig og avgjerande i den store samanhengen. Men alt gjev meining på eit lågare nivå. Det gjev meining for dei som er involverte og som vil ha fram den delen av røyndomen som er viktig for deim.

Anna Karin Palm og “Snöängel”

Anna Karin Palm er ein forfattar som òg lagar puslespel, puslespel som det er vanskeleg å løysa. Boki Snöängel er ikkje meir enn nokre fåe år gamal - ho kom ut i 2011. Boki er ei hylling av Stockholm, slik eg ser det. Ein del av det indre livet i Stockholm vert samla kring Hedvig som er hovudperson. Hedvig hev mist foreldri sine og hev ei syster som hev ein hund. Hunden er svært viktig for systeri, og i innleidingi hev hunden stukke av. Det fører til ei krise der Hedvig må setja i gong ein leite- aksjon.

Den fyrste bolken i boki er knytt til at Hedvig leitar etter hunden. Den andre bolken er knytt til fyrebuingane kring eit nyårsball og den siste delen av boki er knytt til avslutningi der Hedvig er død og ligg som ein snöengel utanfor eit hus. Innimillom dei tri delane kjem forteljaren inn med sine kommentarar. Fortel- jaren er ein svenske som hev butt utanlands og kjem attende til Stockholm etter utanlandsup- phaldet. Desse forteljarkommentarane til forteljngi er vanskelege å få heilt tak i, for ein veit ikkje kven det er som kommenterar og kva det er som er meiningi med kommentarane.

Framfor alt er boki merkt av lovordi til det gode og glade liv i Stocholm. Folk møtest, vert kjende og hev det moro saman. Det er ein slags eigen tone yver folk i Stockholm som ein ikkje kann gripa slik utan vidare. Ein må høyra på når folk drøser saman og sjå fyre seg kva som hender når dei møtest og skaper seg dei same røyndone um det som skjer i byen. Det å vera barnefødd i ein by fører i seg sjølv til at folk lett kjem saman.

Hedvig kjem i tala med ulike personar ikring hunden sin og mange gonger møter ho menneske som hev sett hunden og havt opplevingar knytte til at dei hev sett hunden. Hunden gjeng ikkje i halsband, og det hev i seg sjølv gjort at systeri til Hedvig hev vore på kant med politiet, men ingen let til å greida å fanga hunden heller. Hunden kjem seg ikring

i byen til ulike stader. Korleis han fær tak i mat og kven som tek seg av honom, det er ikkje alltid like klårt.

På heimebane er det Henning og Elsa, grannane til Hedvig, som heldt eit auga med henne, der ho bur åleine i sitt eige husvære. Kunstnaren og vaktmeisteren Gabriel er ein av dei Hedvig møter. Bussjåføren Rafael ein annan. Politimannen Mikael utbyd henne kraftig då ho stel ei korg med jordbær frå ei rikmannsdama på Østermalm.

Personane vert lekkte saman av hunden og seinare av kvarandre, og mange av dei viktigaste personane kjem saman på eit nyårsball. Dei endar som ein samansveisa gjeng. Den viktigaste samnemnaren millom deim er Hedvig. Hedvig kjem utkledd som etterforskareren Poirot. Det verkar som at pendelen snur mot slutten av boki. Fyrst hev Hedvig samla alle personane, men so byrja ho å etterforska deim og freistar skyna deim og seg sjølv.

Skal ein lesa boki på eit djupare plan kjem ein ikkje utanum at ein lyt taka stoda til kva merknadene til forteljaren vil fram til, og ein lyt sanna at det vert nytta ein slags mystisk undertone til det som hender med personane, jamvel um det er lite som verkar løynlegt eller beint konspiratorisk i boki. Det er tydelegt at forteljaren på ei og same tid er nær og fjern. Det som hende er ikkje so langt burte, men forteljaren hev reist til utlandet og kjem seinare heimatt. Forteljingi kann lesast som noko ho fortel utan at det er noko større hopeheng, berre ting som skjedde den gongen. Eller ein kann tenkja seg at hendingane hev ei høgare meining og at dei vert tillagt ein annan substans gjennom forteljaren. Eg vil hella mot den siste oppfatningi etter å ha lese kva kritikarane skriv, men boki treng ikkje å lesast tungt og symbolsk. Ho er god nok i seg sjølv som ei forteljing um ymse menneske som møtest i Stockholm. Englesymbolet i sluttsena tvingar ein likevel til anten å segja at det er ikkje noko ein treng å tenkja nøgnare yver eller so kjenner ein seg freista til å lesa og tenkja yver boki fleire gonger.

Maria Schottenius melde boki i Dagens Nyheter 27.09. 2011. Ho meiner å finna fram til fleire sentrale symbol i boki. Schottenius ser for seg at Stockholm vert framstelt som ein galakse og personane som himmelkroppar som flytjer på seg i ulike banor, einskildmenneski møtest og skilst som himmelkroppar. Ein vert soleis med på ei slags romreise i byens indre liv. Men Schottenius finn òg fram til at personane kann knytast til eit mytologisk mynster der det gode og det vonde tevlar med einannan.

Palm hev ei medviti meining med å nytta allusjonar til andre litterær verk. Hedvig hev til dømes det same namnet som den unge

gjenta i Vildanden. Båe gjentone vil setja ting på plass. Det er nok av puslespelbitar i forteljingane for dei som byrjar å granska deim. Schottenius meiner å finna fram til englesymbol som ho tykkjer må ha ein sentral funksjon i boki. Hedvig vert knytt til ein ljøs engel som hev ei kjensla for snø. Lækjaren Gustav og Jenny derimot vert knytte til myrke krefter. Dei tek inn gjentor frå Bangkok og vil lura med seg Hedvig i perverse sexleikar.

Politimannen Mikael stend fram som ein stødug og velmeinande politimann med kulturinteressor. Han vert glad i den prostituerte gjenta Linda og ser eit samfundsansvar attum politigjeringi. Mikael er knytt til erkeengelen. Ein annan mild og god figur er biletkunstnaren og portvakten Gabriel: "Han är lång, ganska gänglig, med vågigt rödblont hår som når ner till axlarna." Gabriel ber òg namnet til ein erkeengel, og han gjev Hedvig ein avgjerande bodskap.

Umfram Mikael och Gabriel finst endåtil Rafael, namnet på den tredje erkeengelen, men i boki er han der i form av en homoseksuell gut som vert mishandla i tunnelbanen og lengtar etter elskaren sin Miguel. Likevel er han svært uppteken av å åtvare Oluf Palme um at tryggleiken hans ikkje er god nok.

Anna-Karin Palm let menneskenglane flytja seg ikring i Stockholm, umlag som Wim Wenders gjer i filmen "Himmel yver Berlin". Ser ein deim, so ser ein deim. Den siste engelen i boki er i alle fall fullt synleg. Det er snøengelen, som Hedvig lagar med di ho legg seg ned og formar armene til vengjer; ho sjølv ligg der ein siste gong på jordi, og det litte barnet, Ishmael òg, i den ljose snøen. Slik ser iallfall Schottenius det.

Boki inneheld millom anna tidsreisor i svensk historia, historikaren Axel vert mange gonger forferda når han endar i fornheims-Stockholm, og møti millom dei einskilde personane let til å vera styrd av noko mystisk og yverordna - dei som hev møtt hunden kjem i samband med Hedvig og uppliver noko som hev sett merke på dei seinare i forteljingi. Fleire personar meiner at dei fær signal um at tryggleiken kring Oluf Palme er for dårleg. Dette var i 1986 og ikkje so lang tid fyre Palme vart skoten, so lesarane kann undra seg yver um det var folk som såg fyre seg at Palme skulde døy. Dei uppdikta tilhøvi millom Palme og personane i boki er med på å skapa ei sermerkt stemning. Me veit kva som skjedde med Palme, men me veit ikkje kva folk kann ha tenkt fyre Palme døydde. Spekulasjonane ligg heile tidi under og skapar ei rar stemning på same måte som at samkjensla millom dei som vil hjelpa Hedvig å finna hunden skaper ei underleg stemning. Hedvig vil ha ein av personane som er drosjesjåfør til å

køyra henne millom dei ulike personane som ho hev vorte kjend med. Ho hev trong til å få ein samanheng yver tilværet sitt.

Ei lettfatta forklåring på at Hedvig endar som ein død snøengel er at ho samlar hine andre personane, men at det ikkje let til å vera plass for henne. Ho finn seg kannhenda ikkje vel til rettes millom deim. Det er ikkje godt å segja kva det er som ikkje fell på plass her, men ein sluttar ikkje å undra seg etter at ein hev lese boki. Mange åftinnarar (kritikarar) understrekar at ein på den eine sida kjenner seg nøgd etter å ha lese boki, på same tid som det ligg noko gåtefullt yver forteljingi - noko som ein ikkje heilt greider å få på plass. Det er postmodernismen på sitt mest typiske. Livet er gåtefullt og ein let det vera gåtefullt. Dei einskilde partane av livet gjev meining, men me må søkja mot større samanhengar og sumtid må me berre leggja dei store samanhengane frå oss og avslutta eit kapittel, nett som forteljaren avsluttar utanlandsupphaldet og finn seg til rettes i Stockholm att.

Uppsummering

Dei britiske forfattarane Byatt og Fowles let til å taka fyre seg tema som sviv um tilhøvet millom kvinner og menn. Kvinnone let til å koma ut med ei slags underordning eller tilmåting til mennene. Anna Karin Palm fær meir ut or sin kvinnelege hovudperson. Hedvig let seg ikkje styra. Ho er som hunden, Billy. Dei gjeng sine eigne vegar, soleis verkar det naturlegt at Billy vil vera saman med Hedvig etter at han hev rømt frå systeri Lovisa. Palm greider på ein merkeleg måte å få fram ein kjærleik til ein heil by og med dei kosmiske undertonane byggjer ho upp um ei oppfatning av at ein kann gjera seg store refleksjonar yver meiningi med livet i samspel med andre menneske. Når ein veit kvar ein høyrer til, kann ein byggja seg upp tankar um englar og um næringsverksemd i kriminelle kringvære eller ein kann spekulera i motivi for eit mord fyre det skjer. Der Byatt og Fowles leikar med og spelar med ulike genrar, skapar Palm noko heilt nytt. Det er noko uforløyyst yver forteljingi til Palm. Det kann verta spanande å sjå kva ho finn på neste gong me høyrer frå henne.

Umgripet postmodernisme hev sine sidor. Det er ikkje utan vidare logisk at Fowles sine bøker frå 1960-og 1970-talet hev noko sams med Palms i 2013. På hi sida hev dei heilt klårt noko meir sams enn det dei hev sams med tidlegare verk, so slik sett er det rett å lesa deim og freista finna fram til kva dei hev sams, slik at ein kann verta klokare på kva det er som sermerkjer deim. Då vil ein kunna plassera deim på nye måtar med kvart som tidi gjeng.

-Eg tenkjer, difor er eg

Av Bjørn Tobiassen Heieren

Yverskrifti er det mest kjende sitatet av Rene Descartes. Ikkje heilt utan grunn vert han umtala som den fyrste modernistiske filosofen. Descartes skapte ikkje modernismen i seg sjølv, men han skisserte dei viktugaste funksjonane hans. Soleides kann ein segja at han lagde til rettes for modernismen. Upp mot den tradisjonelle trieingi - ande, sjel og lekam - so sette Descartes det han kalla "dualismen". Dualismen er eit konsept der tanke og kropp er skilde frå einannan, utan noko beinveges samband frå det eine til hitt.

I tradisjonell tenkjing høyrer ande, sjel og lekam i hop i ei slags trieing. Lekamen er det lågaste abstraksjonsnivået, medan anden er det høgaste. Det som hender på det eine nivået, verkar beinveges inn på det som hender på hitt. Enno i dag hev me ordtøkjert um "ei sunn sjel i ein sunn lekam" som eit døme på nett denne tankegangen.

Kor som er, Descartes vilde skapa eit filosofisk system som frikopla det andelege frå det kroppslege. På denne måten trong han ikkje taka omsyn til fysiske prosessar når han bygde opp filosofien sin. Menneskesinnet kunde då i neste umgang nyttast som eit verkty til å forstå prosessane i naturen, utan å sjølv vera underlagt desse.

Den fysiske verdi vart soleides til noko som mennesket kunde stella seg utanfor og forstå reint mekanisk. Ho vart til noko ein kunde mæla og rekna på. Den ovstore voksteren som me hev sett innanfor naturvitenskap og teknikk dei seinaste hundradåri kann først beinveges attende til den nye og moderne måten å tenkja på.

Ånd og materie: Ei lagnadstung kløyving

Kor som er: Den kløyvingi som Descartes innførde millom det sjelege og det lekamlege skulde seinare få lagnadstunge fylgjor, både innanfor filosofien og i kvardagslivet åt folk flest:

1. På den eine sida kunde folk byrja å tenkja at det kroppslege tilstandet ikkje spela nokor rolla for den andelege voksteren, difor kunde ein berre lata kroppen forfalla. Kunnskap vart til noko ein kunde få frå bøker, medan idrott ikkje var til for anna enn tidtrøyte og moro for dei som idest.

2. På den andre sida hev tvodelingi millom det andelege og det kroppslege berre vore eit fyrste steg på vegen mot å skuva det andelege heilt burt. I våre materialistiske dagar er det mange som ikkje tek den andelege med i reknessykkjet i det heile lenger, men reknar heile verdi som ein einaste stor fysisk prosess. Dei kroppslege lystene vert dimed gjorde til det

fundamentale i livet.

Descartes gjorde ikkje berre ei tydeleg avgrensing millom det kroppslege og det andelege. På det andelege planet gjorde Descartes tanken til den høgaste medvitsformi hjå mennesket. Han avviste at det kunde finnast kunnskap på eit nivå som stod høgare enn dette. Soleides kjem ein til Descartes sin grunnsats, "Eg tenkjer - difor er eg til". Mennesket vert eine og åleine identifisert med ein straum av tankar som han sjølv produserar.

Skal ein fylgja resonnementet til Descartes, so kann ikkje den fysiske verdi gjeva oss nokon informasjon um den andelege verdi. Samstundes hev ein på det andelege planet ikkje noko anna enn seg sjølv og sine eigne tankar å taka utgangspunkt i. Alt både byrjar og sluttar med desse.

Dette fører til at mennesket kjenner seg individualisert på ein sers nedbrytande måte. På den eine sida er ikkje mennesket noko anna og noko meir enn sine eigne tankar, på den andre sida er det helder ingen måte ein kann få sikker kunnskap um desse personlege tankane er rette eller ikkje. Kunnskapen ein er komen fram til er til sjuande og sist ikkje noko anna enn personlege meininger.

Utan transcendens finst ingi sanning

Her kjem me då til det paradokset at det andelege vert relativisert og gjort til noko som den einskilde må vera åleine um å finna ut av, og det samstundes med at den fysiske naturi er vorte avmystifisert og fenge absolutte verdjar som kann mælast og vegast. Det er ingenting att av den tradisjonelle tanken um um at det fysiske hev rot i noko metafysisk.

I tradisjonell tenkjing var det derimot slik at åndi gjekk yver - transcenderte - både tanken (sjeli) og materien (lekamen). Åndi var for ein slags åskodar å rekna, lausriven frå både tankestraumane i sjeli og lystene i kroppen. Åndi skulde vera kjelda til alle slags skapande aktivitetar, utan å sjølv høyra til nokon av desse aktivitetane.

Dette fører til stabilitet og kontinuitet. Tradisjonen er lausriven frå tankane og meiningerne åt dei store massane, han held på urikkande sanningar.

Det kartesiske systemet nytta "tvil" som ein framgangsmåte for argumentasjon. Descartes meinte ein skulde tvila på alt heilt til dess at det einaste stod "klåre og tydelege" idear att.

I våre dagar ser me korleis alt som er underlagt det andelege, alt det tradisjonelle, vert underlagt radikal tvil: Familie, nasjon, etnisk og religiøs tilhøyrsla, alt dette skal

plukkast i frå kvarandre etter beste evna (jamfør Frankfurterskulen og den kritiske teorien). Utan sanning finst ingen store idear

I det moderne samfundet vantar den yverskridande tradisjonen. Det finst ikkje lenger nokon mælestav på kva som er sann kunnskap, i staden sit ein att med ei rad ulike personlege meininger og preferansar. Det er ingen som kann segja at ein viss måte å liva på er meir høveleg enn nokon annan, og difor misser dei tradisjonelle institusjonane autoritet.

Ut frå det moderne synet på verdi so er den fysiske verdi noko ein kann forstå ut frå reint empiriske metodar: Alt let seg prøva ut, det kann mælast, vegast og reknast på. Den tradisjonellistiske tenkjaren Rene Guenon hævda derimot at mengder, mål og vikt gav eit flyktigt og utydelegt bilæte av røyndomen. Det er ikkje ein gong rettelegt kvantitativt: Kvar ein kvantitativ substans, og dette sanna jamvel Descartes sjølv, hev ein tekstur. Det hev lukt, smak, farge, form og andre kvalitative eigenskapar, meningslause for ein reint kvantitativ intelligens. Tilsvarande, um den "objektive verdi" - slik menneske ser henne - vart gjord upp eine og åleine av materiale, då hadde det ikkje berre vore ein udifferensiert homogenitet, det hadde vorte uråd å mæla på.

Guenon skreiv at det å fyrestella seg det kvantitative utan tilhøyrande kvalitative funksjonar, det er som å tenkja seg ut eit stoff utan å definera essensen av dette stoffet. Frå dette tradisjonelle synsleitet er den kvantitative tankegangen ikkje berre med på å tømme verdi for det som gjer henne meningsfull for menneske. Det er ein tankegang som gjer heile verdi til noko umenneskelegt, sidan ho minkar dei ulike ovringane ned til abstrakte utrekningar, likesæle til alt som ikkje er av det reint fysiske slaget. Vidare nektar ein for at det finst nokor onnor objektiv sanning, utanum sjølvvalidering i form av rein matematikk.

Dette fører til at det kartesiske menneske blandar informasjon frå det lågaste nivået, empiriske "fakta" frå den fysiske verdi, saman med kunnskap um den verkelege verdi.

Utan store idear hev livet ingi mening. Heile menneskenaturi vert soleides endra. Ikkje lenger er me personar - i den tydingi at me høyrer til eit senter av medvit og vilje - som er hierarkisk og organisk relatert. I staden er me "individ" som skal vera heilt sjølvstendige frå einannan og nett difor må vera grunnleggjande like og identiske for å kunna fungera. Tilhøvet millom menneske vert ikkje lenger organisk, men kunstig - ein talar i lib-

eralistisk filosofi um ein samfundskontrakt millom sjølvstendige, egoistiske individ. Det er soleides tala um relasjonar som er inngådde ut frå eigeninteressone åt einskildindividi, utan noko større fyremål eller meining.

På det åndelege planet vert individet sentrert kring sine egne tankar. Den einaste måten han kann nå ut til umverdi på er med framstøytar mot den reint kvantitative, materielle verdi. Han vert soleides gjord til ein forbrukar av krefter som stend på utsida av honom sjølv:

Av idear, underhaldning, varor og tenestor - alt i tenest for tildrivi åt lekamen. Alt det som hindrar at tildrivi åt lekamen vert stetta er ikkje berre "rangt", men absurd og uforståelegt. Eit tradisjonelt menneske som strævar etter eit heroisk eller asketisk liv vert for ein bakstrevar å rekna, eller eit forhistorisk menneske som er åt å gå yver i saga.

Um alle tankar einast er personlege meiningar, og det ikkje er råd å segja at nokon meiningar er meir rette enn andre, so stend det

einast att å konstatera - reint kvantitativt - at sume meiningar er meir utbreidde enn andre og at sume menneske er meir umtykte enn andre eller hev eit meir vellukka liv enn andre. Det kvantitative vert soleides standarden, jamvel innanfor politikk og samfundsliv. Filmstjerner, fotballstjerner og folk som ikkje er kjende for anna enn å vera kjende ("kjendisar") er soleides dei einaste menneski som folk flest vel å sjå upp til.

The Wicker-Man

Av Ådne Øsleby

Filmen 'The Wicker Man' frå 1973 – som for all del ikkje må forvekslast med den nye versjonen frå 2006 – er ein film som tek fyre seg eit fyrestelt møte millom konservativ kristendom og europeisk fyrrkristen religion. I si tid vart det spådd at denne filmen skulde verta sers umtykt i ålmenta, men han er i staden vorten ein kultfilm som er sers gjev millom nokre få personar. Og serskilt er han gild i krinsar med ans for europeiske fyrrkristne religionar. I neste avsnitt skal eg freista taka fyre meg filmen utan å røpa so altfor mykje av det som hender.

Hovudpersonen heiter Howie og er politimann på fastlandet i Skottland. Han er ein sers kristeleg mann som er sterk i trui, og som er trufast mot yvertydingane sine. For skuld alt dette so liver han ute or takt med si eigi samtid. Han høver dårleg inn i lokalsamfundet sitt og han gjeng ikkje noko godt i lag med felagane på arbeidsplassen sin. Likevel fær han jobben sin gjord, men han trivst best i kyrkjelyden sin, og det saman med jenta som han hev lova sin truskap til.

Eit møte med det fyrrkristne

Ein dag fær han eit brev frå øyi Summerisle, eit brev utan avsendar. I dette brevet stend det at ei gjenta som heiter Rowan Morrison er kvorvi burt, og Howie flyg då til øyi for å nøsta upp i saka. Under flyturen fær me sjå eit fagert skotsk naturlandskap, og det medan me fær lyda til flotte folketonar komponerte av Paul Giovanni.

Når Howie kjem til øyi, vert kultursjokket snøgt stort. For ibuarane på øyi er heidningar, og dei deler slett ikkje det puritanske huglaget åt hovudpersonen. På øyi livnærer dei seg av å dyrka frukt, og difor er dei oppslukte av fræve - ikkje berre når det kjem til jordbruk. Folki er slett ikkje blyge av seg, dei er tvert um sers frisleppte. Dette tykkjer Howie er sers urovekkjande sidan han er vaksen upp i ein kultur som legg vinn på måtehald. For honom er samkvem fyre ekteskapet ei stygg synd.

Howie tek inn på eit vertshus der han vert



servert av den fagre kvinna Willow, dotteri til eigaren. Folket på øyi ser på Willow som ei slags frævesgudinne, og ho freistar stødt vekk å lokka Howie til sengs. Ho hadde so godt som lukkast med dette, men Howie maktar so vidt det er å standa i mot. Willow er kor som er ikkje den einaste som held Howie for narr. Under heile oppheldet hans so freistar folket å gjera ymse slags peik på honom, og um han lukkast i å finna Rowan Morrison lyt de finna ut av sjøelve.

Frå storfilm til B-film

Som eg hev skrivne tidlegare so vart det opphavleg spådd at dette skulde koma til å verta ein sers vidgjeten film. Til å skriva manus hadde dei fenge Anthony Shaffer med på laget, mannen attum manuset til Frenzy (72). Dei hadde dessutan fenge Christopher Lee til å spela Lord Summerisle, og han var alt kjend frå ymse skrekkfilm. Men i det dei skulde til å redigera filmen so vart filmselskapet deira selt, og dei byrja slita med å få gjeve ut filmen.

Endskapan på det heile var at dei fekk tinga seg til at filmen skulde gjevast ut som ein B-film. På denne tida tydde dette at han skulde få plass på b-sida åt ei dubbelutgjeving, og det må ha vore eit stort nederlag for filmskaparane. For at filmen skulde få plass på dette formatet laut dei stytta honom ned med heile atten minutt, noko som tydde at dei laut kutta burt heile innslag frå filmen. Dei

valde her å serskilt kutta ned på store bolkar i byrjingi av filmen, der fokuset var sett på Howie.

Frå B-film til kultfilm

Med kvart som åri gjeng so fær filmen ein kultstatus i studentkringvære og millom filmfegne. Dette fører til at filmen vert gjeven ut på nyo, i ymse slags ulovlege utgåvor der mange av dei opphavlege innslagi er tekne med. Den flokute saga åt The Wicker Man er med på å byggja upp um mystikken kring filmen, og for mange av dei største tilhengjarane framstår han som ein film dei store filmselskapa ikkje vilde at dei skulle få sjå. Millom anna finst det vandresogor um at bolkar frå dei opphavlege innslagi i filmen ligg gravlagde under ein motorveg i USA, utilgjengeleg for all tid.

Som ei tilleggsupplysing kann eg nemna at filmen er sers inspirert av James Frazer sitt verk The Golden Bough. Sosialantropologen James Frazer er kann henda alt kjend for sume av Målmannen sine lesarar. Han var ein samanliknande religionshistorikar som skreiv ut frå eit evolusjonært standpunkt, og han meinte at ideane voks fram i frå einfelde relasjonar - til dømes magi - til at meir systematiske og avanserte trudomssystem - som dei store verdsreligionane. Han meinte at til slutt kom rasjonalismen og vitskapen til å sigra. Manusforfattaren Anthony Shaffer hev uttala at han hev lese alle tolv binda av The Golden Bough, og serskilt er menneski på Summerisle inspirerte av Frazer. Dette vert ufriviljugt komisk, og kjem millom anna til uttrykk med di dei nyttar akademiske umgrip som "phallos-symbol" og "komparativ religion".

Når alt dette er teke med i reknestykkjet, so er "The Wicker Man" ein sers spanande og sjarmerande film som eg rår alle Målmannen sine lesarar til å sjå. Og dersom de hev tilgjenge til 'directors cut'-versjonen av filmen, so rår eg dykk til å velja den.

Atter eit dubbelnummer

Til liks med fyrre utgåva av Målmannen, so kjem dette nummeret med som eit dubbelnummer. Endå um det i år som i fjor einast vart tvo utgåvor av Målmannen, so er det samla sidetalet atter like stort som den gongen bladet kom med fire prenta utgåvor i året.

Løysingi med tvo dubbelnummer i året kjem trulegt til å verta ei varande ordning. Det er tri hovudgrunnar til dette:

Den fyrste grunnen er økonomisk. Me ynskjer at Målmannen skal verta verande eit blad som alle med ans for det norske målet skal kunna taka seg råd til å tinga. Bladpengane på 150 kr i året er difor dei same som dei var for 12 år sidan. Dette endå um det i dag er ein heilt annan pris for å senda blad i posten enn det var den gongen. Ikkje berre er prisen per blad og per kilo vorten hevja dramatisk, men Posten innførde for nokre år sidan ei minstevikt på 150 kr pr blad. Ei Målmannen-utgåva på 16 sidor tel ikkje meir enn 50 gram, so det heitte at me for kvart nummer av bladet laut leggja ut for 100 gram med luft! Tvo dubbelnummer på 32 sidor gjev soleides meir blad for pengane enn det fire vanlege nummer på 16 sidor gjer.

Den andre grunnen gjeng på kvaliteten på bladet. Me ynskjer å nytta meir tid på å kvalitetssikra innhaldet i bladet og fylgja opp skribentar. Me ynskjer å produsera utgåvor som både hev betre samanheng millom artiklane i kvart nummer og ein kontinuitet i innhald frå nummer til nummer - me vil spinna ein sterkare, raud tråd gjennom bladet.

Den tredje grunnen gjeng på aktualitet. Med Internett kjem flestalle nyhende på nettet med det same det hender. Med net-sida og Facebook-sida so hev Målmannen høve til å fylgja opp aktuelle saker på ein måte som eit papirnummer aldri hadde havt høve til, ikkje ein gong um me hadde kome med ti nummer i året slik fyregjengaren vår, Vestmannen, i si tid gjorde. Nyhende og dagnære kommentarar kann me koma med på nettet, djuptpløgjande analysar og bakgrunnsstoff kjem me attende til i papirutgåva. Me trur at me er åt å finna den rette balansen, og at det er noko lesarane våre kjem til å setja pris på.

Dvergemålet**Murakimi: Frå 1Q84 til fargeløysa****Av Lars Bjarne Marøy**

Forfattaren Haruki Murakimi er av dei meste umtykte forfattarane i vår tid. Han hev vore verksam i um lag 30 år og hev millom anna umsett mykje til japansk, men det er hans eigne bøker som hev gjort honom kjend. Han er nok meir kjend i utlandet enn i Samurailandet sjølv og meir påverka av vestlege sinnbilete enn reint japanske. Sinnbileti er knytte til musikk, kunst og litteratur m.m.

Nokre av dei mest kjende bøkene til Murakimi er Kafka på stranden, Norwegian wood og 1Q84-trilogien. No er er han i rampejoset att. Denne gongen er den siste boki hans umsett til svensk. Ho heiter Den färglöse Tazaki.

“Norwegian wood”

Ofte er hovudpersonane til Murakimi ein slag middelmåtige menn som ikkje vil stikka seg ut, men berre leva eit roleg og velskipa liv. Nokre gonger er hovudpersonen ein mann som likar å symja, høyra på musikk og ha flyktige eller meir varige kjærastar. Seksualitet er eit tema som ein ikkje kjem utanum i bøkene hans. Seksualitet er det berande temaet i Norwegian wood som byggjer på beatles-låti med det same namnet. Hovudpersonen hev ein ven som er ein skikkeleg rundbrennar. Men når han vel å få seg ein meir varande kjærast, då skjer det seg. Han fær ikkje til å liggja med kjærasten. Det endar med at venen døyr, og hovudpersonen yvertok kjærasten. Han trur fullt og fast at venen hans hadde sex med gjenta, men då dei hev havt samlægje, vert gjenta psykisk sjuk og må draga seg attende til eit hus på fjellet der ho kann vera i fred og få hjelp. Desse avsidesliggjande husi og hyttone kjem ofte fram i bøkene til Murakimi. Då han med kvart fær vita at venen og gjenta ikkje greidde å ha samlægje, fær spaningi i boki noko uforløyst yver seg. Kva skal han gjera? Skal han gå vidare med ein ny kjæraste eller skal han lata seg fanga inn av kjærleiken til den stakkars gjenta?

Hovudpersonen i Norwegian wood greider ikkje å slå seg til ro med å ha kjærasten so langt undan og forelskar seg i ei ny gjenta, og han slitst millom desse tvo gjentone. Kjærleiken og lengten etter å gjera det rette valet stend sentralt i denne forteljingi.

”Den färglöse Tazaki”

Der “Norwegian wood” er einfeld og sorgmodig, er etter måten mange av dei hine bøkene til Murakimi langt meir ihopflokke. Den siste boki til Murakimi, som no altso hev kome på svensk og heiter Den färglöse herr tazaki, er litt av det same slaget som Norwe-



Haruki Murakimi, samtidsforfattar frå Japan.

gian wood. Tazaki er ein typisk Murakimi-mann. Han er åt å finna ei dama som han kann tenkja seg å gifta seg med, men ho meiner at noko plagar honom. Med kvart kjem det fram at han slit med eit traume frå ungdomstidi. Fyre han byrja som student i Tokyo, budde han i byen Nagyano. Her voks han upp og kom med i ein gjeng på fem. Umframnt Tazaki sjølv var det med tvo gjentor og tvo gitar. Denne gjengen heldt saman i tjukt og tynt, men so byrja Tazaki å studera i Tokyo og ein gong han kom heim, vart han utfrosen. Han fatta ikkje kva det var som skjedde, og han fekk aldri nokor forklåring.

Utfrysingi gjekk hardt inn på Tazaki, og han fekk store lekamlege kvalor i lang tid etterpå. Tankane heldt fram med å kverna yver kva det var som skjedde. Då han møter dama si som er reiseleidar, kjem tankane framatt. Reiseleidarkjærasten hans granskar dei fire via opne kjeldor på Facebook og andre stader og lagar eit resyme yver det ho finn ut um dei fire. Ho pressar so på for at Tazaki lyt råka dei fire, um det skal kunna verta til noko millom deim.

Tazaki fær vita at den eine gjenta er død, myrda, men utan at gjerningsmannen er teken. Hi gjenta hev gift seg og flutt til Finland. Tazaki møter dei tvo mennene i gjengen i heimbyen i Japan. Då fær han vita at den gjenta som er død hadde hevda at han hadde valdteke henne. Saki vart breitta ut i det lange og det breide av gjenta, og dei hine våga ikkje å avvisa hennar versjon, jamvel um dei var visse på at Tazaki ikkje var typen til å gjera noko slikt. Mennene kann derimot ikkje

fortelja korleis saki elles kunde ha vore i alle einskildhøve. Lykjelen let til å vera hjå veninda i Finland. Ho heiter Eri.

Tazaki kjem seg til Finland og finn henne på ei hytta. Her vert mange av løyndomane avslørde, men det let seg ikkje gjera å finna ut kven som kann ha drepe veninda deira. Ein del ting lyt ein liva med i uvissa. Boki syner tydelegt korleis eit traume kann skada eit menneskesinn. Jamvel um Tazaki hev ein god jobb og eit trygt og stabilt liv i Tokyo, vert det uråd for honom å koma inn i ein ny og varande relasjon til eit menneske utan å få rudd opp i desse gamle motsetnadene. Det gjer han godt å møta dei gamle venene sine og å få oppklåra kvifor han vart utfrosen, og når han fær vita årsaki, gjer det òg godt å få vita at dei aldri eigenlegt trudde at Tazaki var ein valdtektsmann.

Boki endar med ein open slutt. Forfattaren set tilhøvet til reiseleidardama si på prøva. Han ser henne saman med ein annan mann, og krev å få ei avklåring. Er det dei tvo eller er det heile slutt. Svaret fær me ikkje. Det må me tenkja oss til sjølve eller me kann lata det stå uppe for oss sjølve.

Tazaki er eit døme på ein vellukka son utan dei store hugmåli. Faren er eigedomsmeklar og hev tent godt med pengar. Tazaki kann sitja med eit nedbetalt husvære i Tokyo alt i studietidi. Han studerar togstasjonar, eit fagfelt som er rimelegt trøngrømt, men han fær ein greid jobb som han trivst med. Han trenar jamvel med symjing og let til å ha godt med fritid. Ein stabil og lugn person som gjentone lett kann falla for, um det ikkje var for den myrke parten av personlegdomen hans.

Personskildingane av venene til Tazaki er nokso forskjellige. Dei tvo mannlege venene vert skildra nokso yverflatleg. Den eine er ein vellukka bilseljar. Han hin driv med personlegdomsutvikling av næringslivsleidarar. Eri derimot er keramikar og Yuzu var muskar. Dei kvinnelege personane vert skildra med meir djupn og spaning. Dei er kunstnartypar, medan gutane let til å halda seg til meir praktiske yrke.

Murakimi hev det med å draga inn merkelege, surrealistiske, sume vil segja paranormale, hendingar i bøkene sine. Kor som er, i denne boki er det meir ei forteljing som minnar um ein slags legende eller ei mytisk forteljing. Faren til ein ven av honom i Tokyo, var ein umreisande, ein slags hippie på slutten av 1960-talet. Då arbeidde han ei tid på eit avsidesliggjande hotell. Der møtte han ein muskar som tiltrudde honom at han var åt å døy og at han hadde stutt tid att å leva. Dette sjukdomstilstandet skulde visstnok kunna

yverførast på eit anna menneske um dette andre mennesket ynskte det. Musikaren berre kvarv burt att. Kva forfattaren vil segja oss med denne forteljingi er eg ikkje heilt viss på, men eg hev gjort meg mine tankar, for når Murakimi dreg inn sovorne forteljingar so er det ofte noko som kann vera sakssvarande for djupare ovringar i bøkene hans. Draumane til Tazaki hev òg interessante innslag av samlægjor med den eine gjenta i venindegjenen, jamvel um slikt aldri var på tale medan dei fem heldt saman.

Eit anna innslag i boki er knytt til Listzts "Années de pèlerinage" (Pilegrimsåri). Den døde veninda Yuzu pla spela eit stykkje som heitte «Le mal du pays». Då Tazaki høyrer ei innspeling med Alfred Brendel saman med Eri, veninna i Finland, vert han sterkt hugteken av det. Han tenkjer at det er ikkje berre harmoni som bind menneskesjeler saman, det er snarare sår som bitt oss saman. Det er smerta som fører folk saman. Han segjer for seg sjølv:

"Det finns ingen tystnad som inte innehåller ett sorgset klagoskrik. Det finns ingen tillåtelse utan blodspillan. Det finns ingen förlust man kan genomleva och acceptera utan smärta. Det är grunden för harmonin, dess sanna väsen."

Forfattaren tenkjer vel her i paradoks. Det same gjer han lenger framme når han let Tazaki segja:

"Jag är kanske en tom människa utan innehåll, tänkte Tsukuru. Men just därför fanns det människor som, även om det så bara var för ett tag, ville vistas nära mig. Ungefär som när en ensam nattfågel på dagen söker en säker fristad att vila i under taket på ett sjabbigt ödehus. Men fågeln tycker kanske om detta tomma, skumma utrymme där det var tyst som i graven. Kanske borde Tsukuru egentligen vara glad över att han var tom."

På den eine sida er Tazaki glad for at han er tom, for tomleiken gjer at han kann møta andre menneske som set pris på denne tomleiken. På den andre sida endrar han seg etter at han fær tenkt seg um, og når han møter Eri i Finland verkar det som at han hev kome fram til at harmonien ikkje er noko ein kann få gjennom å vera tom, men at det er sår og smerte som bind folk saman. Ein må tola smerte og innsjå det smertesame ein hev vore gjennom. Ein løyser ikkje dei kvalone ein kjem upp med berre med å fortregja deim og tvinga seg til å trengja dei undan, slik som Tazaki hev trutt fram til han møter Eri.

Møtet med Eri vert på mange måtar både eit høgdepunkt og eit vendepunkt. Her kjem kannhenda forteljingi um den døyande mannen innatt. Mannen som ikkje kunde døyva si

eigi smerta når han skulde døy, so sant han ikkje kunde yverføra det døyeelege til ein annan. Men å yverføra smerte og død til andre og so sleppa undan sjølv, det verkar ikkje som nokor god løysing, då vert ein heilt tom sjølv. Soleis vert forteljingi berre ståande att som noko tomt i teksten, men med desse lykjelsitati frå forfattaren gjev forteljingi meining likevel.

Det er mange motiv og mykje ein kann lesa ut av ulike tema i boki, men det er vel ikkje urimeleg å tenkja seg at boki handlar um oppvekst og mogning, livskrisor, sjølvrealisering og liknande. Medan ei djupare tolking snart nærmar seg spursmål som gjeld heile tilværet som til dømes einsemd og å finna meiningi i livet. Murakimi let also til å meina at skal ein binda seg til andre menneske, so er det smertone som bind folk saman. Dama til Tazaki let ikkje til å vera like open med honom som det han er med henne. Slik sett verkar det som at dama til Tazaki ikkje ser ut til å kunna ha so mykje å stella upp med so langt, so ein kann sjå fyre seg at ho anten må visa til egne smertor eller gjera det slutt med Tazaki. Um ikkje so må vel Tazaki gå inn i eit tilhøve til ei dama som ikkje er likeverdige med honom sjølv. Det er iallfall slik eg ser løysingi på den opne slutten.

I Japan er Murakimi visstnok både godt lika og umstridd. Millom dei konservative japanarane fell det neppe i god jord at han millom anna kjem med opne seksuelle framstillingar. Dessutan er det nok òg sume som tykkjer lite um den vestlege stilen som sermerkjer forfattarskapen. Han syner mykje til vestleg litteratur, ny musikk og andre tankesviv som høyrer vesten til. Sjølve språkbriken hans er visst òg med på å skilja honom frå sume japanske lesarar. Like fullt er han umtykt i Japan. Det er nok derimot i Europa at han hev slege best igjennom.

1Q84

Dersom me held fram å studera forfattarskapen til Murakimi, kjem me vanskeleggt utanum trilogien 1Q84. Det er eit massivt verk på mest 1200 sidor. Her kjem Murakimi til sin rett, og dette er nok hovuverket i forfattarlivet hans. Boki er full av surrealistiske ovringar. Den eine hovudpersonen er Aomame. Ho finn ut at ho og hin hovudpersonen Tengo endar upp i ei parallellverd til 1984. Denne verdi heiter 1Q84, her er det andre reglar enn i den vanlege verdi, jamvel um det meste verkar normalt.

Framfor alt er det som skil den alternative verdi frå den vanlege at det er tvo månår i 1Q84. Me fær òg fyre oss at det er andre ovringar som ikkje stemmer. Den litterære

verdi i ei bok som heiter Luftpuppe og trui til sekti Sakigawe smeltar saman med verdi utanfor boki. Me veit ikkje for visst um hendingar som skjer i 1Q84 berre er syner eller vardøger eller um dei er døme på at Luftpuppe og Sakigawe tek styring med folk utanfor si eigi fantasiverd. Ein ting er iallfall visst: Når Aomame vert med barn, so er det utan å ha havt eit vanlege samlægje med ein mann.

Aomame kjem til slutt fram til at ho kjem inn i 1Q84 ein dag då ho gjeng ut or ein drosja midt på ein motorveg. Ho må ut or ein drosjekø for å nå ein avtale, og då kjem ho seg ned ei tryggingstrapp for motorhavarete bilar. Etter dette endrar verdi seg for henne, utan at ho merkar at denne trappeturen er avgjerande. Det kjem ho fyrst fram til langt ute i bokverket.

I boki so sviv det seg i stor mun um Tengo og Aomame. Tvo ungdomar med ein vandsleg oppvokster. Faren til Tengo er lisensinnkrevjar for NHK, eit slags motstykke til vårt NRK. Han gjeng frå dør til dør og krev inn lisens, og lydar- og sjåaravgifti skal krevjast inn på månadsbasis, so han hev nok å gjera med å ganga ikring i sitt eige distrikt. På sundagane tek han med seg Tengo. Tengo meiner at faren ser seg tent med å ha med sonen sin når han skal ha pengar frå folk som ikkje hev lyst til å svara lisens. Folk vil ha vandslegare for å neitta når dei ser at sonen er med.

På same tidi som Tengo tråvar ikring med faren, gjeng Aomame ikring med mor si som etlar ut bladet til vitnefolket, namnet er ei umskrivning av Jehovas vitne. Det hender at dei ser kvarandre på desse turane, men Tengo og Aomame kjenner einannan best av di dei gjeng i klasse saman i tvo år. Aomame er eit utskot i klassen. Bakgrunnen hennar gjer at ho ikkje kjem i lag med dei hine. Ho vert millom anna tvinga til høgt og tydeleg å segja fram ei bøn fyre ho et, og slike skilnader millom henne og dei hine gjer at ho er lite umtykt millom dei andre borni. Alle veit at ho er med i vitnefolket, og ingen vil ha noko med deim å gjera. Og då vil dei heller ikkje ha med henne å gjera.

Medan Aomame er eit utskot i klassen, er Tengo ein sterk elev. Han fær toppkarakterar og er flink både i sport og i musikk og lukkast med det meste han tek seg i ferde med. Aomame tek ei oppgjerd med foreldri sine og flytjer til nokre skyldfolk. Då Aomame skal slutta i klassen til Tengo, tek dei kvarandre i handi. Denne handtrykksscena er ei sentral scene i heile boki, og me merkar at ho hev ein slags magisk innverknad på både Tengo og Aomame.

Andre sentrale figurar i boki er Komatsu, Fukaeri og professor Ebisuno. Tengo er puggeskulelærer på ein skule i Tokyo, der

lærer han burt tri gonger i veka, men resten av tidi brukar han på å prøva å slå igjennom som forfattar. Forleggjaren hans er Komatsu. Komatsu fær inn eit svært spanande manus frå ei ung gjenta som heiter Fukaeri. Fukaeri hev vore med i den mystiske sekti som heiter Sakigawe. Sakigawe-sekti hev utspring i ei maoistisk rørsle som kjøpte seg ei bondebygd. Med kvart vert faren til Fukaeri som er leidar for sekti, ein leidar for ei ny mystisk sekt, og ikkje den gamle maoistiske sekti. Fukaeri rymmer frå sekti. Men um Fukaeri er den røynelege Fukaeri eller berre ei luftpuppe, ei kunstig skapt utgåva av Fukaeri, det vert ikkje heilt klårt for oss.

Kor som er, Fukaeri hev skrive eit manus som er sendt inn til Komatsu. Komatsu meiner at manuset er for låkt til at det kann gjevast ut, men at forteljningi i manuset kjem til å gjera boki til ein bomviss bestseljar. Han set Tengo til å skriva um manuset og betra det både språkleg og tekstleg. Tengo fær denne jobben gjord på rekortid, og boki vert gjevi ut. Fukaeri vinn den litterære prisen som Komatsu hev lagt upp til at ho skal vinna og vert ein slags kjendis, jamvel um ho ikkje er serleg verbal eller viser seg å vera heilt velartikulert. Ho kjem seg igjennom ein pressekonferanse, og boki vert ein braksuksess.

Aomame på sin kant er ein treningsinstruktør. Ho hev spesialisert seg på å trenar kvinner. Ei av damone ho trenar, trenar ho privat i hennar eigen bustad. Ho er umtalt som Madam og er ein svært velstående person. Ho hev mist dotter si av di dotteri hadde ein valdeleg ekte-mann, og no ynskjer ho å hemna seg på valdelege menn. Ho leiger inn Aomame, ikkje berre til treningsoppdrag, men til mordoppdrag med. Aomame hev ein spesial-laga issyl som ho kann drepa folk med. Denne issylen brukar ho å stikka i ein nakkemuskel som skal drepa folk momentant, utan det etterlet seg spor.

Ei av dei andre gjentone frå Sakigawe rømer og Madam vert kjend med at leidaren for Sakigawe misbrukar gjentor. Han hev rituelle samlægior med gjentor som ikkje er kjønnsmogne og gjennom samlægjone mister dei forplantningsevna/økslingsevna. Madam kjem til at leidaren for Sakigawe må takast av dage, og ho leiger inn Aomame til oppdraget. Dette oppdraget er so servore at Aomame må taka tilflukt i eit dekkhusvære, og Madame vil ha henne lengst mogleg burt frå Tokyo og gjeva henne ein ny identitet.

Tengo spelar ei langt mindre dramatisk rolla etter at han hev skrive um manuset til boki som heiter Luftpuppe. Men det er tydeleg at boki ikkje fell i god jord hjå Sakigawe, og ein målsmann for sekti freistar å kjøpa honom med stipend. Det avviser Tengo. Komatsu vert

til slutt kidnappa og pressa til å stogga nye utgjevingar av Luftpuppe.

Fukaeri kjem ein bolk til Tengo og vert buande. På same tid er faren til Tengo døydde. Fukaeri og faren spelar ei mystisk rolla i høve til å knyta honom saman med Aomame. Fukaeri held honom lama i ei samlægjescene som seinare skal ha gjort Aomame med barn gjennom ei slags telepatisk sædyverføring. Faren gjeng att som ein slags mystisk lisenspengeinnkrevjar, og han skapar ein slags kontakt millom Tengo og Aomame, gjennom syner som Tengo fær når han er på sjukeheimen hjå faren.

Denne telepatiske samlægjescena ber til samstundes med at Aomame drep leidaren for Sakigawe. Det verkar som at Tengo og Aomame nær sagt vert knytte inn som nye leiderskapnader i Sakigawe, men slik gjeng det ikkje. Dei finn saman i 1Q84 og kjem seg attende frå 1Q84 til 1984, iallfall trur me det. Personskildringi gjeng fyre seg yver mange sidor. Jamvel um ein av meldarane av boki meiner at handlingi er stillestående, so er det ei tilstemna i heile forteljningi. For kva er det eigenlegt som skal henda når Sakigawe finn Aomame i dekkhusværet? Og er Tengo eigenlegt trygg i sitt husvære og med det vanlege livet han fører? Skal Aomame og Tengo verta ein part av sektlivet i Sakigawe? Skal dei føra sekti vidare? Til sjuande og sist spelar ikkje dette nokor rolla, etter di at det viser seg at Tengo og Aomame flytjer saman i 1984, for då er Sakigawe sett ut av kraft, og dei kann leva livet sitt, slik som dei vil. Boki byggjer upp under ei slik oppfatning når ein kjem til sluttbolken.

Aomame verkar som ein handlekraftig, men statisk person. Ho lengtar nok etter Tengo, men det er fyrst når ho uforvarande vert gravid etter at ho drap leidaren for Sakigawe at ho eventuelt endrar seg noko. Tidi då ho kunde leva eit laussleppt liv var iallfall forbi når ho måtte gå yver til å leva i dekning, men fyre ho gjekk i dekning hadde ho sine byturar. Dekkhusværet og graviditeten fører henne yver i eit nytt tilvære, utan at ho sjølv eigenlegt gjer so mykje for det. Ho vil ikkje fylgja Madams råd um å reisa burt, og det er endå eit dynamisk element i personskildringi. Fram til drapet på sakigawe-leidaren hev ho vore trugen mot Madam, etterpå neittar ho å fylgja tilrådingi til Madame, for ho ventar på å få møta Tengo.

Tengo på si sida gjeng igjennom mykje og vert merkt av det, utan at han let til å gjera so mykje um på rutinane sine med undervisning i matte og arbeidet med å skriva på ein roman på fritidi. Han må bryta upp dagleglivet med å sitja ved dødssengi til faren, men jamvel det verkar som ein del av ein rutine for honom. På

den andre sida er det nok av merkelege menneske rundt han. Komatsu som styrer med skrivearbeidet og utgjevingi av Luftpuppe, er ein viktug person for Tengo. Han og Tengo talar saman i trumål. Professor Ebisuno og Fukaeri er personar som Tengo møter og som fortel honom um viktige sidor ved forteljingi. Alle personane rundt Tengo let til å vera sterkt prega av Sakigawe. Ebisuno er onkel til Fukaeri, og Fukaeri hev levtt innanfor murane i Sakigawe. Komatsu vert teken til fange av Sakigawe. Det merkelege er at Tengo let til å halda fram med sitt og finna naturlege svar og løysingar på ting eller greider å leva med logiske brestar. Han verkar som ein dynamisk person på den måten at han måtar seg etter umgjevnadene.

Aomame hev lært seg til å vera sterk gjenom livet hjå vitnefolket, og ho verkar som ein person som toler det meste og stend på sitt, same kva som hender. Ho måtar seg etter andre, men ho verkar som den styrande, den som veit kva som kann skje og vågar å taka utbydingane. Ho er ein leidartype, og ein type som kann styra livet sitt i sterkare mun enn Tengo. Det er ho som fær dei ut or IQ84, og ho evar seg ikkje for å gjera det som skal til anten det er drepa folk eller å finna vegen vidare i livet.

Dei som berre ser titelen, kjem straks til å

tenkja seg at motivet i boki er knytt til George Orwells 1984, men boki hev vel i røyndi lite med denne boki å gjera. Ho kann lesast heilt sjølvstendig. På den andre sida, dersom ein ser stort på saki, so kann ein vel segja at der George Orwell tenkte seg eit skræmelegt framtidssamfund so ser Murukami fyre seg ei parallellverd som ein kann vinna yver. Ein kann koma seg trygt yver til 1984. Mange kann vel tenkja seg til dramatiske åføre der ein gjerne skulde ha sett fyre seg at ein kunde koma seg yver i eit parallelt univers, men det tek 1200 sidor å koma seg frå eitt univers til eit anna univers, so Murukami vel ikkje nokon lett veg yver i parallelluniverset, men han ser ein veg vidare, i motsetnad til Orwell.

Murakimi vil vel kannhenda visa oss at menneske kann finna saman på dei merkelegaste måtar og at me kann skapa vår eigi framtid. Aomame er ein mystisk og statisk person som det er vandt å koma inn på. Plik-tuppfyllande, men fjerr. Tengo er ein tillitsskapande og dugande mattelærer som det er lett å lika, men utan dei store leidarevnone, iallfall i privatlivet. Det er lett å sjå likskapane millom Tengo og Aomame. Det som samlar dei kann til dømes vera at dei bære er upptekne av fakta og fridom. Aomame hev ans for anatomi og Tengo for meiningi attum matematikk og litteratur. Både Tengo og Aomame hev eit vand-

slegt tilhøve til foreldri sine. Aomame må bryta med sine foreldri. Tengo veit ikkje kven som er mori, og han hev havt lite samband med faren. Dei ynskjer bære å utvikla skaparkrafti i seg sjølve og vera frie frå autoritære band til huslydane sine.

Både på eit djupare og på eit handfast nivå stend Sakigawe for ufridom. Sekti er utan tvil eit symbol for dei myrke kraftene i boki. Kor langt sekti vil gå, og korleis sekti skal utvida verksemdsi er ikkje godt å segja, men Sakigawe vert iallfall nedkjempa. Og fridomen til å starta eit nytt og sjølvstendig huslydsliv er vel det som stend att som slutten på boki. Det postmoderne kjem vel tydeleg fram i boki. Med di både Tengo og Aomame veit dei må gjera sine egne val, heilt utan umsyn til kva dei hine personane kring dei måtte meina og arbeida for. Slik sett vert boki nær sagt minimalistisk orientert kring Tengo, Aomame og det barnet dei skal ha saman. Fridomen til å finna sitt eige liv ser ut til å vera det næraste eg kjem eit tema i denne boki.

Murakimi hev skrivt ei rad bøker, og me hev berre vore innum nokre fæe. Alle bøkene let til å finnast på engelsk. Dei fleste finst vel på anten svensk eller norsk. Dei kann tilrådest for dei som likar postmoderne litteratur med innslag av surrealisme.

Michel Houellebecq

Av Christian Veland

Den franske forfattaren Michel Houellebecq, fødd i 1956, er ein umtykt forfattar - um enn ikkje so reint lite umstridd. Den seinaste romanen hans, "Kartet og lendet", vann den prestisjetunge Goncourt-litteraturprisen i Frankrike.

Eit av hovudemni som Houellebecq tek fyre seg i bøkene sine er korleides marknadslogikken breider seg ut på dei fleste umkvervi i livet, til dømes når det kjem til seksuelle relasjonar. Houellebecq skildrar ei rad ulike tema i bøkene sine, alt frå marknadsføring, kunstsoaga, film, litteratur og ikkje minst ymse slags tekniske emne. Detaljrikdomen i måten han skildrar ulike slags fotoapparat i "Kartet og lendet" leier tankane mot Bret Easton Ellis sin dystopsike klassikar "American Psycho" frå 1991. Dei tvo forfattane tek fyre seg mange av dei same emni. Det sviv seg um samfund i fritt fall, skildra på ein myrk og sumtid humoristisk måte. Houellebecq sine mannlege hovudkaraktarar hev sterkt nihilistiske drag, dei merkjer seg ut med ein veremåte og ei tilnærming til kvardagen som ein

gjern kan kalla for ironisk distansert.

Mykje av dette skriv seg nok frå forfattaren sin eigen bakgrunn. Houellebecq vart fødd hippieforeldre på den franske øyi Reunion i det indiske havet. Etter å ha tilbringa nokre år som barn i det som den gongen var den franske kolonien Algeri, so vart Houellebecq i ein alder av seks år sendt til den stalinistiske bestor si i Frankrike. Der voks han upp medan mor hans reiste til Brasil med den nye kjæresten sin. Ho hadde sidan berre sporadisk kontakt med sonen sin.

Det er serskilt i "Dei grunnleggjande byggjesteinane", den kanskje best kjende boki hans, at Houellebecq raljerar med 1968-ættleden. For desse vart det å liva ut sine egne draumar viktugare enn å vera til stades i livet til egne born og syta for at desse fekk ei skikkeleg uppseding. Dei vilde ha sjølvrealisering for kvar ein pris, men kostnaden kunde verta større enn dei hadde lyst til å tenkja på.

I denne romanen tek han fyre seg tvo halvbrørne med same mor - og då nett av det vinstreradikale 68-slaget. Den eine av

dei tvo, Bruno, er på vedvarande jakt etter godtaking frå det motsette kynet. Dette fører honom ut på ein myrk odysse gjennom ulike nudistlæger og lugubre sexklubbar som på den jamne vert gjesta av 68-arar på veg mot undergangen, både moralsk og kroppsleg.

Ein kann i god freudiansk ånd slå fast at Bruno lider av eit djupt sagn etter ein morsfigur i livet sitt. Han kann aldri slå seg til ro, men kjenner på ein sterk trong som heile tidi lyt stettast. Soleides frårsar han stødt i veg, både av kvinnor, mat og alkohol. Det finst lite eller ingen moral-filosofi hjå Bruno, han kauper gjerne seksuelt samkvem hjåprostituerte um det er det som lyt til.

Dei mest totale fråværet av ekte romantikk og gledja er eit av dei gjennomgangande emni i bøkene til Houellebecq. Verdi er hard og kald, menneski stend fram som meir eller mindre viljelause aktørar i eit postmoderne, marknadsliberal samfund der materiell kapital er det einaste målet på um ein hev lukkast i livet

Til neste sida...

**Retur til:
Målmannen,
Postboks 599 Sentrum,
5806 Bergen**

B



ISSN-1503-2469

Frå fyrre sida...

eller ikkje.

Den andre av halvbrørne, Michel, stend som motstykkjet til Bruno. Han er ein vellukka biolog som arbeider med kloning. Michel stend fram som ein meir rasjonell aktør enn broren, han hev valt ei teknisk-vitskapleg utdanning og tuftar som regel avgjerdene sine på logiske tankerekkjor. Kor som er, han tek til å draga seg meir og meir burt frå samfundet og dreg seg inn i litteraturverdi. Han gjeng inn i ei fantasiverd og stend meir og meir fram som ein eremitt. Denne karakteren kann tolkast som eit symbol på Vestens undergang. Han hev pengar og ein lysande yrkesveg, men so godt som ingen utsikter til å få noko avkom. Og verst av alt, det ser ikkje ut til å bry honom det minste helder.

Houellebecq kjem her inn på emne som feminisme og kvinnone sitt inntog i yrkeslivet og dei fylgjone dette hev fenge for familiestrukturen i Vest-Europa etter andre heimskrigen. Houellebecq koplar her inn ei onnor ovring, og det er sekulariseringi av samfundet og fylgjone dette hev reint biologisk. Hjø Houellebecq er Vesten døyande, det er eit samfund som syng på siste verset. Her kann ein berre spekulera i um forfattere hev lese Oswald Spengler og kjenner til det sykliske synet hans på verdssoga. Bakteppet for Houellebecq sin forfattarskap er kor som er eit vestlegt samfund som er kopla til ein metaforisk respirator. Pasienten er døyande, og same korleis karakterane vel å stella seg til dette, so slepp ingen av dei undan. Soga hentar dei alle inn att.

I romanen "Plattform" frå 2001 fører Houellebecq vidare kritikken sin av den globale kapitalismen. Dei marknadssøkonomiske lovene dominerar Vesten fullt og heilt, og hovudkarakteren gjer ikkje noko anna enn å taka den ytste kon-

sekvensen av dette: Han slær seg stort opp på å skipa til sex-reisor til Thailand for europeiske menn. Hovudkarakteren sjølv, ein rimelegt myrk mann med skipla psyke og eit tollegt avstumpa kjensleliv, finn utrulegt nok kjærleiken med ei kvinna som arbeider for ein av dei franske turoperatorane. Utan å nækja for mykje av handlingi, so varar ikkje lukka i lengdi, måvita. Muslimske fundamentalistar stikk kjeppar i hjuli med ei terrorhandling som hev katastrofale fylgjor for hovudkarakteren.

I samband med at boki vart gjord kjend, fekk Houellebecq seg til å segja at islam var "den dummaste av religionane". Denne utsegnen førde til at han vart saksøkt av ymse muslimske organisasjonar i Frankrike. Houellebecq valde då å flytja til Irland, og i 2005 gav han ut "Framveggar for ei øy". Denne boki tek fyre seg menneskekloning, sett opp mot kulissane av eit framtidig, postapokalyptisk Europa. Hovudkarakteren, ein vellukka komikar, vert i boki med i ei sekt som hev mykje likt med scientologikyrkja. Forfattere styrer helder ikkje her undan umstridde emne. Eit døme på Houellebecq si evna til å raljera kann vera at hovudkarakteren sin største suksess er ei uppstodeframsyning ("standup-show") med det svingande namnet "Slik med i Gazastripa". Brent barn skyr ikkje alltid elden.

Enn so lenge er Houellebecq si siste utgjeving frå 2010. "Kartet og lendet" er ein roman som tek fyre seg moderne kunst og korleides marknadskreftene råder grunnen, jamvel på dette umkvervet. Hovudpersonen, Jed Martin, hev ei dynamisk utvikling frå fotograf til postmoderne målar. Uppgåva hans vert med kvart å katalogisera verdi. Han slær seg stort opp på å måla kjendisar som Bono og Bill Gates når dei er i det daglegdagse kringværet sitt. På denne



Michel Houellebecq hev skrive bøker som kann skapa bylgjor.

måten vert kunstaren part av ein subkultur, den internasjonale kunsteliten, med tette band både til finansverdi og medieeliten. Det er mykje god raljering frå forfattere i skildringi av eit rimelegt falsk kringvære der estetikk tel meir enn innhald. Det er eit underlegt drag med denne romanen at Houellebecq hev skrive seg sjølv inn som ein av dei sentrale karakterane. Ein rimelegt alkoholisert og livstrøyt Houellebecq hev slege seg ned i Irland. Kor røyndomsnær denne skildringi skulde vera, det kann ein berre spekulera i.

Sistpå vil eg slå fast at Houellebecq er ein av dei mest spanande og ikkje minst frittalande europeiske samtidsforfattere. Han kjem med uredde analysar hans av brennheite tema som innvandring, islam, kvinnefrigjering og fylgjone som sekulariseringi hev havt for familiestrukturen. Det skulde gjera det trøysamt nok for nokon kvar å verta betre kjend med bøkene hans.

Målmannen ynskjer dei nye skribentane velkomne.

Kom gjerne med innlegg og stykkje, du med!

Sluttordet:

Jamvel frå steinane som stengjer vegen kann det verta bygt noko vent.

Johann Wolfgang von Goethe